

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Digitalt
<b>Dato:</b>	24.08.2021
<b>Tid:</b>	09:00

### Program

09:00- Møtestart  
Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Fylkesvalstyret tek til rett etter avslutning av møte i fylkesutvalet, ca kl 11.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland  
fylkesordførar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off (lukket)
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 25/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 26/21	Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i fylkesutvalet 15.06.2021	2021/646	
GK 27/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 22.06.2021	2021/646	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 70/21	Sarsia Development AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021	2020/41735	X
RS 71/21	Fjord Invest Såkorn AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021	2020/35102	
RS 72/21	Aksjonærinformasjon - Gjensidige Forsikring ASA kjøper utferdarselskapet Flyt AS frå Ferde AS	2020/35317	
RS 73/21	Brev til fylkesordførar om kraftsituasjon i Nordhordland og Vestland frå Regionrådet Nordhordland	2021/6002	
RS 74/21	Resultat frå utlysing av BIO-midlar	2021/7120	
RS 75/21	Brev til kommunal- og moderniseringsdepartementet: Eit samstemt Storting signalisert 15. juni at dei ynskjer rask oppstart av ny veg og bane mellom Bergen og Voss	2021/6002	
	<b>Skriftlige spørsmål</b>		
SI 18/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - Trolleybussen Laksevåg	2020/36319	
SI 19/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - kven avgjer om ein kjem inn under ordninga TOO tannhelse	2020/36319	
SI 20/21	Spørsmål frå Brosvik, KrF - Landslina for tunge køyretøy	2020/36319	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 164/21	Vedtak planprogram - Regional plan for klima	2021/2254	
PS 165/21	Tilskot til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen	2021/39151	
PS 166/21	Fråsegn til program for konsekvensutgreiing av Dugongfunnet	2021/22543	

**Godkjenningssaker**  
**GK 25/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Saksnr: 2021/646-13  
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	26/21	24.08.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i fylkesutvalet 15.06.2021

Møteprotokoll frå ekstramøte i fylkesutvalet 15. juni 2021 er lagt ved saka. Møteprotokollen er unntatt offentlegheit.

---

Saksnr: 2021/646-14  
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	27/21	24.08.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 22.06.2021

Møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 22. juni 2021 er lagt ved saka. Møteprotokollen er unntatt offentlegheit.

**Referatsaker**  
**RS 70/21 Sarsia Development AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021**

## AKSJONÆRINFORMASJON Fjord Invest Såkorn AS

- **Ordinær generalforsamling 24 juni 2021**
- **Oppfølgingsinvesteringar**
- **Etablering av Peak Venture I AS**
- **Endring frekvens Aksjonærinformasjon**

Den ordinære generalforsamlinga er torsdag 24 juni 2021. Innkalling til generalforsamling vert sendt ut i veke 24.

Fjord Invest Såkorn har gjort vedtak om investering i to av porteføljeselskapa i 1 kvartal, Eduplaytion AS og Evoy AS. I tillegg har Styret vedteke å investere i Peak Venture I AS. Investeringa er gjennomført og omfattar både kontantinnskot og tingsinnskot. Kontantinnskotet er på MNOK 1,3 og tingsinnskotet er på MNOK 4,070. Tingsinnskotet gjelder selskapa Eduplaytion AS, MHI/Norse Feedback AS og Moovin AS.

04 mars 2021 var startdatoen for Peak Venture I AS. Fleire enn 20 investorar, gründarar og Fjord Invest Såkorn etablerte Peak Venture for investeringar i lokale vekstselskap. Målet med satsinga er å jobbe tettare og smartare i lag for å skape arbeidsplassar i regionen.

Etter investeringa i Peak Venture I AS har Fjord Invest Såkorn pt ei portefølja på 6 selskap. Styret vil framover utarbeide Aksjonærinformasjon pr halvår.

### Portefølja

#### Beat Technology AS

- Beat Technology leverer ein teknologiplattform for strømming av lydbøker. Selskapet leverer lydboktjenester til norske-og europeiske forlag. Selskapet har ein internasjonal vekststrategi.
- Selskapet har kontoradresse Mjømna i Gulen.
- Sjå [www.beat.no](http://www.beat.no)

#### Evoy AS

- Evoy leverer elektriske motorsystem til båtar, med mål om å eliminere marine utslipp. Selskapet har ein internasjonal vekststrategi.
- Selskapet er lokalisert i Florø.
- Sjå [www.evoy.no](http://www.evoy.no)

### Havkraft AS

- Havkraft utviklar bølgekraftteknologi.
- Selskapet er lokalisert i Måløy.
- Sjå [www.havkraft.no](http://www.havkraft.no)

### Kunnskapsparcken Vestland

- Kunnskapsparcken si hovudmålsetjing er å bygge sterke innovasjonsnettverk. Kunnskapsparcken har i over 15 år vore sentral i SIVA sitt innovasjonsnettverk og inkubatorsatsing i Sogn og Fjordane. Kunnskapsparcken inkubator er eit verktøy for nyskaping og vekst, og er over heile Sogn og Fjordane, m.a. gjennom ein distribuert modell
- Selskapet har kontor i Sogndal og Førde.
- Sjå [www.kpvest.no](http://www.kpvest.no)

### Rocketfarm AS

- Rocketfarm utviklar software til styring av roboter.
- Selskapet er lokalisert i Sogndal.
- Sjå [www.rocketfarm.no](http://www.rocketfarm.no)

### Østerbø Gruppa AS

- Østerbø Gruppa leverer strømaggregat, elektromekaniske produkt og elektro tjenester. Marknaden er kundar innan industri, havbruk og offentleg.
- Selskapet er lokalisert i Bjordal, Sløvåg og Meland.
- Sjå [www.osterbo.no](http://www.osterbo.no)

### Oppsummert: nøkkeltal porteføljeselskap 2020

(tall i parantes 2019)

Omsetning	Verdiskaping <sup>1)</sup>	Tilsette
MNOK 146 (129)	MNOK 53 (58)	125 (111)

1) Verdiskaping = ebitda + lønskostnad



## Prospektilfangst

Forvaltar har fleire prospekt som kan vere aktuelle investeringskandidatar for Fjord Invest SÅkorn.

So langt i 2021 er det registrert 21 nye prosjekt. Ved utgangen av 2020 har Fjord Invest SÅkorn registrert ein prospektilfangst på totalt 458.

## Rekneskapsrapportering

RESULTAT	2020	2019
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Driftskostnader:		
Lønskostnad	96	170
Forvaltningshonorar	1 490	1 248
Andre driftskostnader	154	139
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 740</b>	<b>1 557</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-1 740</b>	<b>-1 557</b>
Finansposter	90	152
Endr fin omløpsmiddel	609	10 132
<b>RESULTAT</b>	<b>-1 041</b>	<b>8 726</b>

EIGEDELAR	2020	2019
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Aksjar 1)	23 110	22 059
Andre korts fordringar	1 809	1 200
Betalingsmidlar	6 660	9 366
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>31 578</b>	<b>32 626</b>
<b>Sum eigedelar</b>	<b>31 578</b>	<b>32 626</b>

GJELD OG EK	2020	2019
Aksjekapital	34 000	34 000
Overkursfond	1 288	1 288
Udekka tap	-3 813	-2 773
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>31 475</b>	<b>32 516</b>
Leverandørgjeld	56	13
Anna kortsiktig gjeld	48	97
<b>Sum gjeld</b>	<b>103</b>	<b>110</b>
<b>Sum gjeld og eigenkap</b>	<b>31 578</b>	<b>32 626</b>

1) sjå oversikt portefølje

## Status portefølje pr mai-21

Selskapa Eduplaytion AS, MHI/Norse Feedback, Moovin er gjennomført som tingsinnskot i Peak Venture I AS i 2021.

Selskap	Eigardel	Kostpris
Beat Technology AS	14,6 %	5 062
Evoy AS	2,5 %	1 000
Havkraft AS	19,4 %	5 080
Kunnskapsparken Vestland	35,9 %	2 350
Rocketfarm AS	8,8 %	2 850
Østerbø Maskin AS	16,2 %	3 467
<b>Sum investeringar</b>		<b>19 809</b>
<b>Balanseverdi</b>		<b>19 809</b>

## Grunnlag for verdivurdering av porteføljeselskap:

Kvar investering er i rekneskapen verdsatt til den lågaste verdi av kostpris og marknadsverdi. Det føreligg ikkje identifiserbar marknadsverdi for unoterte aksjar, og ein brukar prinsipp etter IPEV. Hovudregelen for verdsetting av unoterte aksjar er at investeringa vert sett til kostpris, samt at vurderinga skal gjerast forsiktig og konsistent frå år til år.

Prinsippa som Fondet har nytta for verdsetting av porteføljeselskapa er;

- kostpris el siste emisjonskurs
- samt vurdering av subjektive forhold

Unntaket frå kostpris er m.a. om det har inntruffe ein betydeleg og vedvarande verdiforringelse under kostpris. I og med at det ikkje føreligg ein likvid marknad for unoterte aksjar, og marknadsverdien byggjer på subjektive forhold er det knytta stor usikkerhet til anslaget.


## Utsikter framover

Visjonen til Fjord Invest Såkorn er at fondet skal vere ei sentral drivkraft i utvikling av lønsame såkornbedrifter- og små og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Kapital er ein kritisk suksessfaktor for å nå visjonen, og Styret har over lengre tid hatt fokus på tilgang til kapital. Dette kan skje ved sal porteføljeselskap, emisjon i fondet eller oppkapitalisering av nye/andre instrument som kan vidareføre/løfte visjonen til Fjord Invest Såkorn.

Styret er tilfreds med at Peak Venture I AS er etablert, og meiner at Peak Venture ilag med investorgruppa som står bak selskapet er viktig for utvikling av næringslivet i vår region.

Sjølv om Styret sitt hovudfokus framover er på arbeidet med verdiutvikling av portefølja og realisering av denne dei komande åra, vil Styret og ha fokus på å bygge opp ein større kapitalbase i Fjord Invest Såkorn.

Førde, 31 mai 2021



Vidar Grønnevik  
Styreleiar

Eli-Grete Høyvik

Ingar Valvik

## Om Fjord Invest Såkorn AS:

<b>Fond:</b>	Fjord Invest Såkorn AS
<b>Kapital (NOK):</b>	60 millionar
<b>Investeringsstrategi:</b>	Investere i såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter
<b>Investeringsfase</b>	Frå såkorn til vekstselskap
<b>Bransjar</b>	Generalist
<b>Investeringsstørrelse</b>	NOK 1-5,5 mill pr selskap
<b>Diversifisering</b>	Inntil 10 % av fondet i enkeltsselskap
<b>Investeringsperiode:</b>	2004 ->
<b>Geografisk fokus:</b>	Sogn og Fjordane
<b>Forvaltar:</b>	Fjord Invest Management AS

### Styret Fjord Invest Såkorn AS

Vidar Grønnevik	styreleiar	Sjølvstendig næringsdrivande
Eli-Grete Høyvik	styremedlem	Dagleg leiar Interplan AS
Ingar Valvik	styremedlem	CFO Viking Aqva AS

Aksjonærliste Fjord Invest Såkorn AS,	Antal aksjar	Eigardel
Vestland fylkeskommune	19 000	55,88 %
Rekomp	10 000	29,41 %
Sparebanken Sogn og Fjordane	2 266	6,66 %
Sparebanken Vest	670	1,97 %
Gjensidige	669	1,97 %
Sogn Sparebank	478	1,41 %
Fjord1 AS	360	1,06 %
Sogn og Fjordane Energi AS	286	0,84 %
Luster Sparebank	91	0,27 %
Eika Gruppen AS	79	0,23 %
Åsen og Øvrelid AS	55	0,16 %
Fjordvekst AS	24	0,07 %
K-Senteret Supermarked	22	0,06 %
Sum aksjar	34 000	100 %

---

**Saksnr:** 2020/35317-30  
**Saksbehandlar** Signe Gudveig Rauboti  
**Dato:** 06.07.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren

---

### Aksjonærinformasjon - Gjensidige Forsikring ASA kjøper utferdarselskapet Flyt AS frå Ferde AS

Ferde AS kan informere om at Gjensidige Forsikring ASA kjøper utferdarselskapet Flyt AS, sjå vedlegg.

Salet har samanheng med at bompengeselskapa frå og med 31.12.21 ikkje lenger skal kunne ha dispensasjon for å drive utferdarverksemd (alle AutoPASS-avtalekundar med tilhøyrande kontantstraum).

#### Vedlegg

1 Vedlegg - informasjon frå Ferde 30.06.21

# Gjensidige kjøper Ferdes utstederselskap Flyt AS

30.06.2021

## Gjensidige kjøper utstedervirksomheten til bompengeselskapet Ferde AS og overtar dermed bompengeinnkrevingen for kundene med AutoPASS-avtale.

Ferde AS har gjennom datterselskapet Flyt AS i dag AutoPASS-avtale med omtrent 550.000 kunder, som vil komme i tillegg til de kundene Gjensidige tidligere har avtalt å overta fra Vegamot.

-Med denne avtalen vil vi etablere oss som en ledende aktør innen bompengeneinnkreving i Norge, og få en plattform for å levere denne tjenesten på en kundesvennlig og kostnadseffektiv måte, sier Helge Leiro Baastad, konsernsjef i Gjensidige Forsikring.

### I tråd med bompengereformen

Salget er i tråd med bompengereformen, der det er vedtatt at utstedervirksomheten skal skilles ut fra bompengeselskapene og håndteres av kommersielle aktører.

-Vi er trygge på at Gjensidige vil bli en god eier, som kan videreutvikle virksomheten til beste for kundene, samtidig som de ansatte ivaretas på en god måte, sier Trond Juvik, som er administrerende direktør i Ferde.

-Pengene fra salget av utstedervirksomheten går til nedbetaling av gjeld på bompengeprojektene i regionen og kommer således bilister i Vestland, Rogaland og Agder til gode, sier Trond Juvik.

Han understreker at kundene ikke vil merke noen umiddelbar forskjell når Flyt AS får ny eier, og at de ikke behøver å foreta seg noe som resultat av salget.

Ferde AS vil fortsette som et rent regionalt bompengeselskap uten egen utstedervirksomhet.

### Enklere for bileierne

Gjensidige krever fra før inn Trafikkforsikringsavgift på vegne av staten, og Baastad mener at innkreving av bompenger er en naturlig forlengelse av dette.

- Vi tror at bileierne ønsker et enklere bilhold, med flere tjenester samlet hos en leverandør.

For Gjensidige er det naturlig å ta en slik rolle, sier Baastad.

Han tror at kjøpet på sikt kan åpne flere muligheter for å gjøre hverdagen enklere for bileierne. Mulighetene inkluderer tjenester knyttet til kjøp og omregistrering av bil, og vei hjelp.

### Krever godkjenning

Statens vegvesen er godkjenningsmyndighet for kommersielle utstedere. Transaksjonen vil bli gjennomført når Flyt AS er godkjent som kommersiell utsteder. Partene har avtalt å ikke offentliggjøre kjøpesummen.

### Om Gjensidige Forsikring:

Gjensidige er et ledende nordisk skadeforsikringselskap notert på Oslo Børs. Vi har om lag 3 700 medarbeidere og tilbyr skadeforsikring i Norge, Danmark, Sverige og Baltikum. I Norge tilbyr vi også pensjon og sparing. Driftsinntektene var 28 milliarder kroner i 2020, mens forvaltningskapitalen utgjorde 118 milliarder kroner.

### Om Ferde AS:

Ferde AS er et regionalt bompengeselskap som med mandat fra staten finansierer bompengeprojekter og administrerer bompengeneinnkreving. Ferde AS er eid av de tre fylkeskommunene Vestland, Rogaland og Agder, og er ett av fem regionale bompengeselskaper i Norge. Selskapet har omlag 40 ansatte og er lokalisert i Bergen. Ferde krevde inn 3,4 milliarder kroner i bompenger i 2020. Datterselskapet Flyt AS, som Gjensidige overtar, ble etablert som egen utsteder da brikkeutstedervirksomheten i Ferde ble etablert som eget datterselskap 30.april 2021.

---

**Saknr:** 2021/6002-21  
**Saksbehandlar** Silje Balgaard Lyngstad  
**Dato:** 12.08.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesordførar

---

Brev til fylkesordførar om kraftsituasjon i Nordhordland og Vestland frå  
Regionrådet Nordhordland

Referatsaka «Brev til fylkesordførar om kraftsituasjon i Nordhordland og Vestland frå Regionrådet  
Nordhordland» er satt på sakskartet av fylkesordførar.

Saka er difor lagt fram utan saksutgreiing.

Vedlagt er brev til fylkesordførar frå Regionrådet Nordhordland.

Fylkesordfører Jon Askeland  
Vestland fylkeskommune

Knarvik, 2. juli 2021

### **Kraftsituasjonen i Nordhordland og Vestland har gått frå vondt til verre**

Regionrådet Nordhordland meiner at kraftsituasjonen i Nordhordland og Vestland har gått frå vondt til verre, me viser her til at Statnett har beslutta at ingen langs kysten vår får ein einaste MW før tidlegast i 2026. Statnett føreslå sågar at statlege midlar som skal stimulera til industrietablering skal prioriterast til område som minst har tilgang på 300MW. NVE følger opp dette med å varsle forlenging av konsesjonshandsamingar og skuldar på manglande kapasitet.

Dette betyr at det grønne skiftet i Vestland er utsett til slutten av 2030- talet - og det i den regionen som produserer mest kraft! Me antar at situasjonen også er lik i Rogaland. Regionrådet og næringslivet i regionen er sterkt bekymra for regionen sin moglegheit til å vera med det grønne skiftet grunna kraftsituasjonen i regionen på kort og lengre sikt.

Regionrådet viser til det tette og gode samarbeidet som har vore det siste året mellom Vestland fylke, Regionrådet og næringslivet i regionen vedr. kraftforsynings situasjonen i diverse høyringsuttalar og møte med Statnett, og andre sentrale styresmakter.

Regionrådet vil med bakgrunn i dette be om at fylkesordfører raskt tar initiativ til eit tverrpolitisk samarbeid, gjerne etter modell frå vårt nylege samarbeid om NTP, for å få nasjonale styresmakter til å rydda opp i det me meiner er urimeleg. Fylkesordfører må gjerne invitera Rogaland med i dette samarbeidet slik at Vestlandet står samla om det.

#### Argumenter:

- Konsesjonsbehandlingstider må ned
- Samfunnsøkonomiske vurderingar må leggast til grunn for tildeling av kraft og nettutbygging – verdiskaping må vera sentralt
- Store eksisterande industriområde / industriklynger med stor kompetanse og reelt behov for omstilling til det grønne skiftet må ikkje ofrast
- Statkraft og NVE må få reviderte intensiver som samstemmer med samfunnets behov
- Ein må unngå at statlege monopolistar i praksis styrer næringspolitikken og bestemmer kor ny industri skal etablerast – det er rimeleg å anta at det kostar samfunnet meir å flytta på folk enn å bygge kraftlinjer
- 

Med venleg helsing



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Sara Sekkingstad  
Nestleiar  
Regionrådet Nordhordland

---

Saksnr:	2021/7120-2
Saksbehandlar	Johanne Sognefest-Haaland
Dato:	01.06.2021

---

---

**Til:** Hovedutval for næring og fylkesutvalet

---

**Frå:** Direktør for Innovasjon og Næringsutvikling

---

## Resultat frå utlysing av BIO-midlar

12. april lyste Fylkesrådmannen ut 20 millionar til ordinære BIO-midlar og fagbrev på jobb. Dette var første av to planlagde utlysingar finansiert av dei 35 millionane som Vestland fylkeskommune fekk overført 06. april. Ekstraløyvinga kom gjennom ei pakke på 200 millionar til BIO i fylka vedteke i stortinget (ef. Kap. 572 i prop. 76 S).

Utlysing av ekstraløyvinga blei vedteke av fylkesutvalet 26.03.2021 (PS 54 /2021):

- 1. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å lyse ut ekstraløyvinga til BIO vedteke av Stortinget 23.02.21.*
- 2. Fylkesutvalet vedtek at stønadsgrensa for BIO skal aukast frå 800 000 kroner til 2 millionar kroner.*
- 3. Fylkesutvalet vedtek at retningslinene skal opne for at midlane skal kunne nyttast til å ta fagbrev på jobb.*
- 4. Fylkesutvalet vedtek at BIO-midlane for interne opplæringstiltak kan meldast inn i GBER.*
- 5. Fylkesutvalet gir Fylkesrådmannen fullmakt til å revidere retningslinene for forvaltning av midlar til bedriftsintern opplæring i dialog med partane i arbeidslivet.*

Ved søknadsfrist var det registrert **135 søknader med eit samla søknadsbeløp på 45,1 millionar til ordinær BIO, og 44 søknader til fagbrev på jobb** (4,9 millionar). Dett gir eit samla søkt beløp på 50 millionar.


Saksbehandling av ordinære BIO-midlar blei gjennomført i regi av avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Behandling av søknader til fagbrev på jobb blei gjennomført i regi av avdeling for opplæring og kompetanse.

I den vidare orienteringa vil det bli gjort greie for korleis BIO-midlane har blitt fordelt. Til saka er det også lagt ved resultat frå ei undersøking som gjekk ut til alle bedrifter som fekk tilskot i 2020.




## Søknader til ordinær BIO - utlysning 1 av 2 i 2021

Søknadene fordelte seg som følger over dei ulike næringane:



Industrien har sidan første utlysning hatt ein jamn straum med søknader til ordninga. I 2020 var det få søknader frå overnattings- og serveringsverksemdar, men no har situasjonen snudd. I den første utlysingsrunda i 2021 har denne næringa blitt den tredje største målt etter søkt beløp. Fylkeskommunen og NHO har arbeida aktivt med å mobilisere spesielt reiselivet til å søke, og det kan sjå ut som om arbeidet har hatt effekt.

Resultatet etter saksbehandling blei som følger:



## Søknader til fagbrev på jobb

Ved søknadsfrist var det registrert 44 søknader til fagbrev på jobb til ein prislapp på 4,9 millionar. I søknadsskjema for fagbrev på jobb fekk søkar spørsmål knytt til korleis dei har vore påverke av korona. Dei blei mellom anna spurt om tap av omsetnad, bruk av permitteringar generelt, og for den aktuelle kandidaten. 10 av søknadene kryssa av på minimum ein av dei oppsette kriteria (1 million). I tillegg var det 25 søknader som opplæringsavdelinga har vurdert til å kome frå bedrifter som er ramma av krisa, primært som følgje av utfordringar med å få tak i rett kompetanse (3 millionar).

## Fordeling av midlane


Grunna stor pågang til ordninga har Fylkesrådmannen i samråd med LO og NHO **innvilga 62 søknader til ordinære BIO-midlar til ein samla sum på 25 millionar og 2,3 millionar til fagbrev på jobb. Totalen blir 27,3 millionar.**

Midlane som strekker seg ut over dei 20 millionane som var løyvd i utlysinga, er finansiert delvis med midlar som var planlagt utlyst til hausten (5 millionar), og delvis med restmidlar frå 2020 (1,5 millionar). I sum gir dette eit underskot på om lag 800 000 kroner. I 2020 blei prosjekter for 1,5 millionar kansellert eller redusert i omfang (6 % av utdelte midlar). Dersom ein like høg del av midlane delt ut i 2021 blir tilbakeført kjem om lag 1,6 millionar til å bli tilbakeført (fagbrev på jobb ikkje medrekna). Fylkesrådmannen vil dekke inn underskotet med desse midlane.

Finansieringskjelder	
Utlyst pott BIO + fagbrev	20 000 000
Overført frå 2020	1 500 000
Overført frå neste planlagde utlysing (15 mill.)	5 000 000
<b>SUM Finansiering</b>	<b>26 500 000</b>

Finansieringsplan	
Innvilge ordinær BIO	- 25 011 438
Innvilge fagbrev på jobb	- 2 300 000
<b>Balanse ved tildeling</b>	<b>- 811 438</b>

Estimert tilbakeføring	1 600 000
<b>Estimert balanse etter 30 veker</b>	<b>788 562</b>



# BIO 2020

Brukarundersøking for midlar til bedriftsintern opplæring

# Brukarundersøking BIO 2020

Rapporten presenterer resultatane frå ei spørjeundersøking til bedrifter som fekk tilsegn i 2020.

Undersøkinga blei sendt ut til 132 bedrifter. Bedrifter som kansellerte prosjektet sitt i løpet av perioden fekk ikkje tilsendt undersøkinga. På distribusjonstidspunktet var største delen av bedriftene heilt ferdig med tiltaket og hadde levert sluttrapport. 70 % svarte på undersøkinga.


## Sentrale spørsmål

- Kor mange deltok i opplæringa
- Utdanningsnivå på deltakarar
- Føremålet med opplæringa
- Vurdering av kor treffsikker opplæringa var
- Når ein ventar å sjå effekt
- Kva form for effekt ein kan sjå
- BIO-midlane si avgjerd for å realisere tiltaket
- Oppleving av søkeprosessen


For økonomisk rapport, klikk [HER](#)




## Kva var føremålet med opplæringa (fleirval)?



## Gitt føremålet, kor treffsikker var opplæringa?




## Når venter dykk å sjå effekten av opplæringa?




## Kva effektar ser dykk (fleirval)?

Spørsmålet gjekk berre til dei som svara «Vi ser alt effekten».




## Kor viktig var BIO-midlane for å realisere denne effekten?

Spørsmålet gjekk berre til dei som svara «Vi ser alt effekten»



## Kor fekk du først vite om ordninga?





## Korleis opplevde du prosessen med å søke?

### Råtekst:

- Heilt grei
- Enkel og grei
- Den var enkel og grei
- Den er litt omstendelig.
- Den var OK
- Enkel og grei.
- Det gikk fint
- Prosessen var forholdsvis byråkratisk, men fungerte etter hvert som vi fikk oversikt over bruken av portalen.
- Prosessen var god og oversiktlig
- Grei
- Enkel
- Greit
- Grei og oversiktlig prosess
- Litt tungvint, men overkommelig
- ryddig og enkel
- Enkelt oppsett, men utfordrande krav og tidkrevjande å finne riktig tekst
- OK
- noe vanskelig
- Jeg opplevde prosessen med å søke som tungvint, men når det først går gjennom effektivt
- Enkel søknadsprosess, veldig positiv
- Enkel, men litt tungvint nettløsning
- Søknadsportalen var ikke særlig god, og lite intuitiv. Ellers fungerte søknadsprosessen godt
- Online søknadsprosess var enkelt og effektivt.  
Hjelpsomme kontakter i VFK.  
Rask tilbakemelding er veldig bra.
- Enkel søknad. Litt uklart om informasjonsbehovet ved sluttrapportering
- Effektiv, hjelpsom
- Enkelt
- Bra
- Fryktlig dårlig og lite intuitivt system for søknad. God opplevelse med samtaler og "analog" behandling av saken.
- En grei prosess for å søke
- Det var ganske enkelt
- Den fungerte veldig fint.
- Svært tungvint, vanskelig tilgjengelig portal, brukte 6 mnd. og mye dialog før vi fikk pengene. Det stod en forklaring på siden, eller portalen. Fra dere fikk vi tilbakemelding om andre ting, forvirrende og svært frustrerende og tidkrevende, vi søker ikke igjen.
- Heilt ok
- Søknadsprosessen gjekk greit med god hjelp fra Vestland Fylke.
- Grei
- Svært komplisert, tidkrevende og frustrerende
- Ryddig og enkel. Krav til dokumentasjon men på eit nivå man må forvente. Bra med digitalisert søkeprosess og oppfølging.
- Rapport alt for krevende og detaljstyrt.
- Omstendelig søkeprosess, tenker at det må være vanskelig for små bedrifter å søke som ikke har HR kompetanse eller tid.
- Tidkrevende, men fikk god hjelp av veiledere
- Ganske enkelt og greit.
- Ganske enkel og grei.
- Ryddig og fin med god hjelp i fra personnell fra VFK
- Litt utfordrande å forstå alt som skulle med. Men fikk god hjelp undervegs
- Søknadsprosessen er enklere nå når den ligger i regionalforvaltning.no.


- Grei prosess, men ved første gongs søknad var det uklart kva input som skulle vera med søknaden før ein var midt i prosessen. Dette gjorde at det tok litt lengre tid å søkje enn planlagt.
- Noe omstendelig for en liten elektroentreprenør, men fullt overkommelig
- Det var lett å søke, men rapporteringen i ettertid var litt uklar.
- Det kan vere krevjande å få til ein god søknad. Vilkårå i utlysing er ikkje alltid i samsvar med opplysningane som skal inn i søknadsportalen.
- Enkel og grei
- Søknadsprosessen var enkel og ubyråkratisk
- Tok litt tid
- Tidskrevjande men også klargjerande i spørsmål om vår situasjon, organisering og framtidsmål.
- Søknadsprosessen var enkel og grei.
- Den var ok.
- Grei, effektiv, god stønad og utruleg rask  
Krevjande rapportering- kunne vore ei oppskrift ein fekk ved godkjenninga?
- OK.
- Enkelt å søke, noe tungvint nettløsning
- Veldig bra! Fikk utrolig god veiledning av saksbehandler med rask og effektiv oppfølging. Opplevde henne som MYE mer tilgjengelig og imøtekommende enn saksbehandlere på andre ordninger.
- Det fungerte greit.
- Forholdsvis grei nettside og fyller ut.
- Søknadsprosess var ryddig og god
- Ryddig og grei søknadsprosess
- Søknadsprosessen var grei. Litt mer utfordring rundt rapportering, måtte gjøre deler to ganger og hadde misforstått noe. Men gikk bra til slutt, fikk god hjelp.
- Byråkratisk og langsom
- Søknadsprosessen var grei. Raskt svar og effektiv organisering.
- God og ryddig
- Tungvindt  
Mye arbeid for lite beløp.
- Prosessen var litt uoversiktlig, men tydelig i informasjonen de etterspurte
- Heil Greit.
- Gjekk greit, sjølv om vi hadde litt "klur" med saksgangen. Vi var ikkje heilt på høgda med korleis dette verka, spesielt med omsyn på dokumentasjon, rapportering og utbetaling.
- Enkel og effektiv
- Ok
- Når vi fant ut av det - gikk det helt greit. Fikk også god hjelp av ansatte i Fylkeskommunen som satt med ordningen.
- Eg har søkt for datterselskapet vårt i Oslo også, der er søknadsprosessen og oppgjørprosessen veldig forskjellig frå den som blir brukt i Vestland Fylkeskommune. Enklare å søkje i Oslo. Var enklare når det var i NAV også. Er blitt ein del meir innvikla etter at det gjekk over til Vestland Fylkeskommune.
- God
- Relativt enkel. Litt inkonsistens mellom heading på avsnitt og forklaringer på innhold i avsnitt
- Det var enkelt å søke.  
Var litt kort frist for å få utført, men den har me heldigvis fått forlenga.
- Prosessen var enkel og grei.
- Prosessen var grei.
- Oversiktlig og grei søkeprosess.
- Ganske enkel.
- Enkel. Krever en del forarbeid og planlegging
- Ryddig
- Enkelt å bruke, god kommunikasjon
- Kjapp og forståelige søknadsprosess

## Har du kommentarar til ordninga?

### Råtekst:

- Fin ordning, men ikkje veldig godt kjent. Tenker og at det for krisgramma bedrifter som vår er litt dumt at vi må ha prosjekt på gang OVERALT. Noko er bra, men når det blir prosjekt gjennom Innovasjon Norge, kommunen og fylkeskommunen, hadde det vore betre med ei likviditetsinnsprøyting....Noko blir prosjekt for prosjektet sin skuld, då heier eg på Austerrike sin variant av omstilling til krise: 80 prosent kompensasjon for tapt inntekt under Covid-19. Flott med gran tilpasning, og vi har absolutt gjort vårt, men her gjeld det å halde tunga beint i munnen, når det vi eigentleg treng: er midlar til å overleve.
- Super ordning som er til stor hjelp for oss etter betydelige konsekvenser av corona-restriksjoner.
- Fint å ha ei ordning som kan støtte mindre prosjekt som ikkje passar til Innovasjon Norge.
- Takk for dere finnes :-)
- Utbetalingene kom seint etter at dokumentasjon var sendt inn. Det gjelder både forskudd og endelig utbetaling - som vi ikke har fått enda.
- En god ordning, vi fikk bedre fokus på våre bærekraftsmål, som hjelper oss videre med egen og andres utvikling
- Positivt at vi kan få støtte til å utvikle oss
- Viktig i en vanskelig tid
- Veldig positiv ordning, som bidrar til å kunne holde folk i arbeid
- Har vore sædeles positivt, og vi er utruleg glade for tiltaket, mange lokale og utvidar arbeidsområdet til dei ansatte
- Svært effektiv, lett å forstå bakgrunn
- fin ordning, men begrensende grunnet beløp på støtteordning
- Kjempe bra ordning for korte og gjennomførbare prosjekter
- Fungerte veldig bra, godt insentiv for omskolering og forbedring i bedrifter
- Tilbudet gir en fantastisk mulighet til oppgradering i en eller annen form i bedriften. Opplever ordningen som fleksibel. Nyttig i forhold til motivasjon i en ellers krevende situasjon.
- Et godt og målrettet tiltak for oss i en krevende markedsituasjon
- Godt tiltak som vi elles ikkje hadde brukt pengar på
- Bra opplegg, me er takknemlige for støtten.
- Helt super, takk igjen for at vi fikk midler.
- Selve støtteordningen er veldig bra, søknadsprosessen bør forenkles og forbedres.
- Grei
- kommunikasjonen fra rådgiverne i fylkeskommunen til mottakere av midlene må bli mye bedre
- Veldig god ordning, og bør markedsførast meir også, som meir permanent ordning for kompetanseutvikling og eventuell vridning i marked og produkt
- Vil ikke søkt om igjen.
- God ordning.
- Bra tiltak
- Jeg vil takke for muligheten dette ga oss
- Veldig bra tiltak. Ga oss god hjelp i en krevende tid.
- Meget bra tiltak som en må bevare
- Flott ordning
- Denne ordningen har hjulpet bedriften mye i forhold til å holde våre ansatte oppdatert på kompetansekrav i industrien. I trange tider hadde vi ikke hatt mulighet til å koste dette selv, og hadde vært tvunget til å permittere/si opp personell
- God og målretta ordning.
- En meget god ordning som gjord det mulig for oss som selskap å ta del i en utvikling som vi ellers ikke hadde hatt økonomi til
- Frist for rapportering bør varslast i god tid
- Bør ikkje endre slik som for 2021 - ordninga var mykje betre innretta i 2020 - der feks ein Næringshage kunne legge til rette for fleire bedrifter med liten eigenandel
- Et godt tiltak
- God ordning som sulle vært meir av, større summa å dele ut.
- Nyttig. Kan hjelpa mindre bedrifter med midlar til å auka kompetanse og kunnskap.

- Fin ordning, som gir oss som lite selskap muligheter vi ikke kunne klart alene i situasjonen som var.
- Har vore utruleg viktig for søkarane for å kunna snu seg frå internasjonal reiselivsmarknad (mot 95%) mot norske reisande.  
I fellesskap har dei fått til eit særskild godt løft for sin region og styrka fellesskapet som ei sterkare "eining"
- Kurset vårt ble rammet av utsettelse pga covid 19. Vi fikk derfor ikke dekket alle kostnader til kurset da deler av opplæringen vil skje i 2021. Det var en strek i regningen for oss, da vi antagelig ikke hadde sett oss råd til å delta på kurset uten å få støtten.
- Veldig konkret og bra ordning det er enkelt å søke på.
- Veldig glad for å få disse midlane for å utvikle verksemda vår. Dette var heilt avgjerande med tanke på å få alle i arbeid igjen.
- For oss var den fin med at kunne bruke tid til opplæring i tider som eller det var lav aktivitet.
- Ei særdeles viktig ordning for oss bedrifter. - Vi har hatt utfordringer med å få gjennomført opplæringsløpet pga. Covid-19 tiltak og manglande klasseromsundervisning
- Flott ordning som kan hjelpe bedrifter som har det tungt mtp Corona situasjonen
- Veldig glad for ordninga!
- Flott ordning
- Super ordning
- Såg gjerne ei punktliste som "losa" ein gjennom heile prosessen.
- Veldig viktig for ei lita bedrift mtp. corona.
- Et fantastisk tilbud - og vi håper å få tilgang til ordningene ved en annen anledning. Nå vet vi at de finnes:)
- Ei fin ordning som har hjulpet oss gjennom fleire kniper, og hinda at vi har måtte seie opp/permitere ansatte.
- Veldig nyttig og god ordning i disse vanskelige tidene
- Eg synest det er eit godt tiltak
- Dette med utbetaling ble litt tungvindt til tider, men fikk god hjelp av de i fylkeskommunen slik at det ordnet seg.
- Ordningen hjelper litt på, men beløpene er små. Jeg driver /eier en bedrift med nå 10 ansatte. Et normalt år omsetter vi for 70-75 mill. , i 2021 5-7 mill. Vi har over 90% nedgang. Ingen inntekter overhodet omtrent. Det viktigste med BiO-midlene for oss har vært at mine medarbeidere har fått komme inn på jobb å gjøre noe nyttig, lære noe nytt. Det har vært stimulerende og positivt for oss som bedrift. Beløpet er for lite til at det betyr noe særlig økonomisk for oss fra eller til.
- Viktig for at bedriftene kan avsette tid til å effektivisere og digitalisere. Sikrer flere i arbeid.
- Fin ordning, i ein roleg periode fekk med moglegheit til å fylle på med meir kompetanse.
- Bra tiltak for bedriftene, mange som benyttet seg av dette
- Fortsett det gode arbeidet.



vestlandfylke.no

---

**Saksnr:** 2021/6002-22  
**Saksbehandlar** Silje Balgaard Lyngstad  
**Dato:** 16.08.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesordførar

---

Brev til kommunal- og moderniseringsdepartementet: Eit samstemt Storting signalisert 15. juni at dei ynskjer rask oppstart av ny veg og bane mellom Bergen og Voss

Referatsaka «Brev til kommunal- og moderniseringsdepartementet: Eit samstemt Storting signalisert 15. juni at dei ynskjer rask oppstart av ny veg og bane mellom Bergen og Voss» er satt på sakskartet av fylkesordførar.

Saka er difor lagt fram utan saksutgreiing.

Vedlagt er brevet sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 16.06.2021.



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 16/177 - 21/6312

**Saksbehandlar:**

Åse Elin Myking  
ase.elin.myking@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

17.06.2021

## Eit samstemt Storting signalisert 15 juni at dei ynskjer rask oppstart av ny veg og bane mellom Bergen og Voss.

Stortinget handsama 15 juni NTP for 2022- 2033, og her er utdrag får komitemerknad frå transportkomiteen:

« **Vossebanen og E16 Arna–Stanghelle**

*Komiteen er tilfreds med at det satses på utbygging av Bergensbanen, slik at reisetid med tog mellom Bergen og Oslo på fire timer er innenfor rekkevidde. Komiteen viser til at K5 er et fellesprosjekt for veg og jernbane mellom Bergen og Voss. Komiteen mener det er viktig å satse på sammenhengende utbygging Arna–Stanghelle og Stanghelle–Voss.»*

Det vert vidare vist til brev sendt Samferdselsdepartementet frå underteikna 3 mai 2021, med kopi til dykk.

Reguleringsplan for E16 og Vossabanen Arna-Stanghelle - Etterlysing av utlegging for høyring Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Vaksdal og Voss ber om snarleg høyring på reguleringsplan for E16 og Vossebanen Arna- Stanghelle (planID NO201703 ),

Ei hovudårsak til val av statleg reguleringsplan for Fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle, var effektiv planleggingstid. Samferdselsdepartementet fekk oversendt forslag til reguleringsplan for Fellesprosjektet 18. desember 2020, og saka er nå endeleg oversendt til dykk 28 mai i år. Formell sakshandsaming etter plan- og bygningslova er framleis ikkje starta.

For å klare å halda forventa framdriftsplan, er det kritisk viktig at planen vert lagt ut på høyring straks. Dei berørte kommunane og fylkeskommunane er alle innstilte på å gjere høyringsvedtak innan fastsett frist.

Med helsing

Jon Askeland      Thor Håkon Bakke      Hans-Erik Ringkjøb      Hege Eide Vik  
Fylkesordfører      Byråd Bergen kommune      Ordfører Voss herad      Ordfører Vaksdal kommune

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Kopi til:**

Heidi-Karin Nakken

**Mottakarar:**

Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep

0032

OSLO



**Skriftlige spørsmål**  
**SI 18/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - Trolleybussen Laksevåg**

**Fra:** Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

**Sendt:** 21.07.2021 20:50:13

**Til:** Politisk; Håkon Rasmussen; Rune Haugsdal; Jon Askeland; Jannicke Bergesen Clarke

**Kopi:**

**Emne:** Trolleybussen Laksevåg

**Vedlegg:**

Spørsmål til fylkesrådmannen/ samferdsledirektøren

Eg stiller spørsmål til fylkesrådmannen/ samferdsledirektøren i samband med neste møte i fylkesutvalet/ Utval for miljø og samferdsle, men set veldig pris på om det er mogleg å få svar tidlegare.

Det pågår ein debatt på Facebook-gruppa «Herlige Laksevåg» om Trolleybussen på Laksevåg som treng å dobbeltsjekkast når det kjem til tal, kostnader og rutetilbud.

Eg lurar derfor på om administrasjonen kan hjelpe meg med følgjande:

- Kva er prisen på ny Trolleybusslinje til Laksevåg? Finnes det pris per stolpe/ bussavgang?
- Kor mykje av bompengane vert nytta til trolleybusslinja?
- For Laksevåg bydel og med bygging av trolleybussen, vert det påstått at det er ein kraftig reduksjon i busstilbodet, stemmer dette? Kvifor, kvifor ikkje?
- Kva er auke, reduksjon og endringar i rutetilbodet på Laksevåg, og kva er som følge av den store ruteomlegginga i vår?
- Kva fordelar har trolleybusslinja i høve andre busslinjer og når kan ein vente effekten av dette?
- Kunne ein bygd trolleybusslinja på ein annan måte, utan dei faste stolpane?

Marthe Hammer (SV)

Last ned [Outlook for iOS](#)

## Spørsmål til fylkesrådmannen i fylkesutvalet 19.august

Viser til sak i BA <https://www.ba.no/familiefaren-ma-pante-flasker-for-a-fa-rad-til-tannbehandlingen-uverdigg-for-oss-som-samfunn/s/5-8-1633481>

Saken skriver om «Erik» som «Som konsekvens av et seksuelt overgrep som 13-åring utviklet Erik tvangshandlinger. Han pusset tennene titalls ganger daglig i flere år. Pussingen gjorde alvorlig skade og for vel ti år siden måtte han trekke de fleste tennene i overkjeven. Erik fikk satt inn bro, og det er denne som nå forvitrer.»

Basert på disse opplysningane ser dette ut som ein pasient som har krav på behandling gjennom TOO-ordninga (fylkeskommunal tannhelsebehandling for pasientar utsatt for tortur, overgrep og med odontofobi), men at vedkommande tilsynelatande ikkje har blitt gjort merksam på dette, eller kommet inn under ordninga.

I BA-saken opplyser Nav følgende:

«Utgifter til tannlege kan regnes som nødvendige utgifter og en del av levekostnader. Når Nav skal vurdere om en søker har rett på støtte til tannlegeutgifter, skal flere forhold vurderes:

- Er behandlingen nødvendig?
- Må behandlingen gjennomføres med en gang, eller kan behandlingen tas over tid eller utsettes?
- Er prisoverslaget fra tannlegen i tråd med Fylkeskommunens fastlagte satser?

Tannlegens overslag sendes til vurdering hos Rådgivende tannlege i Vestland fylkeskommune. NAV ber Rådgivende tannlege gi en kvalifisert vurdering av tannlegens forslag og sjekke om det er «nødvendig konserverende eller kurativ tannbehandling», om prisene som er oppgitt følger statlige satser og om en kan kreve refusjon fra Helfo.»

I vår vart det opplyst at ventetida på TOO ordninga er på 82 veker, jamfør [spørsmål i mars om TOO-ordninga](#). Dette som eit direkte resultat av manglande tilskotsmidlar frå regjeringa.

### Spørsmål til fylkesrådmannen:

- Kven har ansvaret for at rettane til TOO-ordninga er kjent for dei pasientane det gjeld?
- I saken står det både at «NAV vurderer om en søker har rett på støtte til tannlegeutgifter», og en «Rådgivende tannlege gir en kvalifisert vurdering av tannlegens forslag og sjekker om det er «nødvendig konserverende eller kurativ tannbehandling»»
  - o Kven avgjer kva rett til tannhelsebehandling pasiente har, og om pasienten fell innafor eller utanfor TOO-tilbodet, er det den rådgivande tannlegen hjå Vestland fylkeskommune, pasientens tannlege eller NAV som avgjer dette?
- Er det forskjellar på ventetida for TOO i fylket, og mellom dei ulike tannhelseklinikkane?

**Fra:** Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

**Sendt:** 04.08.2021 14:24:31

**Til:** Politisk

**Kopi:** Marthe Hammer

**Emne:** Spørsmål til fylkesrådmann - fylkesutvalet 19.august - TOO tannhelse

**Vedlegg:** Spørsmål fylkesutvalet - kven avgjer TOO.docx

Hei

Vedlagt er spørsmål til fylkesutvalet om kven som avgjer om ein kjem inn under TOO-ordninga.

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 17.08.2021 09:11:07

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til fylkesutvalet 24.08

**Vedlegg:**

Landslina for tunge kjøretøy

Eg er gjort merksam på at fylket får tilskot til å ta inn 30 elevar på landslina for tunge kjøretøy i Sogndal, men berre tar inn 24 elevar.

Næringa seier der er ungdom som vil gå der, og at dei har stort behov for fleire sjåførar. Det er dermed heller ikkje vanskar for elevane å få lærlingplass.

Kva er grunnen til at vi berre tar inn 24, når staten sttt tilskot til klassen er for 30 elevar, og det er søkarar som ikkje får plass?

Er det samme stoda på skulen på Os?

Kan vi gjere noko for å gje plass til fleire av søkarane allereie i år?

mvh Trude Brosvik, KrF

**Politiske saker**  
**PS 164/21 Vedtak planprogram - Regional plan for klima**

---

Saksnr: 2021/2254-49  
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	164/21	24.08.2021

## Vedtak planprogram - Regional plan for klima

Forslag til vedtak

1. Planprogram for Regional plan for klima vert vedteke slik det ligg føre.
2. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å invitere til, og etablere dei ulike gruppene som skal delta i utarbeiding av planen. Politisk samarbeidsgruppe vert leia av fylkesordførar/varaordførar.

## Samandrag

Fylkeskommunedirektøren legg fram forslag til vedtak av planprogram for Regional plan for klima 2022-2035. Det kom inn 33 høyringsinnspel til planprogrammet, i tillegg til munnlege tilbakemeldingar i høyringsmøta og regionalt planforum.

Oppsummering av høyringsinnspela, og korleis desse vert følgt opp ligg i vedlagte høyringsrapport. Vesentlege endringar, presiseringar og definisjonar som er skrive inn i vedtaksutkastet er presentert i innleiinga til høyringsrapporten. Dette gjeld innspel om:

- ✓ Energisparing
- ✓ Karbonopptak, fangst og lagring
- ✓ Medverknadsprosess
- ✓ Klimavenleg landbruk
- ✓ Arealrekneskap
- ✓ Andre regionale planar

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Paal Fosdal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Vedtaksutkast Planprogram - Regional plan for klima
- 2 Høyringsrapport - Regional plan for klima
- 3 Vedlegg - Ettersendt uttale etter frist

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, viser at Vestland har høge ambisjonar innanfor klima og miljø. Fylkeskommunen som regional planmynde skal utarbeide regionale planar for spørsmål som er fastsett i regional planstrategi, og utarbeiding av ein felles klimaplan for Vestland er ei prioritert planoppgåve i perioden.

Fylkesutvalet vedtok å legge ut høyringsutkastet til planprogram på høyring i møtet 20. april. Høyringsfristen var 18. juni.

Høyringsutkastet blei sendt ut til 199 høyringsinstansar til uttale. Det kom inn 33 skriftlege høyrings svar, i tillegg til munnlege tilbakemeldingar i høyringsmøta og planforum.

I høyringsperioden blei det arrangert ulike digitale høyringsmøte for å informere om høyringsutkastet, samt hente inn innspel frå ulike aktørar. I tillegg til ekstern høyringsaktivitet, blei det i perioden gjennomført eit internt dialogmøte i fylkeskommunen. 8. juni blei utkast til planprogram drøfta i regionalt planforum.

### Høyringsinnspela

Tilbakemeldingane har generelt vore gode, der fleire legg vekt på at det er positivt at fylkeskommunen no inkluderer naturmangfald, klimarettferd og folkehelse i planprogrammet. Samstundes har nokre uttalar etterlyst ei tydelegare skildring av nullutsleppsmålsetjinga i utviklingsplanen, og denne vert difor presisert i planprogrammet.

Høyringsinnspela syner også at det er store forventingar til kva ein regional klimaplan skal og bør vere. Det vert fokusert på korleis den regionale planen kan legge til rette for aktivitet i fylket vårt, spesielt i kommunane. Ambisjonsnivået er høgt, og det er store forventingar både til prosess, resultatet og verktøya for oppfølging. Ikkje alle forventingar kan dekkast, då det er nødvendig å gjere prioriteringar for å avgrense omfanget.

Høyringsinnspela er å finne under *Vurdering av enkeltinnspel* i høyringsrapporten. Korleis innspela er tatt med vidare i planprogrammet er presentert ved bruk av fargekodar. Dei fleste innspela er merka med mørkegrå farge, som betyr at dei er tatt til orientering, men ikkje medfører endring i planprogrammet. Mange av tilbakemeldingane vert rein orientering, samt ros, eller at tilbakemeldingane allereie var inkludert i høyringsutkastet.

Det er gjort mindre tekstlege endringar i planprogrammet, desse vert ikkje skildra som eigne avsnitt i høyringsrapporten. Større tekstlege endringar, presiseringar og definisjonar som har blitt skrivne inn i vedtaksutkastet vert presentert i innleiinga til høyringsrapporten. Dette gjeld innspel om:

- ✓ Energisparing
- ✓ Karbonopptak, fangst og lagring
- ✓ Medverknadsprosess
- ✓ Klimavenleg landbruk
- ✓ Arealrekneskap
- ✓ Andre regionale planar

Tekstlege endringar i sjølve planprogrammet er vist med grønt skrift. Etter vedtak i fylkesutvalet vil planprogrammet gjennomgå ei grafisk oppdatering før publisering.

Dei føreslegne plantema vert ståande som i høyringsutkastet, og er:

- Reduserer klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030
- Reduserer klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet
- Trygt og robust Vestland
- Sikre naturmangfald
- Klimarettferd og folkehelse



### Utgangspunkt for arbeidet – *netto nullutslepp*

Ei viktig presisering som er gjort medan planprogrammet har vore på høyring, og som no er oppdatert i planprogrammet, er ei nærare forklaring på kva vi meiner som «nullutslepp innan 2030» (strategi 2.1 i utviklingsplanen).

I vedtak av Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Fylkestinget 16.06.2021 blei nullutsleppsambisjonen noko tydelegare definert gjennom bruk av *netto null*-omgrepet. Både i høyringsprosessen til næringsplanen og klimaplanen har det blitt etterlyst ei tydelegare presisering på kva vi meiner med «nullutslepp». For å sikre at regionale planar samsvarar med kvarandre har fylkeskommunedirektøren lagt opp til å bruke nullutsleppsdefinisjonen frå regional plan for næring for arbeidet med regional plan for klima. Det vil arbeidast vidare med tydelege skiljer/grenser, og kva dette målet betyr for ulike sektorar i den vidare planprosessen.

Planprogrammet inkluderer difor no både bruken av omgrepet netto nullutslepp, samt definisjonen av omgrepet. Målet er framleis svært ambisiøst, samt samsvarar med nasjonal og internasjonal definisjon av netto nullutslepp. Utreiingar som er planlagt gjennomført i planprosessen vil også løfte fram ulike tiltakspakkar knytt til dette ambisjonsnivået, i tillegg til scenarioanalysen som ligg til grunn for verdiskapingsplanen.

### Fylkesutvalet si rolle

Fylkesutvalet har det overordna ansvaret for tema klima, miljø og berekraft. Vidare er fylkesutvalet det overordna prosessorganet, og har soleis ei særleg viktig rolle i utarbeidinga av planen. Det er ikkje føreslått å ha eigen saksordførar for klimaplanen. Fylkesutvalet vil i løpet av planarbeidet få lagt fram prosess-saker, for å sikre forankring og gi retning på planarbeidet, jf. delegeringsreglementet. Dette i tillegg til at både regional og politisk samarbeidsgruppe (referansegruppe) vert nytta for å få innspel undervegs i prosessen, sjå kap. 6 Organisering av planprosessen i planprogrammet.

### Etablering av ulike grupper

Arbeidet i dei ulike temagruppene og samarbeidsgruppene skissert under *Organisering av planprosessen* vil starte opp etter vedtak av planprogrammet. Fylkeskommunedirektøren ber om mynde til å invitere til, og etablere desse gruppene.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet jf. delegeringsreglement pkt. 2.1.6 Regional plan, temaplan og strategi.

### Vurderingar og verknader

<b>Økonomi</b>	Planarbeidet vil påverke budsjett og økonomiplan. Satsingane og tiltak som vert prioritert vert kopla til økonomiplanarbeidet, både som ledd i finansiering av vedteke handlingsprogram, samt oppfølging av klimabudsjett. Potensiell finansiell risiko ved ikkje å gjennomføre tiltak vil også kunne påverke økonomi.
<b>Klima</b>	Planen vil vise innsatsområda og tiltak Vestland skal prioritere for å legge klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga, og nå ambisiøse klima- og miljømål.
<b>Folkehelse</b>	Planen vil inkludere folkehelse og sosial berekraft gjennom prioritert plantema; klimarettferd. Klimatiltaka skal ikkje berre sikre utsleppskutt og klimatilpassing, men tiltaka skal også bidra i innbyggjarane sin kvardag, livskvalitet og levekår.
<b>Utviklingsplan for Vestland 2020-2024</b>	Planen er vedteken utarbeidd i utviklingsplanen. Klimaplanen tek utgangspunkt i måla og strategiane i utviklingsplanen, FN sine berekraftsmål, og nasjonale føringar.

### Konklusjon

Basert på høyringsinnspela som har komme inn gjennom skriftlege uttalt, samt munnleg i høyringsmøte, og vurderingar gjort i vedlagt høyringsrapport, er det ikkje gjort endringar av slik betydning at det er naudsynt med ei ny høyring Fylkeskommunedirektøren legg fram planprogram for Regional plan for klima 2022-2035 for endeleg vedtak.



Vedtaksutkast

# PLANPROGRAM

Regional plan for klima 2022–2035

# Innhold

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1 Kva er dette?.....	3
1.2 Kvifor gjer vi dette? .....	3
1.3 Kva ynskjer vi å oppnå? .....	4
1.4. Kva meiner vi med nullutslepp?.....	5
<b>2. Plantema</b> .....	<b>7</b>
2.1. Utsleppsreduksjon – Redusere klimafotavtrykket og direkte utslepp .....	7
2.1.1 Redusere klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.....	7
2.1.2 Redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet.....	9
2.2 Trygt og robust Vestland .....	9
2.3 Sikre naturmangfald .....	10
2.4 Klimarettferd og folkehelse i klima.....	11
<b>3. Planstruktur</b> .....	<b>13</b>
<b>4. Medverknad</b> .....	<b>14</b>
<b>5. Framdriftsplan</b> .....	<b>16</b>
<b>6. Organisering av planprosessen</b> .....	<b>17</b>
<b>7. Utreiingsbehov</b> .....	<b>18</b>
<b>8. Rammer for planarbeidet</b> .....	<b>20</b>

# 1. Innleiing

For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå. Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Vi er både modige og framoverlente. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling. Planprosessen vil fokusere på korleis Vestland skal lukkast med å løyse klimautfordringane, og skal munne ut i ein regional plan for klima.

Skal vi lukkast må vi inkludere klimaarbeidet i alt vi gjer. Å lukkast med klimautfordringane skal også bidra til at vi lukkast med andre omsyn, m.a. berekraftige næringsutvikling, mattryggleik, naturmangfald, redusere klimarisiko, og bidra til gode levevilkår og livskvalitet. Vestland skal leie vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppssamfunnet.



FIGUR 1: MÅL I UTVIKLINGSPLAN FOR VESTLAND 2020-2024

## 1.1 Kva er dette?

Dette dokumentet er eit planprogram, ein "plan for planen". Innbyggjarar, kommunar og andre samfunnsaktørar har fått høve til å påverke den kommande klimaplanen i Vestland tidleg, gjennom å komme med høringsuttale til planprogrammet.

Fylkesutvalet vedtok planprogrammet i møte xx.xx.xxxx (oppdaterast ved vedtak).

For alle regionale planar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Eit planprogram skal gjere greie for

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltaking
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar

## 1.2 Kvifor gjer vi dette?

Fylkeskommunen skal, som regional planmynde, utarbeide regionale planar for dei tema som er fastsett i regional planstrategi (plb. § 8-1). Fylkestinget vedtok Utviklingsplan for Vestland i september 2020. Denne planen set strategisk retning for utviklinga av fylket dei neste fire åra, og definerer kva planar som skal gjelde og bli utarbeidd i fylkestingsperioden. Ein ny regional plan for klima er ei prioritert oppgåve, og dette planprogrammet er fyrste steg i utarbeidinga av planen.

Utviklingsplanen slår fast at den langsiktige visjonen for Vestland fylke er å vere «Nyskapande og berekraftig». Dette inneber at FN sine 17 berekraftmål er overordna og førande for samfunnsutviklinga. Måla får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft påverkar kvarandre. Høg måloppnåing innanfor ein av dimensjonane, kan ha utilsikta negative konsekvensar for andre dimensjonar. Når ein ser måla i samanheng kan det derimot oppstå sterke synergieffektar.

Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for å oppnå den overordna visjonen. På kort sikt må vi prioritere innsatsen der utfordringane

og moglegheitene er størst. Utviklingsplanen har definert fire hovudmål som skal leggest til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket.

**Knytt til dei fire hovudmåla i Utviklingsplanen er det 10 berekraftsmål som er spesielt prioritert i denne perioden.**



### **Klima og miljø - ein premiss for berekraftig samfunnsutvikling**

Det grønne skiftet inneber omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Dette inneber betre ressursutnytting, kunnskapsbasert forvaltning av naturressursar, og mindre belastning på miljø og klima. Utviklingsplanen sitt mål 2 peiker på at klima- og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga i regionen.

Miljøperspektivet inneheld ei stor breidde anna areal- og naturforvaltninga, og vil ikkje bli dekkja i si fulle breidde i regional plan for klima. Det er likevel eit premiss for all fylkeskommunal aktivitet. Regional klimaplan skal tydeleggjere korleis vi skal følgje opp klimaambisjonane gjennom å *klimaomstille* Vestlandssamfunnet. Det er samstundes mange tette koplingar mellom klimaomstilling og det tradisjonelle miljøarbeidet. Nokre av desse koplingane ynskjer vi å styrke gjennom eit særskilt fokus på naturmangfald som del av klimaomstillinga.

### **1.3 Kva ynskjer vi å oppnå?**

Regional klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om nullutsleppssamfunnet, og dette er planen sitt oppdrag. Dette inneber ei brei samfunnsendring der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet. Omstillingsprosessen gjeld heile Vestlandssamfunnet; innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen. Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.



FIGUR 2: HOVUDOMRÅDA I KLIMAOMSTILLING

Utgangspunktet for arbeidet baserer seg på at vi i Vestland arbeider med klimaomstilling som ei samfunnsendring der vi både reduserer klimagassutsleppa frå Vestlandssamfunnet, samt tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima. Ein del av arbeidet med redusert klimagassutslepp er å ha eit fokus på karbonbinding, både gjennom opptak og lagring i skog og jord, samt utarbeiding av ny teknologi. Nye tiltak må sjåast i samanheng for å lukkast med ei berekraftig utvikling.

Klimaendringane er også ein av dei største truslane mot naturmangfaldet i verda, då dei medfører endra levevilkår for dyr og planter, og påverkar samspelet i naturen. Sårbare artar og økosystem står i fare for å forsvinne, og dette påverkar livsgrunnlaget vårt. Klimaendringar og

naturmangfald må sjåast i samanheng, m.a. fordi velfungerande økosystem er viktig for å nå klimamåla<sup>1</sup>. Dette gjeld både ved at naturen kan ta opp og lagre karbon, men også ved at naturen kan dempe verknadane av klimaendringar som m.a. flaum og skred (naturbaserte løysingar for klimatilpassing).

Denne planen skal både omhandle korleis vi kan redusere utslepp av klimagassar, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane. I tillegg vil vi ha eit særleg fokus på naturmangfald, og korleis vi kan styrke integrering av naturmangfald i klimaarbeidet. Dette vil utgjere dei tre hovudområda i klimaomstillinga av Vestlandssamfunnet (figur 2).

Sjølv om hovudfokuset i klimaplanen vil vere på tiltak og verkemiddel for å klimaomstille samfunnet, så må innhaldet i planen bli sett i samanheng med dei andre måla i Utviklingsplanen. Mange tiltak vil kunne bidra positivt til å nå dei andre tre måla i utviklingsplanen, men ein må og vurdere om det kan ha negative konsekvensar for andre tema. Vestland skal ha ein klimapolitikk som er rettferdig og inkluderande, og som bidreg ein heilskapleg og robust samfunnsutvikling. Dette er grunnen til at *klimarisiko* og *klimarettferd* er trekt fram som sentrale tema i klimaplanen.

Med utgangspunkt i dei tre hovudområda legg vi opp til denne tematiske inndeling; redusere klimafotavtrykket til Vestland, fjerne direkte utslepp frå Vestland, trygt og robust Vestland, ivareta naturverdiane i Vestland, klimarettferd og folkehelse, og klimarisiko, sjå figur under. Dette vil vere ei noko annleis strukturering av ein klimaplan, i eit forsøk på å inkludere eit breiare tilnærming til klimaarbeidet, og sikre at fleire omsyn kjem på vekstskåla når ei skal fatte eit vedtak.

#### Kven gjeld planen for?

Denne regionale planen gjeld for heile Vestland, og alle som tek del i Vestlandsamfunnet. Planen gjeld lag, organisasjonar, innbyggjarar, kommunar, verksemdar og fylkeskommunen sjølv.

Vedteken plan skal leggest til grunn for regionale organ si verksemd, samt kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen (PBL § 8-2).

## 1.4. Kva meiner vi med nullutslepp?

Utviklingsplan for Vestland blei vedtatt i 2020, og legg premissane for arbeidet i regionen framover. I høyringsperioden til regional plan for klima vedtok fylkestinget i Vestland "Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033 (PS 38/2021). Denne planen inkluderer også høge klimaambisjonar innan grøn næringsutvikling. Gjennom denne planprosessen er det

<sup>1</sup> [Miljøstatus – Miljødirektoratet](#)

mellom anna tydelegare definert kva «pådrivar for nullutslepp innan 2030» betyr, slik som utviklingsplanen har som strategi.

Overordna mål for temaet grøn næringsutvikling er: *Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp innan 2030.*

Følgjande definisjon av netto nullutslepp blei definert, og vil vere utgangspunktet for det vidare arbeidet i utarbeiding av regional plan for klima:

**Netto nullutslepp** er definert som balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar\*. Det må fjernast minst like mykje CO<sub>2</sub> frå atmosfæren som det vert sleppt ut. Vi legg til grunn følgjande mål om å kutte CO<sub>2</sub>- utslepp og andre sterke klimagassar:

- Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.
- Utsleppa vert rekna som CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO<sub>2</sub>.
- Alle fossile utslepp skal fjernast.
- Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekome, men skal reduserast så mykje som råd.
- Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som vert brukt til å berekna og rapportere klimagassutslepp.

\*Det vert naudsynt å presiserer at netto nullutslepp framleis er eit ambisiøst og til dels krevjande mål å nå innan 2030, og legg ikkje til rette for enkle løysingar eller å kjøpe seg ut av utfordringane. Ambisjonsnivået ligg over nasjonalt og internasjonalt nivå, og klimagassutsleppa i regionen må reduserast radikalt. Nokre klimagassutslepp vil vi ikkje klare å fjerne, eitt eksempel vil vere innan landbruk. Det er restutsleppa som ikkje er mogeleg å redusere som kan settast ut/kompenserast for gjennom kvotekjøp, karbonfangst og -lagring.

## Nokon må gjere noko.....men tenk om det er vi som er «nokon»?

*Agnes Vevle Tvinnereim, Bærekraftige liv Landås*

## 2. Plantema

Dette planprogrammet føreslår følgjande inndeling og hierarki ved utarbeiding planen, og vert skildra i avsnitta under.

Utviklingsplanen og fylket sin visjon		Berekraftig samfunnsutvikling – Berekraftig og nyskapande Vestland			
Oppdrag frå Utviklingsplanen	Klimaomstilling av Vestlandssamfunnet				
Hovudområde i klimaplanen	Utsleppsreduksjon		Klimatilpassing		Naturmangfald
<b>Plantema</b>	<b>Redusere klimafot-avtrykket</b>	<b>Fjerne direkte utslepp</b>	<b>Trygt og robust Vestland</b>	<b>Klimarettferd og folkehelse</b>	<b>Sikre naturmangfald</b>
Oppfølging av mål i utviklingsplanen	Mål 1, 2, 3	Mål 1, 2, 3	Mål 1, 2, 3, 4	Mål 2, 3, 4	Mål 1, 2, 3

### 2.1. Redusere klimagassutslepp

Klimaendringane påverkar heile kloden vår, og påverkar kvardagen til både menneska og naturen. Globale gjennomsnittstemperaturar aukar, forårsaka av menneskelege klimagassutslepp. FN sitt berekraftsmål nr. 13 er å stoppe klimaendringane, og gjennom Paris-avtalen har alle verdas land forplikta seg til utsleppskutt som bidreg til å bremse klimaendringane og den globale oppvarminga (2-gradersmålet).

Å redusere utslepp av klimagassar frå Vestlandssamfunnet vil vere ein stor og viktig del av arbeidet i regionen framover, nettopp for å stoppe klimaendringane og for å sikre at vi lukkast med miljømessig berekraft. Dette er ei global utfordring, men innsatsen skal skje lokalt. Regional plan for klima kjem til å dele inn arbeidet med utsleppsreduksjon i to tema som heng tett saman;

1. redusere klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030, og
2. redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet

Vestland fylke ønskjer å vere eit føregangsfylke der vi tek ansvar for både å redusere direkte og indirekte klimagassutslepp som Vestlandssamfunnet er ansvarlege for. Dette betyr at vi skal redusere klimagassutsleppa vi er ansvarlege for både innanfor og utanfor dei geografiske grensene våre.

#### 2.1.1 Redusere klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.

*Direkte utslepp* er utslepp av klimagassar som skjer innanfor eit geografisk område, og i planen vil dette gjelde fylket sine geografiske grenser. Det er også desse utsleppa det vert rapportert på nasjonalt, og som SSB presenterer fylkesfordelt klimagasstatistikk på. Det vidare planarbeidet tek utgangspunkt i at desse utsleppa gjeld både *kvotepliktig* og *ikkje-kvotepiktig sektor*, og regional plan for klima skal styrke Vestland si pådrivarrolle i å nå mål om netto nullutslepp innan 2030. For å lukkast i arbeidet med utsleppsreduksjon, må alle ta sitt ansvar. Fylkeskommunen kan sjølv gjere mykje gjennom rolla som samfunnsutviklar, tenesteleverandør og gjennom eiga drift. Samstundes er mange av utsleppskutta avhengige av andre sin innsats, t.d. verksemder, kommunar, stat, og innbyggjar. I det vidare arbeidet vil vi prioritere å synleggjere kven som har ansvar for kva tiltak, og korleis ein kan samarbeide for å lukkast.



Direkte utslepp kjem til dømes som følge av forbrenning av fossilt og biogent karbon, eller utslepp av metan og lystgass frå biogene rottingsprosessar. Fossilt karbon er karbon som har vore bunden opp i til dømes kol, olje eller gass i millionar av år, og er eit framandelement i det korte karbonkrinsløpet. Biogent karbon er bunden opp i dyra og plantene i biosfæren og er på ei anna side naturleg i det korte karbonkrinsløpet. Metan frå fordøyingsprosessar og rotning av daude organismar, og CO<sub>2</sub> frå forbrenning av ved eller biodrivstoff er døme på biogene klimagassar. Utslepp av biogent CO<sub>2</sub> bidrar difor ikkje til å auke mengda karbon i det korte karbonkrinsløpet i særleg grad. Karbonfangst og -lagring, og andre negative utslepp, vert ikkje rapportert inn som del av oppfylling av nasjonale forpliktingar etter FN sin klimakonvensjon. Samstundes vert tiltak og teknologi for å redusere klimagassar viktig i klimaomstillinga.

Andre utslepp enn CO<sub>2</sub> spelar òg ei viktig, men mindre rolle. Reduksjon i metanutslepp (CH<sub>4</sub>) vil redusere temperaturauken, men denne gassen har kortare levetid og ikkje same langsiktige effekt som CO<sub>2</sub>. Lystgass (N<sub>2</sub>O) påverkar meir som CO<sub>2</sub>, men utsleppa av denne gassen er mindre enn CO<sub>2</sub>.

Kva skal vi gjere:

- Gjere greie for status på direkte klimagassutslepp i Vestland, og historisk utvikling.
- Utarbeide framskriving av ulike utsleppsbaner framover, basert på nasjonale og regionale utsleppsmål og ambisjonsnivå.
- Gjere greie for dei største utsleppskjeldene i regionen, og korleis vi skal vere pådrivar for å redusere desse.
- Gjere greie for prioriterte utsleppskjelder i arbeidet med samfunnsutviklinga. Prioriterte tema kan vere:
  - **Transport**
    - Redusere transportbehovet gjennom god planlegging og samordna busta-, areal- og transportplanlegging.
    - Legge om person- og godstransport til klimavenlege alternativ og ordningar for logistikk.
    - Arbeide for nullutslepp både til lands, til vanns og i lufta. Dette vil mellom anna inkludere infrastruktur for nullutsleppskøyretøy, - fartøy og -fly.
  - **Energisparing og energieffektivisering**
    - Arbeide med korleis Vestland kan redusere klimagassutslepp gjennom energieffektivisering og -sparing.
    - Effektiv bruk av energi er avgjerande for framtida sine energisystem og for å nå klimamåla våre. Utfasing av fossil energi vil kreve fornybar energi, og energisparing og -effektivisering vil kunne redusere behovet for ny kraftproduksjon.
    - Dette vil m.a vere aktuelt for bygg, anlegg og drift.
  - **Klimavenleg landbruk**
    - For å halde oppe matvaresikkerheita i eit klima i endring, må vi sikre eit berekraftig landbruk i regionen. Dette inneber m.a. å ta vare på arealressursane og halde matproduksjonen oppe, samstundes som vi jobbar for å redusere klimagassutsleppa.
    - Stimulere til å nå måla i klimaavtalen mellom landbruksnæringane og staten.
  - **Berekraftig næringsutvikling** – Sikre næringsutvikling som del av klimaomstilling av samfunnet. Stimulere til framtida sitt næringsliv gjennom grøn innovasjon og Vestland sine komparative fortrinn.

- Gjere greie for korleis desse prioriterte utsleppskjeldene vert dekkja i andre regionale planar, og avgjere om dei treng eigne fokusområde i klimaplanen, eller om det allereie er tilstrekkeleg dekkja.
- Tydeleggjere grensene for kva type utslepp som inngår i utsleppsmåla, og korleis ein eventuelt gjere tematiske tilpassingar av utsleppsmål, f.eks. fossile utslepp innan klimavenleg landbruk.
- Utvikle retningslinjer for klimaplanen knytt til dette temaet.
- Vidareutvikle gode styringsverktøy for å følgje mål og framdrift, i form av klimabudsjett og klimarekneskap og indikatorar for måloppnåing.
- Gjere greie for karbonfangst og lagring for å auke evna til å ta opp (unngå å frigi) karbon, både gjennom naturlege og tekniske løysingar.

## 2.1.2 Redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet

*Klimafotavtrykket* er både dei direkte utsleppa (scope 1) ved produktet og indirekte utslepp (scope 2 og 3) knytt til produktet (les meir om scope [her](#)). Dei indirekte klimagassutsleppa er utsleppa forbunde med varer og tenester som vert importert til eit geografisk område<sup>2</sup>. Sidan alle klimagassutslepp er globale, vil utslepp knytt til produksjon og transport vere del av klimafotavtrykket. Vestland sitt klimafotavtrykk er langt større enn dei direkte klimagassutsleppa frå regionen, og ved å fokusere på denne forbrukstilnærminga til utslepp, utvidar vi den tradisjonelle måten å ta ansvar for klimagassutslepp på. Dette er det samstundes vanskelegare å gi nøyaktige tal på. Det eksisterer ikkje offentleg tilgjengelege klimagassrekneskap for indirekte utslepp, men Vestland fylkeskommune deltek i ulike prosjekt for å utvikle metodar for å kartlegge klimafotavtrykket både til regionen og til personleg forbruk.

Kva skal vi gjere:

- Gjere greie for status på Vestlandssamfunnet sitt klimafotavtrykk. Aktuelle tema i samband med klimafotavtrykk kan vere:
  - o Forbruk og innkjøp
  - o Sirkulær økonomi og ressursbruk
  - o Redusere avfall og forsøpling

## 2.2 Trygt og robust Vestland

I Folkehelseoversikt for Vestland vert fysiske og psykiske helsekonsekvensar av klimaendringar trekt fram som ei folkehelseutfordring. Kjensla av frykt for å bli råka av skred og flaum er stor, og for mange er opplevinga av å ha uttrygg reiseveg negativt. Klimaendringane gjer at slike naturhendingar skjer hyppigare og med auka intensitet. Konsekvensane er svært kostbare for samfunnet, både på kort og lang sikt. Samstundes som vi reduserer utslepp for å minske klimaendringane, må vi tilpasse oss dei endringane som alt er her og som vi veit vil forsterke seg. [Som all anna planlegging vil klimaarbeidet verte på verka av korleis samfunnet utviklingar seg, oppdatert klimaframskriving og -forskning og generelle megatrender. Som del av arbeidet må ein synleggjere korleis ein kan planlegge under usikre omstende.](#)

Norsk Klimaservicesenter har laga klimaprofilar som gjev eit kortfatta samandrag av klimaendringane og tilhøyrande utfordringar i alle fylka. Klimaprofilen er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunalt og

<sup>2</sup> [Ordliste frå «Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy» KS](#)

regionalt klimatilpassingsarbeid, og syner venta endringar i Vestland innan klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleik.

Vi vil ha ein brei tilnærming til klimatilpassing, og vil difor ta utgangspunkt i omgrepet *klimarisiko*. Den fysiske risikoen ved klimaendringane vil stå sentralt, men eit trygt og robust Vestland er og eit samfunn som tilpassar seg breidda i endringane vi ser kome, både som direkte påverknad eller som eit resultat av dei omstillingsprosessane vi no er i gang med.

Klimarisiko kan beskrivast som risikoen knytt til klimaendringar og klimaomstilling, og inkluderer og finansiell risiko for kommunar, fylkeskommunar og næringsliv og økonomisk berekraft.

Klimarisikotilnærminga utvidar det meir tradisjonelle klimafokuset, og baserer seg på fem overordna risikofaktorar:

*Fysisk risiko:* Risiko for skade på infrastruktur på grunn av klimaendringar, til dømes havnivåstiging, flaum, overvassproblematikk og skred. Denne dimensjonen vert hovudfokuset i arbeidet med eit trygt og robust Vestland, også kjent som klimatilpassing.

*Omstillingsrisiko:* Omstilling som følgje av klimaendringar kan påverke både offentlege og private investeringar, og kan få store konsekvensar for næringslivet, eller for særleg utsette sektorar. Behovet for omstilling kan skape både positive og negative ringverknader, og omstillingsrisiko vil vere eit tema som må koplust til regional plan for innovasjon og næring.

*Ansvarsrisiko:* Finansiell risiko ved skade på eigedom og erstatningskrav, til dømes at kommunar kan bli økonomisk ansvarleg ved skade.

*Gjennomføringsrisiko:* Risiko for kommunen eller andre aktørar sitt omdømme dersom omstilling mislukkast og ein mistar attraktivitet.

*Grenseoverskridande risiko:* Finansiell konsekvens for Norge frå klimarisiko i andre land.

Vi vil i den vidare prosessen arbeide med korleis breidda i klimarisiko-tilnærminga kan bidra til å skape koplingar mellom plantemaa, og koplingar til andre regionale planar og nasjonale føringar.

Kva skal vi gjere:

- Klimaplanen vil med utgangspunkt i risikobiletet identifisere og prioritere viktige innsatsområde for å redusere klimarisiko for innbyggjarane i Vestland.
- Vi vil støtte oss på dei sterke kunnskapsmiljøa på klimatilpassingsfeltet i Vestland, og delta i prosjekt og utgreingar som vil redusere risiko som følgje av klimaendringar i Vestland.
- Klimaplanen vil ha eit særleg fokus på naturbaserte løysingar, **inkludert blågrøne strukturar**, på klimatilpassing.
- Utforme retningslinjer for klimatilpassing.

## 2.3 Sikre naturmangfald

Naturmangfald og klima er i eit samspel som legg rammene for menneskeleg aktivitet, og denne koplinga er uttrykt i FNs berekraftmål nummer 15. Endringar i klima påverkar naturmangfald, og endringar i arealbruk, både på land og i havet, påverkar klima. Dette komplekse vil vi forsøke å vise i klimaplanen. Planen er likevel ikkje ein naturmangfaldsplan, men det er viktig å styrke fokuset på naturmangfald og klima i ein framtidsretta klimaplan.

FNs naturpanel (IPBES) sin rapport frå 2019 viser at dei fleste indikatorane for naturmangfald syner negativ utvikling, og konkluderer med at denne utviklinga gjer oss meir sårbare for ekstreme hendingar, reduserer matsikkerheit og hindrar naturleg opptak av karbon. Vestland har eit rikt

naturmangfald, både på land og i sjø, og det skjer ei negativ utvikling i mange av økosystema våre. Det er 25 naturtypar på raudlista, medan det er 585 forskjellige truga artar.<sup>3</sup> Kvar femte art i norsk natur står i større eller mindre fare for å døyt ut. Nedbygging av viktige habitat og arealtypar er det viktigaste trugsmålet for desse artane. Naturmangfald er også kopla til menneskeleg velvære<sup>2</sup>, og det å ivareta naturmangfaldet kan ha ei positiv effekt på helsa, både psykologisk og fysiologisk.

**Dette er ikkje ein naturmangfaldsplan. Kartleggingar, kunnskapsgrunnlag og tiltak vil difor ikkje inkludere heile breidda av naturmangfaldsombrepet.** Hensikta med å inkludere naturmangfald som eitt av tre overordna tema i klimaplanen, er å sikre denne viktige integrasjonen mellom natur og klima. Viktige tiltak for å redusere tap av naturmangfald, er samstundes positive bidrag både i utslippsreducerande og klimatilpassande arbeid. Naturen leverer fintilpassa økosystemtenester<sup>4</sup> vi i større grad må synleggjere nytteverdiene og vår avhengigheit av. Miljødirektoratet har nyleg fått utarbeidd ein kunnskapsrapport om korleis ein kan nytte naturbaserte løysingar innan klimatilpassing. Dette kunnskapsgrunnlaget vil vi ta med oss inn i planprosessen, og som omtalt under *trygt og robust Vestland*, vil naturbaserte løysingar spele ei sentral rolle i arbeidet med klimatilpassing.

Som eit døme på viktige naturområde trekk vi fram myra, som er viktig både for naturmangfald, opptak og lagring av klimagassar og klimatilpassing (naturbaserte løysingar). Myr står for rundt ein tredjepart av verda sine karbonlager i jord, og bind opp meir CO<sub>2</sub> frå atmosfæren enn den slepp ut. Myr bidreg mange stader med viktig drenering ved kraftig nedbør og dempar flaumtoppar. Dei siste 80 åra har myrarealet i Norge vorte redusert med over 30 % på grunn av arealbruksendringar (som til dømes grøfting, skogplanting og utbygging). Men, dei siste fem åra har meir enn 80 drenerte myrområde i Norge vorte restaurerte. Restaurering av til dømes myrområde har ein positiv effekt for naturmangfald, særleg for fuglar, insekt, planter og mosar. Myrområde er ein av mange viktige naturtypar i Vestland, men den utgjør eit godt døme på kvifor det er ein fordel for oss om vi sikrar gode integrasjonar mellom både klimabehov og naturmangfald.

FNs klimapanel (IPCC) sine rapportar om klima er etter kvart godt nytta i både forskning, forvaltning og næringsliv. IPBES rapporten har fått vesentleg mindre merksemd. Denne må og løftast og integrerast i våre planar og strategiar, om vi skal kunne legge både klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga i Vestland.

Kva skal vi gjere:

- Gjere greie for naturmangfald som har direkte effekt på utslippsreduksjon og klimatilpassing, og identifiser tiltak for å redusere tap av slikt naturmangfald.
- Gjere greie for viktige økosystemtenester i Vestland og korleis vi kan dra nytte av desse i regional- og kommunal planlegging. Dette kan inkludere restaurering av naturområde.
- Gjere greie for korleis vi kan nytte naturbaserte løysingar innan klimatilpassing, som er særleg tilpassa kommunar i Vestland.
- Utarbeide føringar for korleis vi vektar konsekvensar for naturmangfald i Vestland

## 2.4 Klimarettferd og folkehelse i klima

Internasjonalt forventar FN sitt klimapanel at millionar av menneske vil bli råka som følge av endringar i klima, miljø og naturmangfald. Deler av befolkninga har ulik kapasitet og føresetnader for å tilpasse seg desse endringane. Befolkningsgrupper som i utgangspunktet har svak helse og dårlege levekår, er svakast rusta til å møte klimaendringane. Vi har erfaringar med at klimatiltak kan råke befolkninga

<sup>3</sup> <https://artsdatabanken.no/Rodliste>

<sup>4</sup> Også omtalt som naturen sine godar, naturgodar og naturen sitt bidrag til menneskja. Les meir [her](#).

skeivt og urettferdig, noko som kan føre til sosial uro og motreaksjonar. Klimaplanen skal ha fokus på *klimarettferd*.

Mål og tiltak i klimaplanen må difor ha merksemd på sosial ulikskap i helse, og ha mål om å verken redusere levekår, eller livskvaliteten til innbyggjarane.

Kunnskap, kommunikasjon, openheit og medverknad kan bidra til å avgrense polarisering i klimadebatten. Di meir inngripande tiltak, dess større fare for sosial motstand. Større innsats rundt rettferdig omstilling kan bidra til å motverke polariseringa<sup>5</sup>. Det er heilt avgjerande at klimaplanen tek den sosiale berekrafta og klimarettferd på alvor og har fokus på korleis klimamål og -tiltak kan påverke kvardagen vår<sup>6</sup>.

Klimaendringane gir også fysiske og psykiske helsekonsekvensar. Høgare temperaturar og nedbør kan føre til auka førekomst av sjukdommar, luftvegs- og allergiplagar og auka frigjerung av miljøgifter og påverke økologiske og kjemiske vassmiljøet frå deponi. Flaum og skred er dei klimarelaterte naturfenomena som tek flest menneskeliv i Noreg<sup>7</sup>. I perioden 2010-2017 forårsaka storm størsteparten av naturskadane i fylket vårt<sup>8</sup>. I Vestland vart mellom anna kjensla av frykt for å bli råka av skred, utrygg reiseveg m.m. trekt fram i forarbeidet til Utviklingsplanen<sup>9</sup>. Det er påvist auka førekomst av posttraumatiske stresslidning (PTSD), depresjon og angstlidningar i etterkant av ekstremvær og naturkatastrofar<sup>10</sup>. Klimaangst, særskilt hos unge er det førebels forska lite på, men som det er uttrykt uro for omfanget og alvorlegheitsgrada av.

Innan fleire samfunnsområde ventar vi store, offentlege utgifter dei kommande åra. Aldersbæreevna<sup>11</sup> i Noreg er i endring, noko som gir press på velferdsstaten og kommunale budsjettprioriteringar. Kostnadene knytt til klimakrisa vil og vere omfattande, og innan kvart av målområda vil det vere trong for store investeringar. Som samfunn må vi tenke heilskap på heilt andre måtar enn før for å lukkast med ambisiøse mål om ei berekraftig og nyskapande utvikling. Korleis det offentlege løyser utfordringane og leverer tenester, påverkar opplevinga av både tillit, tryggleik, tilgang og tilhøyrse i befolkninga. **Det er naudsynt å tilpasse både verkemidla og tiltaka til lokale forhold, dette for å sikre vekst, tryggleik og trivsel i heile fylket. Risikobiletet vil variere i dei ulike delane i fylket, og løysingane må tilpassast skala og potensielt omfang.**

Dei forventa klimaendringane i Vestland er venta å vere betydelege. Likevel er konsekvensane internasjonalt venta å vere kraftigare. Den sosiale og økonomiske ulikskapen er også større i eit globalt perspektiv. Ekstremvær, mindre avlingar og dårlegare tilgang på vatn kan sende menneske på flukt, med påfølgande sosial uro som konsekvens. Økonomien vår er sterkt integrert i den internasjonale marknaden, der til dømes endringar i import av fôr til landbruk og lakseindustri vil få konsekvensar hos oss<sup>12</sup>. Det som kan kjennest som langt vekke frå Vestland, kan likevel påverke oss, også direkte. Gjennom våre levevanar og handelsmønster påverkar vi forhold globalt, og vi har dermed også eit ansvar her.

<sup>5</sup> <https://cicero.oslo.no/no/posts/klima/polarisering-og-ping-pong-politikk>

<sup>6</sup> <https://www.nmbu.no/aktuelt/node/20255>

<sup>7</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/klimatilpasning/klimatilpasning-i-sektorer/helse/>

<sup>8</sup> [Statistikk og utviklingstrekk, side 44](#)

<sup>9</sup> [https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/vestland-utfordringar?fr=xKAE9\\_zU1NQ](https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/vestland-utfordringar?fr=xKAE9_zU1NQ)

<sup>10</sup> <https://www.fhi.no/nettpub/hin/miljo/klima-og-helse/>

<sup>11</sup> Aldersbæreevnen viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkningen og den eldre delen av befolkningen, og er av vesentlig interesse for framtidens økonomiske bæreevne og for velferdstilbud og helse- og omsorgstjenestene (<https://www.regjeringen.no>)

<sup>12</sup> Vestlandsforskning

Kva skal vi gjere:

- Kartlegge tilgjengeleg kunnskap om klimaendringar i Vestland og helsekonsekvensar av desse, og vurdere om sosiale skilnader påverkar utfallet. Dette for at helseeffektar og ulikskap i sosiale konsekvensar kan bli vurdert i det vidare planarbeidet.
- Vi skal bidra til at mål og tiltak i klimaplanen ikkje skal forsterke sosial ulikskap i helse og økonomi.

### 3. Planstruktur

Planen vil inkludere generelle utviklingstrekk og trendar innan relevante område knytt til arbeidet med klimaomstilling. Dette vil vere utgangspunktet for å prioritere hovudutfordringar og å definere målformuleringane.

#### 3.1 Kunnskapsgrunnlag og utviklingstrekk

I samband med planarbeidet skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget skal kort omtale status og vise utviklingstrekk innan dei prioriterte områda, og danne grunnlaget for det vidare arbeidet. Kunnskapsgrunnlaget vert gjort tilgjengeleg på [nettsidene til klimaplanen](#), og kan difor oppdaterast når ny kunnskap kjem til. Det vert fyrst prioritert fylkesdekkande kunnskap, men der dette kan brytast ned på kommune eller regionsnivå vil det bli gjort. På denne måten vil dette kunne vere ein ressurs for kommunane ved utarbeiding av kommunale planar.

#### 3.2 Målstruktur

Det vil bli utarbeidd eit hovudmål som skal gjelde for heile planen. For kvart plantema vil det utarbeidast overordna temamål, med tilhøyrande delmål. Måla skal bygge opp under dei overordna måla i Utviklingsplanen.

#### 3.3 Handlingsprogram og kopling til økonomiplan

Alle regionale planar skal etter lova ha eit handlingsprogram som gir ein heilskapleg oversikt over korleis planen skal gjennomførast. Eit handlingsprogram kan innehalde tiltak som både fylkeskommunen og eksterne aktørar har ansvar for.

For å kunne vurdere måloppnåing er det ønskeleg med gode måtar å måle utviklinga på over tid. Her vil det vere aktuelt å bygge vidare på indikatorar nytta i oppfølging av utviklingsplanen, for å gå i djupna i det som gjeld tema i klimaplanen. Arbeidet med klimabudsjett og klimarekneskap vil nyttast som ledd i den fylkeskommunale drifta, og vil kontinuerleg vidareutviklast for å fungere som eit godt styringsverktøy og potensielt verktøy for å følgje opp klimaplanen og det geografiske området. **Det vert etablert ei eiga arbeidsgruppa som vil jobbe med denne vidareutviklinga og kopling mellom vedteken plan, handlingsprogram og klimabudsjett/rekneskap.**

Konkrete tiltak skal inngå i planen sitt handlingsprogram. Handlingsprogrammet vil innehalde ei overordna og strategisk del som gjer greie for prioriterte innsatsområde, og i dette må det bli utvikla prinsipp for prioritering av tiltak. I prioriteringa av tiltak må ein vurdere både kostnad og nytte, og eventuelle effektar på andre samfunnsområde. Basert på dette skal handlingsprogrammet også ha ein konkret tiltaksdel som vil bli lagt til grunn for årlege budsjettprosessar. Ein skal årleg vurdere behovet for revisjon av handlingsprogrammet, **for å tilpasse årleg tiltak til naudsynt utsleppsreduksjon.**

## 4. Medverknad

Fylkeskommunen har ansvar for legge til rette for ein god medverknadsprosess, og vi skal sikre størst mogeleg offentleg og reell medverknad i planprosessen. Medverknad i planlegging (pbl. § 5-1) er viktig for å sikre forankring, belyse utfordringane på breiast mogeleg måte, samt at ein i fellesskap kan einast om både utfordringane og løysingane. Ein regional plan for klima vil krevje ein brei medverknadsprosess, som sikrar at flest mogeleg har høve til å komme med innspel, og at desse vert vurdert og eventuelt innarbeidd i planen.

Medverknadsprosessen vil bli prioritert, og det er tenkt aktivitet ut over minstekrava i plan- og bygningslova. For å lukkast med ein regional plan er det naudsynt å jobbe godt med medverknad både internt og eksternt. Arrangementa og aktiviteten vil bli tilpassa gjeldande smitteverntiltak, samt ha eit bevisst forhold til klimafotavtrykket ved arrangementet.

Detaljert skildring av planlagt aktivitet vert publisert på planen si nettside, i kalender, Facebook, samt at spesielt inviterte får tilsendt invitasjon. Kven som vert invitert og det er ynskjeleg at deltek vil bli avgjort med bakgrunn i interessentanalyser som vert gjennomført som del av prosessen til temagruppene.

Basert på høyringsuttalar og høyringsmøte vert to grupper spesielt prioritert i medverknadsprosessen:

- Born og unge – framtidens “nullutsleppsgenerasjon” og dei som må leve med konsekvensane av dagens klimainnsats. Dei er samstundes dei som kan seie noko om korleis ungdomslivet i framtida vil vere.
- Kommunane – som har mykje av ansvaret med å bidra i klimaomstillinga. Ein regional plan, samt planprosessen, vil kunne vere nyttig for kommunar som også utarbeider kommunale klimaplanar og klimatiltak. Deira deltaking vil auke fokuset på å legge til rette for lokal innsats, samt sikre lokal tilpassing av tiltak. Regional nivå vil prioritere å leggje til rette for, og styrke, kommunane sitt klimaarbeid. Dette kan vi mellom anna gjere gjennom å styrke og vidareføre det etablerte nettverket mellom fylkeskommunen og kommunar som utarbeidar kommunale klima- og miljøplanar. Vi må samarbeide for å komme fortast mogeleg til gjennomføring av tiltak.

Heile samfunnet skal klimaomstille seg, og vi vil ha ein brei medverknadsprosess. Dette skal skje gjennom organisering av arbeidet, skissert i eige avsnitt (6), samt gjennom ulike måtar for medverknad. Det er naudsynt å sjå på utfordringane og løysingane med ulike «briller» Dei vi spesielt ynskjer å invitere inn i arbeidet er:

- Næringslivet - sit på mange av løysingane, og har ei viktig rolle i det grøne skrifte
- Nytte etablerte partnerskap og nettverk – for å vidareutvikle gode samarbeid og partnerskap. Eks. Klimapartnerar Vestland
- Landbruksorganisasjonar
- Offentlege myndigheiter og organ
- Forskings- og høgskule/universitetsmiljøet i regionen – styrke og vidareføre det gode samarbeidet og auke kunnskapsnivået.
- Lokale organisasjonar – mykje viktig arbeid skjer gjennom lokal aktivitet
- Innbyggjarane - då det er dei vi planlegg for
- Andre relevante.

Hausten 2020 gjennomførte fylkeskommunen saman med Statsforvaltaren ei spørjeundersøking i kommunane for å gjere ei kartlegging av klimaarbeidet og klimaplanlegginga i kommunen. Vinter/tidleg vår 2021 har vi gjennomført ei enkel nettbasert spørjeundersøking for å få tidleg tilbakemelding på kva plantema denne regionale planen burde prioritere.

Dei fylkeskommunale råda er allereie informert om at dette planarbeidet har starta opp, gjennom eiga referatsak. Vestland ungdomsutval har både fått ei orientering via referatsak, samt ei eiga politisk sak

der dei hadde høve til å spele inn viktige plantema og utfordringar frå ungdommen sitt synspunkt. Dei sluttar seg til dei føreslegne tematiske fokusområda, og trakk fram følgande tema dei meiner er viktig; korleis enkeltpersonar kan bidra til å motverke klimaendringar, styrka fokus på berekraftige skular og arbeidsplassar, tilrettelegging for at våre daglege aktivitetar ikkje er øydeleggande for naturmangfald, og styrke eksisterande energikraftverk, som vasskraftverk.

Fylkesutvalet som prosessorgan for planarbeidet har også drøfta ei prosessak (PS 49/2021) knytt til planarbeidet. Innspela og ordskiftet knytt til denne saka var nyttig, og vi fekk politiske styringssignal i arbeidet vidare. Resultata frå gjennomført forarbeid har danna grunnlaget for tema som er prioritert i utkast til planprogram.

Vi vil prioritere både intern og ekstern medverknad og samarbeid i ulike fasar av planprosessen. Medverknad skal nyttast for å sikre at hovudutfordringar er forstått rett av arbeidsgruppene og samarbeidsgruppene, samt for å sikre innspel til viktige mål, delmål, prioriteringar og tiltak i planutkast med handlingsprogram.

Vi vil informere om framdrift og kvar vi er i planprosessen gjennom [nettsida til klimaplanen](#), der vil vi også publisere ulike arrangement. I tillegg vil vi sende ut invitasjonar, og invitere gjennom annonser på facebook og i andre sosiale medium. Dette for at det skal komme tydeleg fram når vi inviterer til medverknad, kven vi ynskjer deltek, og kva vi ynskjer innspel på.

Av aktivitetar vi ser for oss å gjennomføre er:


- Fysiske og digitale workshops
- Webinar og frukostmøte, gjerne temabaserte
- Bruk av eksisterande nettverk, som m.a. Klimapartnere Vestland
- Digitale spørjeundersøkingar og digitale innspel
- Planforum
- Innspelsmøtet
- "Book din medverknadsprosess" - opne opp for å delta på andre sine arrangement.



## 5. Framdriftsplan

Framdrifta i planprosessen følgjer rammene som utviklingsplanen skisserer for ein regional planprosess. Etter vedtak av planprogram startar arbeidet med sjølve planutforminga. Denne delen inkluderer utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, medverknads- og samskapingsprosessar, samt utarbeiding av høyringsutkastet til planen. Det vert lagt opp til brei og grundige medverknadsprosessar undervegs i planprosessen. Høyringsperioden vil så langt som råd bli tilpassa regional og kommunale møtekalendrar. Fylkestinget skal etter planen vedta klimaplanen hausten 2022.

Framdriftsplan					
Fase	Prosess	Utarbeiding	Medverknad	Høyring	Vedtak
1	Utarbeiding og høyring av planprogram	4.januar – 26.mars	Intern arbeidsgruppe.	26.april til 18.juni	25.august 2021
2	Utgreiingar og kunnskapsgrunnlag	Aug 21 - des.21			
3	Utarbeiding av planforslag	okt 21 – April 22	Nov.21 – mars 22		
4	Høyring og offentlig ettersyn			April 22 – juni 22	
5	Vedtaksfase fram til vedtak i fylkestinget			Aug. 22 – okt. 22	Okt. 22



## 6. Organisering av planprosessen

For å styrke både det faglege innhaldet og forankringa av planen er det viktig med brei deltaking. Vi ønskjer å engasjera både internt i eigen organisasjon, og samarbeidspartnarane våre i fylket. Vi vil skape samarbeidsarenaer både på politisk og administrativt nivå, for å sikre at det ferdige planen allereie er godt kjent, godt forankra og klart for å bli sett ut i live frå dag ein. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med etablering av samarbeids- og arbeidsgruppene, slik at dei er etablerte og klar til å starte arbeidet etter vedtak av planprogrammet. Eventuelle justeringar basert på høyringsinnspel vil bli gjennomført. Organisering av det vidare planarbeidet har vi skissert slik:

Grupper og organ	
Vedtaksorgan	Fylkestinget (FT)
Politisk styringsgruppe og prosessorgan (vedtaksmynde på planprogrammet)	Fylkesutvalet (FU)
Prosjektansvarleg	Fylkesrådmann en
Prosjekteigar	Fylkesdirektør Strategisk utvikling og digitalisering
Prosjektleder	Seksjonsleder plan, klima og folkehelse
Intern forankring	FRM toppleiargruppe
Politisk samarbeidsgruppe (referansegruppe)	Politiske/kommunale aktørar: Utval politiske leiarar i Vestland, inkl. ungdomsutval. Leia av fylkesordførar/varaordførar (etter mal frå Klimaråd Hordaland)
Regional samarbeidsgruppe (referansegruppe)	NVE, Statsforvaltaren i Vestland, SVV, KS og fylkesdirektør for Strategisk utvikling og digitalisering vert invitert inn. Etter mal frå styringsgruppe for regionalt klimasamarbeid i Sogn og Fjordane)
Plansekretariat	Koordinerende og gjennomførande faggruppe.
Arbeidsgrupper	Grupper med ansvar for ulike plantema. <b>Ei eiga gruppe vil ha ansvar for å vidareutvikle klimabudsjett for Vestland, og som verktøy til å styre etter og følge opp klimaplanen</b>

### 6.1 Regionalt klimasamarbeid

Dei regionale klimasamarbeida frå Sogn og Fjordane og Hordaland er ikkje vidareført i Vestland. Dette gjeld det politiske samarbeidsrådet, Klimaråd, i Hordaland, og det administrative samarbeidet på klimafeltet i Sogn og Fjordane.

Det vert føreslått å etablere ei administrativ og ei politisk referansegruppe for planprosessen. Desse vil undervegs fungere som gode diskusjons- og forankringsgrupper, og ressursar i utarbeiding av planen. Etter vedtak av planen vil desse gruppene kunne vidareførast som samarbeidsorgan for oppfølging av klimaplanen. Planprosessen vil på denne måten også skape gode samarbeidsarenaer for klimaarbeid i regionen og oppfølging av vedtekne mål og tiltak.

## 7. Utgreiingsbehov

Under syner vi kort noko av det aktuelle kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet, og førebelse identifiserte behov for utlysning av utgreiingar i klimaplanarbeidet. Dette er ikkje ei uttømmende liste og vil vidareutviklast i vidare planprosess.

Eksisterande kunnskapsgrunnlag	Førebelse identifiserte utgreiingsbehov
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">St.mld 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021–2030</a></li> <li>• <a href="#">The future is now (FN)</a></li> <li>• Klimakur 2030 - <a href="#">Klimatiltak - redusere utslipp - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)</a></li> <li>• <a href="#">KS – Mange bekker små</a> – Grunnlag for prioriteringar neste 4 år – KS 2019.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Indikatorutvikling</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestlandsscenarioene EY, rapport 2020</li> <li>• <a href="#">Klimakur 2030 - Klimatiltak - redusere utslipp - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)</a></li> <li>• <a href="#">Naturen som klimaløsning, Miljødirektoratet Faktaark M-1554, 2019</a></li> <li>• <a href="#">Løsningen er naturbasert (Miljødirektoratet/Asplan Viak)</a></li> <li>• <a href="#">Klimarisiko i kommunene (Miljødir., Rapport M-1959, 2021)</a></li> <li>• <a href="#">Klima i Norge 2100 – Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning – NCCS rapport</a></li> <li>• Klimaprofiler, Norsk Klimaservicesenter</li> <li>• Folkehelseoversikt Vestland 2019-2023</li> <li>• Frå to til eitt klimatilpassingsfylke (Vestlandsforskning -rapport nr. 2/2020)</li> <li>• <a href="#">Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services (IPBES)</a></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenarioanalyse - Skildre mogelege scenario og konsekvensar</li> <li>• Framskriving av klimagassutslepp</li> <li>• Forventa energibehov (energieffektivisering)</li> <li>• Arealrekneskap – vurdere iverksetting av eit slikt arbeid</li> </ul>

### 7.1 Utdjupande om utgreiingsbehov

#### Utsleppsanalyse

Det er naudsynt med utgreiingar knytt til utsleppsreduksjon. Det eksisterer offentleg statistikk på fylkes- og kommunenivå på direkte utslepp (Miljødirektoratet og SSB). Vi manglar samstundes ei god oversikt over kva tiltak Vestland må gjennomføre for å auke ambisjonsnivået over nasjonalt utsleppsmål på 55%. Det vil difor vere naudsynt med utgreiingar knytt til utsleppsbaner framover i tid, og kva dette betyr av auka innsats i regionen. Det er m.a. naudsynt at utgreiinga seier noko om ulike utsleppsscenario framover, og peiker på eventuelle dilemma og konsekvensar dette har for dei andre måla i utviklingsplanen. Målet må òg vere å få synleggjort framtidig energibehov og kostnad knytt til føreslegne tiltak, samt potensialet for årlege utsleppsmål.

## Arealrekneskap

For Vestland synar framskrivne, regionale klimamodellar ei auke i nedbør og intens nedbør som kan føre til større og hyppigare flaumar. I samband med desse utfordringane er det viktig å vurdere kva løysingar som er best egna. Det vil være gunstig å ha eit fokus på innhenting av kunnskap og utvikling av verktøy for å få eit betre oversyn over arealbruk og endringar i arealbruk.

Det har i dei siste åra vore ei rask utvikling i tilgjengelege verktøy for å overvake endringar og halde oversikt over arealressursar. I samband med utarbeiding av ein regional arealplan i  neste planperiode, ynskjer vi å utgreie kva kunnskap som må hentast inn for å realisere dette. **Planprosessen til klimaplanen vil følgje og bidra i forarbeida til regional arealplan for Vestland, og nytte seg av resultat og ny kunnskap frå feltet. Dette er eit komplekst utgreiingsarbeid som primært vert handtert utanfor klimaplanen sin planprosess.**

Dette vil kunne danne grunnlaget for eit arealrekneskap og ein metode for å kvantifisere endring. Det er stor interesse og høg aktivitet innan dette feltet i Universitets- og Høgskulesektoren. Vestlandsmiljøa har m.a. kome langt i innsamling av høgkvalitetsdata som kan nyttast til heildekkande kartlegging av arealbruk gjennom oppdaterte flyfoto (omløpsfotografering).

Dette vil kunne:

- inngå i både kunnskapsgrunnlag for t.d. klimaplanar og arealplanar på regionalt og lokalt nivå
- gje eit godt verktøy i arealplanlegging for kommunane
- utvikle og etablere samarbeid med UH-sektoren og forskingsmiljø
- sette Vestland på kartet i arbeidet med arealrekneskap

## 7.2 Konsekvensutgreiing

Alle regionale planar skal etter lova (§4-2) skildre planen sine verknader. Planar som gir rammer for framtidig utbygging utløyser krav om ei ekstra grundig skildring, ein konsekvensutgreiing. Klimaplanen gir ikkje direkte føringar for konkrete arealtiltak og utløyser dermed ikkje krav om konsekvensutgreiing, men planen skal likevel gjere greie for verknader for miljø og samfunn. Dette betyr at verknadene for dei andre måla i Utviklingsplanen må gjerast greie for, slik at ein har grunnlag for å vurdere den heilskaplege berekrafta i planen, og eventuelle målkonfliktar med Utviklingsplanen. Ein skal vurdere verknader for næringsliv og arbeidsplassar, offentleg økonomi og innbyggjarar. Planen vil vurdere ulike scenario og verkemiddelpakkar som grunnlag for strategiske avgjerder og planutforming, her under ei vurdering av kva som er ei hensiktsmessig hastigheit i innføringa av tiltak, og behov for eventuelle fasar i denne utviklinga.

## 8. Rammer for planarbeidet

### 8.1 Kva skjer internasjonalt?

Dei globale klimagassutsleppa aukar for kvart år som går. I 2018 var dei globale klimagassutsleppa meir enn dobbelt så mykje som det var i 1970<sup>13</sup>. Parisavtalen blei ratifisert av Noreg i april 2016, og trådte i kraft i november same år. Vi skal avgrense temperaturstiginga til godt under 2 grader (togradersmålet), og forsøke å avgrense temperaturstiginga til 1,5 grader.

### 8.2 Kva skjer i EU?

EU sin grønne giv (Green Deal) fører til ein meir ambisiøs klimapolitikk. Sentralt her blir eit eige klassifiseringssystem (taksonomi) for økonomisk berekraft, standardar og merkeordningar for grønne produkt, og fremjing av investeringar i berekraftige prosjekt. Dette vil få ringverknadar for Vestland ettersom store delar av eksportmarknaden vil vere omfatta av EU sine verkemiddel. EU sin taksonomi er meint å operasjonalisere EU sine klimamålsetnadar. Taksonomien klassifiserer økonomiske aktivitetar som spelar ei viktig rolle innan klimaomstilling.

Aktiviteten og satsingsområda til EU vil påverke Norge, og Vestland. Dette vil gjelde både forskingsmidlar, inneber mindre utslepp av klimagassar, særleg CO<sub>2</sub>, mindre forbruk av ikkje-fornybare ressursar, sirkulær økonomi, mindre avfall og forureining, og særleg endringar frå fossile til fornybare energikjelder, utfasing av unødvendig plast, auka fokus på gjenbruk, resirkulering som del av ein sirkulær økonomi osv. Dette vil mellom anna vere viktig for det lokale næringslivet vårt, også synt gjennom [analysar](#) til ny regional næringsplan. Strengje internasjonale krav til klima og miljø stimulerer til innovasjon, og næringslivet vårt har ein mogelegheit til å ta ein nøkkelposisjon i det grønne skifte.

### 8.3 Kva skjer nasjonalt?

Norge har under Paris-avtalen ei forplikting til å redusere klimagassutsleppa med minst 50-55 % i 2030, samanlikna med 1990. Dette utsleppsmålet gjeld både kvotepliktig og ikkje-kvotepliktig sektor.

Viktige nasjonale føringar er:

- [Klimakur 203 Tiltak og virkemidler mot 2030](#)
- [Meld. St. 13 Klimaplan for 2021-2030](#)
- [Meld. St. 41 \(2016-2017\) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid](#)
- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldlova\)](#)
- [Lov om klimamål \(klimaloven\)](#)
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig, og areal- og transportplanlegging](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)
- [Meld.St.16 \(2019-2020\) Nye mål i kulturmiljøpolitikken](#)
- [Meld. St. 45 \(2016-2017\) Avfall som ressurs -avfallspolitikk og sirkulær økonomi](#)
- [Meld. St 18 \(2016-2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)
- [Meld. St. 11 \(2016-2017\) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon](#)
- [Meld. St. 20 \(2020-2021\) Nasjonal transportplan 2022-2033](#)
- [Meld. St. 25 \(2015–2016\) Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030 \(Energimeldinga\)](#)
- [Meld. St. 33 \(2012-2013\) Klimatilpassning i Norge](#)
- [NOU 2018:17 Klimarisiko og norsk økonomi](#)

---

<sup>13</sup> <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/global-utslipp-av-klimagasser/>

## 8.4 Kva skjer regionalt?

Vestland fylkeskommune har to gjeldande klimaplanar, ein for det geografiske området Hordaland og ein for Sogn og Fjordane. Desse planane skal no erstattast med ein ny felles klimaplan for Vestland. Klimaplan for Hordaland<sup>14</sup> blei vedtatt i 2014, medan Regional plan for klimaomstilling<sup>15</sup> blei vedtatt i 2018.

### 8.4.1 Kopling til andre regionale planar.

Utarbeiding av ein regional klimaplan skjer samstundes som det vert utarbeida andre regionale planar, og desse prosessane har alle som mål å følgje opp Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Tett dialog, samarbeid og samhandling mellom planprosessane er naudsynt for å lukkast i felleskap i Vestland.

Tilgrensande regionale planar er:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (på høyring, vedtak 2021)
- Regional transportplan, med tilhøyrande strategiar (på høyring, vedtak 2021)
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (planprogram på høyring, vedtak 2022)
- Regional plan for vassforvaltning Vestland (på høyring, vedtak 2021)
- Regional plan or fornybar energi (planlagt oppstart 2021)
- Regional plan for kompetanse (planlagt oppstart 2021)
- Regional plan for senterstruktur (planlagt oppstart 2021)

#### 8.4.1.1 Særleg kopling mellom regional klimaplan og Regional plan for fornybar energi

I tillegg til regional plan for klima vil fylkeskommunen i 2021 starte arbeidet med ein regional plan for fornybar energi. Dette vil vere to planar som heng tett saman då utfasing av fossil energi og utsleppsreduksjon vil vere avhenging av tilgang til fornybar energi. Auka produksjon av fornybar energi er ikkje utan dilemma og konsekvensar, både knytt til sosiale forhold og konsekvensar for naturmangfaldet i regionen.

Regional plan for fornybar energi	Regional plan for klima
Inkluderer energiproduksjon og distribusjon	Inkluderer utsleppsreduksjon og energieffektivisering

Regional klimaplan vil med andre ord ikkje ta opp tema knytt til ny produksjon av energi og eventuell arealbruksendringar som følgje av dette.

#### 8.4.1.2 Særleg kopling til plan for innovasjon og næringsutvikling

Investeringsevne, omstillingsvilje og omstillingskapasitet i næringslivet blir viktig for klimaomstilling i Vestland, og det vert avgjerande at næringslivet bidreg aktivt i omstillinga. Det vidare arbeidet med klimaplanen vil ta utgangspunkt i arbeidet som ligg bak utkast til ny plan for næring og innovasjon.

#### 8.4.1.3 Særleg kopling til regional transportplan

Den øvste, langsiktige planen for samferdsle- og transportsektoren i Vestland fylke, Regional transportplan 2022-2033 (RTP), er på høyring fram til 12. september 2021. Denne planen med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, mål, tiltak og strategiar vil vere svært relevant for klimaplanen sitt vidare arbeid.




<sup>14</sup> [Klimaplan for Hordaland 2014-2030](#)


<sup>15</sup> [Regional plan for klimaomstilling 2018-2021](#)

LES MEIR OM KLIMAPLANEN OG PROSESSEN HER:

<https://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/klimaplanar-og-rapportar/>







# Høyringsrapport

Planprogram - regional plan for klima 2022-2035

# 1. Innhald

Kort om høyringsaktivitet .....	3
25.mai - høyringsmøte med kommunar .....	3
2. juni - høyrings- og innspelsmøte med relevante forskingsinstitusjonar .....	3
8. juni - Regional planforum .....	3
Videopresentasjon til alle som kan vere interessert .....	3
<b>Overordna drøfting av innspel .....</b>	<b>4</b>
Samandrag av høyringsinnspela .....	4
Hovudområde for klimaomstilling i Vestland .....	5
Innspel knytt til nullutsleppsdefinisjon .....	5
Innspel knytt til energisparing.....	5
Innspel knytt til karbonopptak, fangst og lagring .....	6
Innspel knytt til medverknad.....	6
Innspel knytt til klimavenleg landbruk.....	7
Innspel knytt til andre regionale planar.....	7
Avklaringar kring arealrekneskap.....	7
<b>Vurdering av enkeltinnspel .....</b>	<b>1</b>

# Om høyringa

Høyringsutkastet blei sendt ut til 199 høyringsinstansar til uttale. Det kom inn 33 skriftlege høyringsssvar, i tillegg til munnlege tilbakemeldingar som kom inn gjennom høyringsmøta og planforum. I høyringsperioden blei det arrangert ulike høyringsaktivitetar, inkludert internt dialogmøte i administrasjonen, der til saman m.a. 30 kommunar var, forskingsinstitusjonar innan klimafeltet, samt regional stat var representert. Høyringsfrist blei sett til 18. juni 2021. 8. juni blei utkast til planprogram drøfta i regionalt planforum.

## Kort om høyringsaktivitet

### 25.mai – høyringsmøte med kommunar

Det blei arrangert digitalt høyringsmøte med kommunane for å bidra til eit godt grunnlag for kommunale høyringsuttalar. 84 deltakararar var med i møtet, der omlag 30 av kommunane i Vestland var representert. I møtet blei planprogrammet presentert av prosjektleiinga, før det blei presentert tre faglege innlegg. Det blei opna for spørsmål og tilbakemeldingar både til dei faglege innlegga og til sjølve planprogrammet.

### 2. juni – høyrings- og innspelsmøte med relevante forskingsinstitusjonar

Ulike forskingsressursar i Vestland, som fylkeskommunen har gjennomført ulike forskingsprosjekt med blei invitert til eit eige innspelsmøte. Dette er institusjonar som tradisjonelt ikkje skriv høyringsuttalar, men er viktige kunnskapsressursar på teamet. Deltakarar frå Vestlandsforskning, NORADAPT (Norsk senter for bærekraftig klimatilpasning) og CET (Senter for klima og energiomstilling) ved Universitetet i Bergen deltok.

### 8. juni – Regional planforum

Høyringsutkastet for planprogrammet vart presentert og diskutert i regionalt planforum 8. juni. Representantar frå Statens vegvesen, Statsforvaltaren i Vestland, BaneNor og Kystverket deltok i tillegg til representantar internt i fylkeskommunen.

### Videopresentasjon til alle som kan vere interessert

Det blei spelt inn ein presentasjon av planprogrammet på video, som også låg tilgjengeleg på klimaplanen si nettside. Presentasjonen inneheldt detaljar kring planprogrammet, for å danne eit betre grunnlag for å skrive høyringsuttale. Videoen har ikkje har veldig mange brukarar, så om dette skal nyttast under høyringa av planutkastet så må videoen promoterast noko meir.

# Overordna drøfting av innspel

I denne delen vert det presentert eit kort samandrag av innspel som har blitt vurdert til å medføre endring i vedtaksutkast til planprogram. I sjølve vedtaksutkastet er tekst som er endra på markert med grøn skrift for å synleggjere endringar av vesentleg grad.

Innhaldet i desse drøftingane er grunnlag til politisk sak.

## Samandrag av høyringsinnspela

Tilbakemeldingane har generelt vore gode, der fleire legg vekt på at det er positivt at fylkeskommunen no inkluderer naturmangfald, klimarettferd og folkehelse i planprogrammet. Samstundes har nokre uttalar etterlyst ei tydelegare skildring av nullutsleppsmålsetjinga i utviklingsplanen. Framlegg til definisjon vert difor presentert i vedtaksutkastet til planprogrammet.

Høyringsinnspela syner også at det er store forventingar til kva ein regional klimaplan skal og bør vere, samt forventingar som bør og skal inngå i eit ferdig planutkast. Det vert t fokusert på korleis den regionale planen kan legge til rette for aktivitet i fylket vårt, spesielt i kommunane. Ambisjonsnivået er høgt, og det er store forventingar både prosessen, resultatet og verktøya for oppfølging. Ikkje alle forventingar kan dekkast, då nokre prioriteringar er naudsynt å gjere i denne type planarbeid, og for å redusere omfanget.

Høyringsinnspela er å finne under *Vurdering av enkeltinnspel* i dette dokumentet. Korleis innspela er tatt med vidare i vedtaksutkastet vert presentert ved bruk av fargekodar. Det er gjort mindre tekstlege endringar i planprogramutkastet, desse vert ikkje skildra som eigne avsnitt i høyringsrapporten. Større tekstlege endringar, presiseringar og definisjonar som har blitt skrive inn i vedtaksutkastet vert presentert i det følgjande. Etter vedtak vil planprogrammet gjennomgå ei grafisk oppdatering, der mellom anna dette og ev. endringsvedtak vert fletta inn før publisering.

I dei vidare vert det løfta fram tema det er gjort endringar på frå høyringsutkastet.

## Hovudområde for klimaomstilling i Vestland

Fleire høyringsuttalar poengterer at dei er positive til Vestland fylkeskommune sine val av tre hovudområde (1.3 Kvifor gjer vi dette?), og ser på det som inspirerende at fylkeskommunen har eit høgt ambisjonsnivå på eit så viktig felt som klima og berekraftig samfunnsutvikling. Med denne tilnærminga til klimaomstilling, vil planen vere viktig for å lukkast med målsetjingane i utviklingsplanen, samt bidra til å innfri Noreg sine internasjonale forpliktingar. Ein uttale etterlyste ei enno tydelegare forklaring på kven denne regionale planen omfattar.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering:

Tilbakemeldingane stadfestar måten planprogrammet definerer klimaomstilling av Vestlandssamfunnet, og det vert ikkje gjort endringar på denne strukturen. Det er samstundes lagt inn ein informasjonsboks for å gjere det tydeleg kven planen gjeld for, og kven som skal legge denne til grunn i sitt arbeid.

## Innspel knytt til nullutsleppsdefinisjon

Av høyringsuttalar og munnleg innspel i høyringsfasen blei det av fleire stilt spørsmål til kva som var meint med «nullutslepp innan 2030». Det vert tatt positivt imot at fylkeskommunen har høge ambisjonar, medan det vert stilt spørsmål til kva som vert definert inn i dette ambisjonsnivået.

Tre uttalar stilte spørsmål ved realismen kring eit så ambisiøst klimamål. I tillegg til å tydeleg definere kva vi meiner med dette målet er det naudsynt å syne korleis dette skal operasjonaliserast.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering

Regional plan for klima skal følge opp vedtekne mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Det er difor ikkje tenkt å gjere endringar i ambisjonsnivået i regionen. Under handsaming av *Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling* blei dette ambisjonsnivået derimot tydelegare presisert til å vere «**netto nullutslepp** innan 2030». Denne planen blei vedtatt i Fylkestinget 16.juni 2021 (PS 38/2021) og det vidare arbeidet med regional klimaplan tek utgangspunkt i vedtaka gjort i verdiskapingsplanen, samt definisjonane av utsleppskutt som er gjort der. Dette bidreg til felles innsats og felles forståing mellom regionale planar. Utgreiingar som er planlagt gjennomført i denne planprosessen vil også løfte fram ulike tiltakspakkar knytt til dette ambisjonsnivået, i tillegg til scenarioanalysen som ligg til grunn for verdiskapingsplanen. Nullutsleppsmålet som no vert brukt er *netto nullutslepp*. Det vert også lagt til eit avsnitt for å gjere nullutsleppsdefinisjonen meir tydeleg, under *Kva meiner vi med nullutslepp?* i vedtaksutkastet. Det er samstundes naudsynt å arbeide vidare med å synleggjere kva dette utsleppsmålet betyr for dei ulike sektorane.

## Innspel knytt til energisparing

I høyringsutkastet sto «bygg og energibruk» som eksempel på prioritert utsleppskjelde. Det kom fram innspel om at energisparing burde få eit eige punkt, då det er avgjerande at vi sparer og optimaliserer energibruken vår for å redusere både klimagassutslepp, behov for arealinngrep og naturpåverknad.



Figur 1: HOVUDOMRÅDA I KLIMAOMSTILLING

Fylkeskommunedirektøren si vurdering

Gjennom statlege planretningslinjer vert det presisert at regionale klimaplanar skal inkludere ambisiøse mål for effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i både bygningsmasse og resten av kommunen, samt tiltak og verkemiddel for dette. Det vert difor under gjort endringar i punktlista under 2.1.1, der det vert eit eige prioritert plantema som heiter *energisparing og energieffektivisering*. Dette vil inkludere energibruk i bygg, anlegg og drift. Dette fokuset vil også kunne inngå som bakgrunnsinformasjon og passe saman med regional plan for fornybar energi som skal fokusere på behovet for fornybar energiproduksjon og distribusjon.

### Innspel knytt til karbonopptak, fangst og lagring

Nokre uttalar presiserte ulike måtar for å ta opp, lagre og fange karbon, og at dette var ein viktig del av klimaomstillingsarbeidet som ikkje var tydeleg nok i høyringsutkastet. Både naturlege løysingar og tekniske alternativ som CCS (carbon capture and storage) blei løfta fram.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering

Høyringsutkastet skildra kort at klimaomstilling også inkluderer måtar for å binde karbon, men vi ser at dette ikkje kom tydeleg nok fram. Difor vert det i vedtaksutkastet lagt til eit punkt under «kva skal vi gjere» (2.1.1.) som skildrar at det vert naudsynt å inkludere både karbonfangst og lagring for å nå klimamåla våre.

### Innspel knytt til medverknad

#### Auka fokus på kommunar

Kommunane er lokal planmynde og har mykje ansvar knytt til klimaomstilling. Tilbakemeldingar frå kommunar peikar på viktigheita av ein overordna regional klimaplan som kan bidra til samordna føringar og verkemiddel til vestlandskommunane. Ein regional plan, samt planprosessen, vil vere eit nyttig verktøy ved utarbeiding av kommunale klimaplanar, på denne måten kan ein samarbeide og gjere kvarandre gode. Nokre uttalar peikar på at det vert naudsynt å tilpasse både verkemidla og tiltaka til lokale forhold, dette for å sikre vekst, tryggleik og trivsel i heile fylket. Risikobiletet vil variere i dei ulike delane i fylket, og løysingane må tilpassast skala og potensielt omfang.

#### Auka fokus på born og unge

Dagens born og unge er framtida sin “nullutsleppsgenerasjon” - og dei som må leve med konsekvensane av dagens klimainnsats. Dei er samstundes godt posisjonert til å seie noko om korleis ungdomslivet i framtida vil vere. Som eit ledd i medverknadsarbeidet vil vi sette eit særleg fokus på nettopp dette, og søke nye og alternative medverknadsprosessar som skal sikre at framtidens nullutsleppsborgarar vert høyrte og lytta til.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering

I vedtaksutkast vil planprogrammet løfte fram spesielt kommunar og barn og unge som viktige partar i denne planprosessen.

Kommunane i regionen skal sjølv lage klimaplanar, og vi ynskjer i stort grad å bidra i deira lokale prosessar, ved å leggje til rette for, og styrke kommunane sitt klimaarbeide. Vi må saman kunne komme til gjennomføring og tiltak så fort som råd. Kommunal deltaking i vår planprosess vil auke fokuset på lokal innsats, samt sikre naudsynte lokale tilpassingar av tiltaka. Kommunane har ei viktig rolle i klimaomstillinga av Vestland.

Born og unge syner eit sterkt engasjement og høg kunnskap om kva som er naudsynt for å få til ei endring i samfunnet, mellom anna gjennom klimastreik, initiativ til å erklære klima- og miljøkrise, samt klimabrøl og andre aksjonar. Framtida si stemme må med i framtida sin klimaplan.

## Innspel knytt til klimavenleg landbruk

Både gjennom høyringsuttalar og munnlege innspel i høyringsmøte blei det uttrykt bekymring for nullutsleppsmålet og landbruksnæringa, spesielt sidan definisjonen knytt til utsleppstal ikkje har vore tydelege nok. Det kom fleire uttalar som løfta opp klimaavtalen mellom landbruksnæringa og regjering. Denne klimaavtalen syner korleis klimagassutsleppa skal reduserast og karbonopptaket i jorda skal aukast fram mot 2030. Det blei spelt inn at denne avtalen vil vere eit viktig utgangspunkt for temaet klimavenleg landbruk i klimaplanen.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering

Med den regionale planen ynskjer vi å bidra til å sikte på å sikre eit berekraftig landbruk i regionen, mellom anna for å halde oppe matvaresikkerheita i eit klima i endring. Det er gjort presiseringar i teksten om at klimaplanen skal stimulere til måloppnåing i klimaavtalen mellom næringa og staten. Den vidare prosessen vil ende opp med regionale mål for temaet, basert for kunnskapsgrunnlaget, arbeidet i temagruppene, samt medverknadsaktivitet.

## Innspel knytt til andre regionale planar

Nokre av innspela inkluderte uttale om tema som inngår i andre regionale planar. Innspela er tatt til orientering, samt sendt over til ansvarleg fagperson for utarbeiding av regional plan på temaet. På denne måte vert den vidareformidlar til korrekt faggruppe tidleg i prosessen. Dette gjeld spesielt regional plan for fornybar energi og regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

## Avklaringar kring arealrekneskap

For Vestland synar framskrivne, regionale klimamodellar ei auke i nedbør og intens nedbør som kan føre til større og hyppigare flaumar. Det vil vere gunstig å ha fokus på innhenting av kunnskap og utvikling av verktøy for å styrke kunnskapsgrunnlaget på arealbruk. I samband med utarbeiding av ein regional arealplan i  neste politiske planperiode (jf. Utviklingsplan for Vestland), ynskjer vi å utgreie kva kunnskap som må hentast inn for å realisere dette. Planprosessen til klimaplanen vil følgje og bidra i forarbeida til regional arealplan for Vestland, og nytte seg av resultat og ny kunnskap frå feltet. Dette er eit komplekst utgreiingsarbeid som primært vert handtert utanfor klimaplanen sin planprosess. Dette vil kunne danne grunnlaget for eit arealrekneskap, og gje verktøy for utarbeiding av komande regionale og kommunale klimaplanar i tillegg til forbetra kommunal arealplanlegging.





# Vurdering av enkeltinnspel

Under følger ei kort oppsummering av alle hørings innspela. Alle innspel er lest igjennom og vurdert for det vidare arbeidet. Det er notert korleis Fylkeskommunedirektør tilrår at innspela vert tatt til følgje.

Innstilling frå fylkeskommunedirektøren er fargemarkert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

<b>Ikkje tatt til følgje</b> (Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring i planprogrammet.)	<b>Tatt til orientering</b> (Innspel inneheld relevant informasjon, men medfører ingen endring i planprogrammet.)	<b>Tatt til følgje.</b> (Endring er av mindre karakter i planprogrammet, og ikkje presentert i saksframstilling.)	<b>Tatt til følgje.</b> (Endring eller informasjon av betydning, som presentert i høringsrapport og saksframstilling.)
---	--	--	---

Kystverket (2021/2254-17)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Transport Infrastruktur	Sjøtransporten er avhengig av ein tilfredsstillande maritim infrastruktur for å kunne levere gode og effektive tenester til sine kundar (m.a. farleier, fyr, merker, moloar og hamner/hamnerterminaler med tilhøyrande infrastruktur). Klimaendringar vil auke utfordringane for etablering/dimensjonering og drift/vedlikehald av maritim infrastruktur.	Tatt til orientering
Transport	Industri og næringsliv på Vestlandet er lokalisert nær sjøen, og det er utstrakt bruk av sjøtransport, og over relativt korte avstandar.	
Transport Infrastruktur	Sjøtrafikken har eit tydeleg utslepp av klimagassar. Naudsynte grep er blant anna raskare fornying av transportmidlane, etablering av infrastruktur for alternative energikjelder og automatisering av logistikk- og hamneoperasjonar.	Infrastruktur for nullutsleppsalternativ på land, til sjøs og i lufta er naudsynt for å lukkast.
Plantema generelt	Det bør vurderast å framheve infrastruktur som problemstilling - eller som ein del av løysinga, då dette vil ha innverknad på fleire plantema.	Tatt til følgje under tema transport
Samarbeid	Kystverket stiller seg til rådighet med informasjon og kunnskap innanfor vårt fagfelt, og deltaking på eit underorda nivå som til dømes i aktuelle arbeids-/faggrupper.	

Helse Vest RHF (2021/2254-18)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Planprogrammet er godt og ambisiøst!	
Samarbeid	Helse Vest og våre helseforetak ønsker å melde oss på som ein samarbeidande aktør med Vestland fylkeskommune i høve til klimaplanen. Aktuelle områder for samarbeid kan til dømes vere transport, arealutvikling og samarbeid knytt til sirkulær økonomi. Vi vil setje stor pris på å bli invitert inn i deira administrative samarbeidsorgan som føreslått i planprogrammet. Helse Vest er ein aktør på Vestlandet og vi tenkjer at eit samarbeid kan vere fruktbart for begge partar, i tråd med FN sitt mål nr. 17 for bærekraft, «samarbeid for å nå mål».	Det vil vere aktuelt å invitere inn temagrupper
Voss Herad (2021/2254-19)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Voss herad tykkjer det er både positivt og inspirerande at Vestland fylkeskommune har store ambisjonar på eit så viktig felt som klima og berekraftig samfunnsutvikling.	
Generelt	Eit tett samspel mellom fylket og dei kommunane i Vestland som no er i gang med å utarbeida eigne klimaplanar vil vera både viktig og nyttig i den vidare prosessen. Slik vil me saman kunna bidra i arbeidet med å skapa eit framtidig godt, berekraftig og trygt nullutsléppssamfunn.	
Høyringsmøte	Set pris på at dette blei arrangert, men for å dra nytte av dei må dei komme tidlegare i høyringsperioden.	Dette er ei viktig tilbakemelding for planlegging av neste høyringsperiode.
Plantema generelt	Voss herad støttar i hovudsak opp om valte hovudområde og plantema slik det er skissert i utkast til planprogram. Det er positivt at naturmangfald er integrert som del av det vidare arbeidet og at klimarettferd får særskilt fokus.	
Økonomisk vekst	Voss Herad ynskjer at fylket gjer ei kritisk vurdering av <i>korleis økonomisk vekst står i konflikt med miljø som heilskap, og korleis ein vil handtere denne motsetninga</i> . Sentralt i slike vurderingar er skilnaden mellom materiell levestandard og livskvalitet. Difor kan det vere fruktbart å inkludere miljø-filosofiske, -sosiologiske og -psykologiske Vestland fylkeskommune	Tatt til følgje. Økonomisk vekst knytt til miljømessig og sosial berekraft er eit sentralt og viktig tema.
Energiproduksjon	Voss herad meiner at noko av løysinga for å sikra ei berekraftig næringsutvikling som del av klimaomstillinga i samfunnet er å leggja til rette for å nytta meir kraft der den vert produsert, og	Dette er eit relevant tema for både regional

	slik stimulera lokal næringslivsutvikling. Dette vil igjen kunna innebera ny næringsutvikling i distrikta og bidra til at me får tatt heile fylket i bruk på berekraftig sett. Kraftfylket Vestland, med fylkeskommunen i spissen, burde ta initiativ til ordningar som innebar at det vart lettare å få aksept for at krafta skal nyttast der den vert produsert. Om denne problemstillinga skal lyftast fram i regional klimaplan, regional plan for innovasjon og næringsutvikling eller i regional plan for fornybar energi kan diskuterast, men poenget lyt varetakast også i overordna regional planlegging.	plan for berekraftig verdiskaping, samt fornybar energi. Innspelet vert vidareformidla til prosjektleiinga for desse planane.
Medverknad	Voss herad støttar opp om at det vert lagt vekt på at born og unge vert invitert inn i medverknadsarbeidet.	Fokus på born og unge vert enno tydelegare i vedtaksutkast
Medverknad Samarbeid	Kommunane er nemnt som ein naturleg samarbeidspart i arbeidet og Voss herad ser fram til å verta invitert med inn i relevante arbeidsgrupper.	
Medverknad	Voss herad vil oppmoda Vestland fylkeskommune til å verta del av det KS- initierte <u>Bærekraftsnettverket</u> der både Voss herad og Bergen kommune vart medlemmer tidlegare i år. Bærekraftsnettverket er eit godt fora for kunnskapsdeling og vidare arbeidet med å realisera FN sine berekraftsmål på lokalt og regionalt nivå.	Dette vert vidareformidla internt. Ev. deltaking må politisk avklarast
Kunnskapsgrunnlag Klimafotavtrykk	Det er eit stort behov for auka kunnskapsgrunnlag på klimaområdet generelt og kanskje særleg på det som gjeld indirekte utslepp og «folkets fotavtrykk». I fylkeskommunen sitt vidare arbeid med å oppdatera og vidareutvikla kunnskapsgrunnlaget vil det vera nyttig om dette vert gjort på eit sett som gjer det mogeleg for kommunane å nytta same kunnskapsgrunnlag i eige planarbeid.	Vi er med i eit utviklingsprosjekt for å skaffe verktøy til å kartlegge folkets klimafotavtrykk
Måloppnåing	Voss herad har nyleg starta opp arbeidet med å gjennomføra KPI - analyse i regi av U4SSC. Analysen vil omfatta 92 forskjellige indikatorar som målar kor berekraftige me faktisk er i dag, og kvar me bør arbeida vidare for å styrka ei berekraftig lokalutvikling i tråd med FN sine berekraftsmål. Berekraftsmåla relatert til klima og miljø vert her satt i samanheng med alle dei andre berekraftsmåla. Møre og Romsdal fylkeskommune er i slutfasen på arbeidet med å gjennomføra KPI analyse for alle kommunane i fylket og vil då ha eit nyttig felles indikatorverktøy som ikkje berre kan nyttast til internt arbeid i kommunane, men også til benchmarking med andre kommunar i eige fylke, og med andre kommunar nasjonalt - og internasjonalt. Voss herad oppmodar Vestland fylkeskommune til å vurdera same framgangsmåte som Møre og Romsdal har hatt på dette området.	Dette vert vidareformidla internt. Ev. deltaking må politisk avklarast

Organisering	Voss herad har ikkje anna merknad til opplegg for organisering av planprosessen anna enn at det heile tida vert sikra at <i>heile</i> fylket er med.	
Medverknad Samarbeid	Voss herad ynskjer Vestland fylkeskommune lukke til i det vidare viktige arbeidet og ser fram til å vera ein aktiv del av dette.	
<b>Fylkeseldrerådet (2021/2254-20)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Fylkeseldrerådet tar planen til vitande, og fylkeseldrerådet er opptatt av å vere med i den vidare prosessen.	
<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (2021/2254-21)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	RMNF tek saka til vitande, og ber om å bli oppdatert i det pågåande arbeidet med planen.	
<b>Vestland ungdomsutval (2021/2254-22)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Vestland ungdomsutval synst at plan for regional plan for klima inneheld mange gode punkt. Denne prioriteringa som blir gjort er på mange måtar funksjonell. Det er viktig for ungdomen at Vestland fylkeskommune har ei berekraftig utvikling, der ein tenker at framtidige behov også skal kunne dekkast. Målet om null klimautslepp stiller me oss veldig positive til.	
Matproduksjon	Ein ting som ungdomen saknar i planen er det med å minske matsvinn. Ved å redusere matsvinn i Vestland kan ein få ned produksjonen av mat, og dermed redusere utsleppa meir.	Aktuelt for tema ressursbruk
<b>Statsforvaltaren i Vestland (2021-2254-27)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Planprogrammet er oversiktleg og godt. Det er peikt ut gode og relevante hovudområde og plantema som skal ligge til grunn for planarbeidet og sikre ei brei tilnærming til klimaarbeidet. Vi har i det følgjande nokre innspel til planprogrammet og det vidare arbeidet med klimaplanen.	
Generelt	Planen skal handle om korleis vi kan redusere utslepp av klimagassar, korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane og korleis vi sikrar naturmangfaldet. Planen vil vere viktig for å lukkast med målsetjingane i utviklingsplanen, og for å bidra til å innfri Noreg sine internasjonale forpliktingar på klimafeltet.	

Generelt	Planprogrammet er oversiktleg og godt gjennomarbeidd og har med viktige tema, slik at planen vil kunne bli eit godt verktøy for klimaarbeidet i Vestland. Klimaplanen bør legge realistiske mål, og vi rår til å vurdere om dette er eit for ambisiøst mål.	
Ambisjonsnivå		
Verktøy for kommunane	Spørjeundersøkinga som Statsforvaltaren og fylkeskommunen gjennomførte i 2020, om status for klimaarbeidet i fylket, viser at kommunane har behov for rettleiing og nye verktøy til klimaarbeidet. Vi rår til å leggje stor vekt på kva som kan vere til hjelp for kommunane i deira arbeid med klima, slik at planen kan bli eit godt verktøy for kommunane. Vi konstaterer at det skal vidareutviklast gode styringsverktøy for å følgje mål og framdrift i form av klimabudsjett, klimarekneskap og indikatorar for måloppnåing, jf. kap 2.1.1. Retningslinjene til planen bør vere konkrete og tydelege på kva val som er viktige for kommunane og andre for å nå klimamåla. Fylkeskommunen bør vurdere om punkta under «Kva skal vi gjere» bør konkretiserast nærare, for å få tydelegare fram kva som er meint og kva som skal prioriterast.	Endeleg utkast har auka fokus på kommunane, og deira behov.
Handlingsprogram og budsjett	Det vil vere vesentleg at det vert utarbeidd handlingsprogram som del av ein klimaplan, både på regionalt nivå og i kommunane. Ein handlingsdel må vise tydeleg ansvarsdeling for oppfølging av klima i organisasjonen. Handlingsprogrammet bør vise korleis samarbeidet mellom dei ulike aktørane skal organiserast, og det må vidare vere kopla opp mot budsjett.	
Klimaendringar og naturmangfald	Det er understreka i planprogrammet at klimaendringar og naturmangfald må sjåast i samanheng, m.a. fordi velfungerande økosystem er viktig for å nå klimamåla. Dette gjeld både ved at naturen kan ta opp og lagre karbon, men også ved at naturen kan dempe verknadene av klimaendringar som m.a. flaum og skred. Vi støttar at dette er ein viktig inngang til klimaarbeidet.	Karbonfangst og lagring vert gjort tydelegare i utkastet.
Arealrekneskap	For kommunane vil arealplanlegginga vere sentral i arbeidet med å nå klimamåla. Ivaretaking av viktige naturområde og artar heng tett saman med utsleppsmål og klimatilpassing. Eit overordna mål for kommunane må vere å redusere omfanget av arealbruksendingar, både av omsyn til klima og naturmangfald. Eit arealrekneskap vil vere eit nyttig verktøy. Vi konstaterer at arealrekneskap er med i kapittel 7 om utgreiingsbehov, og vi ser det som viktig at det vert jobba vidare med dette.	Arealrekneskap vert nærmare omtala i endeleg utkast
Naturmangfald	Miljødirektoratet har lansert ei digital rettleiar til korleis kommunane kan lage kommunedelplanar for naturmangfald ( <a href="https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arter-og-naturtyper/kommunedelplaner-for-naturmangfold/">https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arter-og-naturtyper/kommunedelplaner-for-naturmangfold/</a> ). God kunnskap om naturmangfald vil vere	

	viktig for klimaarbeidet i kommunane, og vi rår fylkeskommunen til å motivere kommunane til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald, gjennom retningslinjene i klimaplanen.	
Klimarettferd og folkehelse	Det er viktig at samanhengen mellom klimaplanlegging og folkehelsearbeidet vert sett i samanheng, og Statsforvaltaren ser det som positivt at dette perspektivet er med i klimaplanen for Vestland.	
Landbruk	Innsatsen innafor landbruket er saman med anna arealforvaltning viktig for å nå klimamåla. I arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar er både tiltak mot avskoging og tiltak for auka opptak av CO <sub>2</sub> i skog og andre landareal viktig. Vi konstaterer at det om klimavenleg landbruk i kap 2.1.1 er sagt at vi skal sikre eit berekraftig landbruk i regionen, for å halde opp matvaresikkerheita i eit klima i endring. Vi viser til klimaavtalen mellom staten og næringa som blei vedteken i 2019 <a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/ada13c3d769a4c64a0784d0579c092f4/klimaavtale-i-jordbruket.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/ada13c3d769a4c64a0784d0579c092f4/klimaavtale-i-jordbruket.pdf</a> . Dette er ein ambisiøs avtale med målsetting om både å redusere samla klimagassutslepp og auke opptak av karbon i jorda tilsvarande fem millionar tonn CO <sub>2</sub> ekvivalentar frå 2021 til 2030. For å følge opp avtalen har landbruket laga ein klimaplan med åtte satsingsområde <a href="https://www.bondelaget.no/miljoogklima/dette-er-landbrukets-klimaplan">https://www.bondelaget.no/miljoogklima/dette-er-landbrukets-klimaplan</a> . Ein føresetnad for avtalen er at klimautsleppa skal reduserast utan at det reduserer matproduksjonen. Vi oppmodar fylkeskommunen om at det for landbruk vert det lagt opp til same mål for Vestland som det er lagt opp til nasjonalt	Vidare i prosessen vil arbeidet fokusere på harmonisering mellom regionale klimaambisjonar, matvaresikkerheit, samt ambisjonar og avtalar mellom næringa og staten.
Jordvern	Det er òg viktig å hindre nedbygging av landbruksjord. Vi viser til at regjeringa nyleg har lagt fram ein oppdatert jordvernstrategi med nye tiltak og eit forsterka jordvernmål: <a href="https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/oppdatert-jordvernstrategi-og-forsterket-jordvernmal/id2850354/">https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/oppdatert-jordvernstrategi-og-forsterket-jordvernmal/id2850354/</a> .	
Karbonlagring	I planprogrammet er myr trekt fram som døme på viktige naturområde som er viktig for lagring og binding av klimagassar. I arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar er tiltak mot avskoging og tiltak for auka opptak av CO <sub>2</sub> i skog og andre landareal også viktig. Innsatsen innafor landbruket er saman med anna arealforvaltning vesentleg for å nå klimamåla.	Karbonfangst og lagring vert gjort tydelegare i utkastet.
Samfunnstryggleik og beredskap	Retningslinjene om klimautfordringar i eit samfunnstryggleiksperspektiv bør ikkje vere for generelle. Vi rår til å konkretisere nærare kva som høyrer inn under kulepunkta i «kva skal vi gjere», i kapittel 2.2 (om trygt og robust Vestland), og kanskje peike ut nokre viktige, konkrete problemstillingar å jobbe med, som t.d. havnivåstigning i Bergen.	

Regningslinjer	Det er sagt at klimaplanen skal ha særleg fokus på naturbaserte løysingar for klimatilpassing, utan at dette er konkretisert nærare. I arbeidet med naturbaserte løysingar vil ei kartlegging av naturområde gje oversyn over kva areal som er viktige for å redusere negative verknader for klimaendringar. Dette bør leggast vekt på ved utarbeiding av retningslinjer om dette temaet.	
Rettleiingsmateriell	<i>Miljødirektoratet si klimarettleiing</i> Vi viser elles til Miljødirektoratet si rettleiing på klimaområdet, om både klimatilpassing og arbeidet med å kutte klimagassar ( <a href="https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/">https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/</a> ). Under tema arealplanlegging ( <a href="https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/klima/">https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/klima/</a> ) ligg det tre sentrale rettleiarar for klimaarbeid i arealplanlegginga; ein om klimavennleg lokalisering, ein om karbonrike areal og ein om klimatilpassing i arealplanlegginga.	
Samarbeid	<i>Referansegruppe</i> I planforum var det sagt at det er ønskjeleg å opprette ei referansegruppe der ulike statsetatar er med, og at det vil bli sendt ut ein invitasjon. Vi vil gjerne bidra i det vidare arbeidet med klimaplanen gjennom deltaking i ei slik gruppe.	
<b>Stord kommune (2021/2254-23 og 28, to like)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Planprogrammet inneheld svært mykje nyttig og relevant informasjon. Kommunen meiner at dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i planprosessen. Vi har ingen merknad til innhaldet eller tema.	
Struktur i planprogrammet	Det er likevel eit svært tunglest planprogram, med mange inndelingar, tema og målsettingar. Planprogrammet bør forenklast og gjerast meir «lettlest». Dette vil gjera det meir tilgjengeleg for alle gruppene ein ynskjer å nå, og involvera politikarar, offentlege og private aktører.	Dette skal vi ta med oss vidare.
Nullutslepps-definisjon	Vestland fylke skal vera ein pådrivar for å nå nullutsleppsålet i 2030. Det er i planprogrammet ikkje sagt noko om korleis ein definerer nullutslepp. Ein tydeleg definisjon av dette bør utarbeidast. Denne bør utformast slik at kommunane i Vestland fylke kan nytte same definisjon i sine klimaplanar.	Nullutslepp vert tydelegare definert i vedtaksutkast
Medverknad	Det bør i planprogrammet kome tydelegare fram kva medverknadsformer som faktisk er planlagd. No er det svært generelt, og det er ikkje så lett å kome med innspel.	Basert på intressentanalyse, samt arbeidet til

		temagruppene vil fleire detaljar utarbeidast. Dette vert presentert på klimaplanen si nettside.
Medverknad	For kommunen er det viktig at det vert lagt til rette for at kommunen kan kome med innspel og at dei vert involvert i prosessen gjennom fleire rundar i prosessen. Kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for møter og arbeidsverkstad i kommunen eller i Sunnhordlandsregionen.	
Medverknad	Lista over grupper som skal ha fokus i medverknadsprosessen er ganske lang, og ein kan vanskeleg finne grupper som er utelatt her. Kommunen meiner at ulike grupper bør koplast på dei ulike tema, og at dette kjem tydlegare fram i planprogrammet eller ei eit eige program for medverknad.	
Generelt	Kommunen stør planprogrammet slik det ligg føre og med dei merknadane vi har nemnd over. Stord kommune jobbar mot å bli ein nullutsleppskommune i 2030 og det er difor svært positivt at Vestland fylke jobbar mot same målet, og at ein difor har felles målsettingar.	
<b>Norges Handelshøyskole (2021/2254-24)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	NHH takker for muligheten til å gi innspill til planprogrammet til Regional plan for Klima 2022-2035. Vår oppfatning er at planen legger gode føringer for utarbeidelsen av Klimaplanen. NHH stiller seg positiv til å bidra i utviklingen av Regional plan for Klima, og ønsker Vestland fylkeskommune lykke til i arbeidet.	
Medverknad Samarbeid	NHHs eksistensklæring er «Sammen for bærekraftigverdskapning», og våre fagmiljø kan være en naturlig samarbeidspartner i deler av arbeidet med Regional plan for Klima.	
Samarbeid	NHH har gjennom samarbeidsavtaler og nettverk tett kontakt med næringsliv, nasjonale og internasjonale forskningsmiljø og beslutningsorganer. Sammen med næringslivet har NHH mange prosjekter knyttet til omstilling og bærekraftige forretningsmodeller, og har slik både kunnskap og erfaringer som er relevante i arbeidet med utarbeidelse av planen.	
Utsleppsreduksjon Sirkulærøkonomi	NHH har flere forskingssentre som er relevante for de ulike plantemaene, hvor mellom annet forskingssentrene «Digital Innovation for Growth», «Centre for Sustainable Business» og «Centre for Energy, Natural Resources and the Environment» har flere prosjekter som vil være relevante å dra lærdom fra inn i arbeidet med reduksjon av klimagassutslipp og sirkulær økonomi.	



Klimarettferd og folkehelse	I tillegg har NHH et Senter for Fremragende forskning, «Centre for Experimental Research on Fairness, Inequality and Rationality», som vil kunne bidra med kunnskap om plantemaet knyttet til klimarettferdighet og folkehelse i klima.	
Medverknad Samarbeid	Til slutt vil NHH fremheve studentforeningene som en mulig samarbeidspartner i arbeidet med utviklingen av Klimaplanen, da de er fremtidens endringsagenter for bærekraftig utvikling i nærings- og samfunnsliv.	
<b>Norsk senter for bærekraftig klimatilpasning (Noradapt): Utforma av forskarar ved tre av institusjonane som deltek i dette senteret: Vestlandsforskning, NORCE og Senter for energiomstilling ved Universitetet i Bergen (2021/2254-25)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Klimarisiko Naturmangfald  Nullutslepps- definisjon  Klimabudsjett Klimarekneskap	<p>Kva er bra?</p> <p>Val av Stockholm Resilience Center sin tilnærming til FNs berekraftsmål (dei økologiske set absolutte grenser for dei økonomiske)</p> <p>Bruk av omgrepet klimaomstilling (men pass på at det ikkje berre blir eit «nyord»)</p> <p>Planprogrammet brukar ei brei tilnærming til klimarisiko</p> <p>Kople klimapolitikk med vern av biologisk mangfald. Risiko frå klimaendringar og naturøydelegging er det stadig større fokus på i forskinga.</p> <p>Stor vekt på medverknad i klimaarbeidet er positivt.</p> <p>Positivt med eit ambisiøst overordna målsetting - nullutslepp innan 2030. Dette må operasjonaliseras, det kommer vi til nedanfor. Samstundes er det positivt at planprogrammet legger opp til å «Vidareutvikle gode styringsverktøy for å følgje mål og framdrift, i form av klimabudsjett og klimarekneskap og indikatorar for måloppnåing.» Slike styringsverktøy vil være svært viktige for å lykkes med tiltaka.</p>	
Hovudområda  Samarbeid	<p><b>Kva manglar?</b></p> <p>Den store versus den vesle klimapolitikken</p> <p>Heilskapen i klimapolitikken, gjerne eit underkapittel om samanhengen mellom utsleppsreduksjon, klimatilpassing og biomangfald. Her kan en og ta opp utfordringar med målkonfliktar på dei ulike områda - mellom anna med utgangspunkt SDG17 i ei fortolking for Vestland.</p>	

Kompleksitet	Meir om korleis ein kan handtere kompleksitet - det kan vere ein tendens til at ein «temmer» nokre utfordringar ved å frikople dei frå kvarandre.	
Klimakrise	Om omgrepet «klimakrise» - kva slags meining legg ein i omgrepet krise, og kva konsekvensar det har for prioritering av handlingsalternativ (som sjølvstakt kjem i handlingsplanen)	Dette er eit potensielt tema for diskusjon i prosessmøte med fylkesutval
Andre regionale planar	Seie noko om forholdet til den kommande energiplanen, og andre planar av relevans.	Dette vert omtalt i utkastet.
Oljeutvinning	Utslepp frå utalandsk bruk av norskprodusert olje og gass gjev 20 x større utslepp enn det offisielle norske utsleppet. Indirekte utslepp frå konsum i Vestland vil omlag doble det utsleppet vi står ansvarlege for. Dette må det seiast noko om dersom vi skal vere truverdige i korleis vi snakkar om ansvar. Vestland fylke er mellom dei fylka som tener mest på utvinning og leiting etter olje. Bør difor fylkeskommunen gå inn i diskusjonen om å stanse leiteaktivitet, og/eller avvikle olje- og gassutvinning fortare enn 'naturleg tømning'?	Dette er eit potensielt tema for diskusjon i prosessmøte med fylkesutvalet
Klimarisiko	Kan ein utvide klimarisikoomgrepet enda meir? Dvs. sei noko om kva risiko som ligg i politikk og iverksetting av politikk, og om risiko som ikkje kan målrest i fysiske eller økonomiske størrelsar.	
Ambisjonsnivå	Om ambisjonsnivå i planarbeidet: vi ser at man på ulike nivå set målsettingar for kutt i klimagassutslepp som ikkje nås. Det viktige er at det settast konkrete målsettingar som verkar som reelle rettesnorar for den praktiske politikkkutforminga - ikkje overambisjuse mål som lett ignorerast.	Definisjon av nullutslepp vert gjort tydelegare i endeleg utkast
Utgreiingar	Dei to tidlegare fylkeskommunane har laga klimaplanar i 20 år. Kva kan fylkeskommunen lære av dette med tanke på klimaarbeidet dei neste 20 åra? (jf rapport NORCE og Vestlandsforskning laga på dette om klimatilpassing). Vi foreslår en systematisk gjennomgang av kva tiltak som har fungert, og kva plangrep som har vært effektive.	Det er gjennomført enkel evaluering av gjeldande planar som del av forarbeidet. Utvida utgreiing/evaluering vert ikkje bestilt

Næringsutvikling	Ein diskusjon om regulering versus frivillige ordningar inn mot næringslivet. Undersøkingar vi har gjennomført viser at dei fleste næringsaktørar anerkjenner at dersom vi skal sjå dei store endringane, så treng vi regulering og offentlige incentiver, ikkje frivillige ordningar som ber om åtferdsending. Endring må krevjast, og det må løne seg å følge reglane.	Tilbakemeldinga vert vidareformidla inn i oppfølging av regional plan for berekraftig verdiskaping
	Grad av samspel regionalt - og korleis handtere mangel på samspel i nasjonal politikk?	Utarbeiding og oppfølging av regionale planar kan styrkast gjennom nettverk på tvers av forvaltningsnivå
	Planprogrammet har peika på samspel med berekraftmål og biologisk mangfald, men kva med andre viktige politikkområde som fornybar energi/energisparing, og samferdslepolitikk?	Viktig tema, som er dekkja av endeleg utkast
Plantema miljø	Kor er den «gamle» natur- og miljøvernpolitikken (er det «klima OG miljø» som skal vere premiss for all planlegging, eller berre «klima»)?	Planprogrammet vil poengtere kva vi dekker og ikkje dekker.
Samfunn i endring	Sei noko om problemet med å jobbe «i eit kart som endrar seg undervegs», altså at ein kan forvente samfunnsendingar som får innverking for planen - men som ikkje direkte kan koplast til klimaplanen	
Nullutslepps-definisjon	Avklare ulike og delvis konkurrerande «utsleppsomgrep» Kva er forskjellane mellom omgrepa «nullutslepp», «lågutslepp», «klimanøytral», og «netto nullutslepp»? - og kva inneber dette for FK?	Definisjon vert gjort tydelegare i endeleg utkast.
Utgreiingsbehov	Om scenario: ein ting er scenario for utslepp, ein anna er scenario for politikk, samfunnsutvikling og økonomi. Kan ein dra nytte av SSP-tenkinga (shared socio-economic pathways), men omsett til ein Vestlandskontekst? Her kan ein også dra veksler på IPBES sine 'nature narratives' for å teikne opp moglegheiter og hindringar for klima- og miljøpolitikken. NORCE arbeider med slik scenario-tenkning.	
<b>Norges vassdrags- og energidirektorat (2021/2254-26)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	NVE har ingen merknader til planprogrammet.	

Kvam Herad (2021-2254-29)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt Samarbeid	Kvam heradsstyre støttar opp eit grundig og godt planprogram, og ser fram til eit godt samarbeid, for å fylgja opp både den regionale planen og Kvam herad sin eigen energi- og klimaplan.	
Samarbeid	Kvam herad ynskjer å melda seg på det vidare arbeidet med energi- og klimaplan.	
Ansvarleggjere innbyggjarar	Kvam herad vil understreka at planprogrammet bør leggja sterkt vekt på kva einskildmenneska/innbyggjarane kan gjera for å fylgja opp dei einskilde hovudtema i det vidare planarbeidet.	Plan og handlingsprogram må synleggjer kven som har ansvaret for tiltaket, samt korleis ein kan samarbeide for å lukkast. Dette gjeld ulike nivå, inkl. innbyggjarar
Generelt	Slik rådmannen ser det, så passar det fint at denne planen, kjem samstundes som Kvam herad er iferd med å vedta sin eigen energi- og klimaplan. Arbeidet med fylkeskommunen sin plan, vil vera ein god drahjelp for kommunen sin eige plan. Samstundes som fylkeskommunen er avhengig av god hjelp i frå kommunane, for å gjennomføra sine ambisiøse tiltak. Det vil difor vera svært nyttig for Kvam herad å melda seg på arbeidet alt no.	
Generelt  Ansvarleggjere innbyggjarar	Rådmannen er vurderer planprogrammet til å vera grundig og tek for seg dei fleste nivåa, frå internasjonal til nasjonalt, regionalt og lokalt. Samstundes som det vert understreka at einskildmenneske også har ansvaret for sine handlingar i høve til klima og klimagassutslepp. Det er difor viktig at det vert peika på lag og organisasjonar, som viktige i det vidare arbeidet. Dette kunne ha vore understreka enda meir, for å ansvarleggjera oss alle innbyggjarane i Vestland fylke.	
Solund kommune (2021-2254-30)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Solund kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeida ein regional plan for klima.	
	Solund er ein rein øykommune med spreidd busetnad på om lag 15 øyer, der ein del av desse er veglause stader. Nær 90 % av arealet som Solund kommune forvaltar er sjøområde med	

	<p>stor gjennomgangstrafikk, i tillegg har Solund store verdier knytt til landskap, mykje myrlandskap og kystlynghei, samt ei lang strandsone. Det er 12 verna område i Solund knytt til sjøfuglområde, skog (kystfuru), edellauvskog og vassdrag. Dette gjev utfordringar knytt til klimaarbeid.</p>	
Plantema	<p>For å arbeide med klimaet må det arbeidast breitt for å dekke alle sider ved temaet. Solund kommune støttar hovudområda som er valde.</p>	
Sjøfart	<p>Solund kommune sine utslepp, jamfør Miljødirektoratet sine statistikkar, er i hovudsak knytt til sjøfart, faktisk så mykje som om lag 97 % av utsleppa er knytt til sjøfart. Svært mykje av dette er det gjennomgangstrafikk av fartøy som aldri har ærend i Solund, som står for. Det kan difor ikkje vere forventningar om at kommunane skal kunne gjere noko med utslepp knytt til nasjonal sjøtrafikk. Dette bør også takast omsyn til i statistikkbanken som vert laga av regionale og nasjonale myndigheiter. Kommunane treng statistikkbank for utslepp på eit slikt nivå at kommunen har verkemiddel til å redusere utsleppa. Framlegg til målsetting for planarbeidet:</p> <p><b>Regional klimaplan skal gi kommunane kunnskapsgrunnlag og statistikk for utslepp på eit slikt nivå at kommunen har verkemiddel til å redusere utsleppa</b></p>	<p>Klimaplanen si rolle for å leggje til rette for kommunalt klimaarbeid vert løfta fram i endeleg utkast.</p>
Innspel til mål		
Naturmangfald	<p>Solund kommune er oppteken av vi skal ta vare på naturmangfaldet vårt, og meiner difor at det ikkje er tilstrekkeleg å redusere tap av naturmangfald som har direkte effekt på utsleppsreduksjon.</p> <p>Alt naturmangfald er ein del av ein økologisk samanheng, og reduksjon eller tap av ein art som ikkje har direkte utsleppsreduksjon, vil kunne føre til at økosystemet kjem ut av balanse og påverkar andre artar som har direkte effekt på utsleppsreduksjonen. Dersom dette ikkje er aktuelt, spør Solund kommune seg i kva planverk Vestland Fylkeskommune skal ivareta naturmangfald som ikkje har direkte effekt på utsleppsreduksjon? Naturmangfald har ein verdi i økosystema uavhengig av klimaeffekten av den einskilde art. Det må koma tydeleg fram i ein plan som også omhandlar naturmangfald. Framlegg til målsetting for planarbeidet:</p> <p><b>Regional klimaplan skal dekkja naturmangfald på ein heilskapleg måte. Naturmangfald har ein verdi i økosystema uavhengig av klimaeffekten av den einskilde art eller naturtype.</b></p>	<p>Naturmangfald har mange viktige funksjonar og verdier, som ikkje vert inkludert i denne regionale klimaplanen. Dette er eit bevisst val, då dette ikkje er ein rein naturmangfaldsplan.</p>
Innspel til mål		
Klimarettferd By/land	<p>Plantemaet klimarettferd og folkehelse i klima, er riktig og viktig. Tiltaka her må også sikre at innbyggjarar i utkantkommunar ikkje får reduksjon i helse eller økonomi grunna klimatiltak, samanlikna med andre. Likskapsprinsippet må også gjelde for næringsliv i utkantkommunar, og</p>	<p>Klimatiltak må tilpassast staden, dette vert løfta fram i den politiske</p>

Forslag til mål	<p>utkantkommunane i seg sjølv, sett opp mot næringsliv og kommunar i meir sentrale stromk. Dei teknologiske løysingane og verkemidla må ikkje forsterka sentralisering og urbanisering. Framlegg til målsetting for planarbeidet:</p> <p><b>Regional klimaplan skal gje konkrete løysingar på regionalt og kommunalt nivå på aukande ulikskap og auka utgifter grunna klimaendringar og klimapolitikk sett i lys av strammare kommuneøkonomi og større omsorgsbyrde.</b></p>	saka, samt i endeleg utkast av planprogram.
Kunnskapsgrunnlag	<p>Det vil vere svært positivt om Vestland fylkeskommune utarbeider statistikk på kommunenivå, slik at kommunane kan nytte seg av denne og komme fortare til utføringsfasen i lokale klimaplanprosessar. Solund kommune ynskjer å gjennomføre den lokale prosessen med klimaplanen tett etter den fylkeskommunale prosessen. Det er difor viktig for Solund kommune at resultatet av arbeidet med den regionale klimaplanen vert publisert kontinuerleg, sjølv om det er framlegg og dei ikkje vedtekne. Dette gjeld til dømes statistikkar, klimafotavtrykkanalysar, utgreiingar, føringar, framskrivningar, m.m. Framlegg til målsetting for planarbeidet:</p> <p><b>Arbeidet med regional klimaplan skal leggjast opp slik at kommunane kan utarbeida sine klimaplanar parallelt med den regionale planen</b></p>	
Forslag til mål	<p>Solund kommune er oppteken av at det vert haldne opne medverknadsprosessar. I den lokale klimaplanprosessen i Solund er det tankar om å ha arbeidsverkstader med oppvekstsektoren knytt til klimaplanprosessen, og vi oppmodar Vestland fylkeskommune om å gjere det same. Det er den oppveksande generasjon som skal gjennomføre ein del av det</p>	Born og unge vert involvert i medverknadsprosessen
Medverknad Barn og unge		
Generelt Tilrettelegging for kommunane	<p>Til slutt ynskjer Solund kommune å minne om at kommunane har avgrensa med tid, og ressursar i form av pengar, og har dermed avgrensa gjennomføringsevne. Det er difor viktig at det vert peika på lågt-hengande frukter som er enkle, raske å gjennomføre og som ikkje eller i liten grad fører til meirarbeid. Det må gjerne sjåast på om det kan samlast kunnskap om smarte måtar å arbeide med klima på, samt gode døme. Det er også viktig med god rettleiing og gode insentiv.»</p>	Kommunane sine behov vert prioritert gjennom å løfte dei som viktig medverknadsaktør
Fellesforbundet, Vestnorsk Transportarbeiderforening (2021-2254-31)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging

Generelt	Transportbransjen står for 31 % av nasjonale utslepp, for Vestnorsk Transportarbeiderforening representerer dei som arbeider i næringa som er kjent med at mykje av omstilling som må skje i det grønne skriftet anngår oss.	Innhaldet i innspelet vert tatt til orientering. Oppfølging av mange av punkta i uttalen inngår i oppfølging av andre regionale planar. Innspelet vert vidaresendt til prosjektansvarleg for næringsplan og regional transportplan
Medverkand	<p>Viktig at trepartssamarbeidet står sterkt, også i omstilling. Den nordiske modellen er anerkjent for å skape dialog blant motparter og bidra til å redusere spenningar både på arbeidsplassen og i samfunnet for øvrig. Vi mener derfor det er helt naturleg i forbindelse med det grønne skiftet at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtteordningar målrettes til bedrifter med landsdekkende tariffavtale med fagforbund med innstillingsrett</li> <li>• Det stilles krav om ansattmedvirkning i omstillingsprosesser til næringar som skal motta offentlig støtte.</li> <li>• Arbeidstakerorganisasjonene inkluderer som høringsinstans for offentlege planer og direkte offentlege råd og prosesser.</li> </ul>	
	<p>For at næringslivet skal omstille seg er det viktig at det finnes både krav til og intenciver for næringslivet.</p> <p>Offentlege innkjøp må stille tekniske miljøkrav i sine utlysningar og bestillinger-også i transport. Redusere bompengetakst for miljøvennlige næringskjøretøy</p> <p>Støtteordningar for bedrifter som ønsker å bytte ut miljøvennlige kjøretøy med miljøvennlige</p> <p>Utbygging av ladestasjonar til taxiholdeplasser for å bedre grunnlaget for å bruke elektriske kjøretøy</p>	M.a. infrastruktur på land vert løfta fram under transport i vedtaksutkast
<b>Produksjon og godstransport</b>	Vi mener det viktigste grepet for å redusere klimafotavtrykket vil være sentralisering og samlokalisering av industri, lager og logistikk. For å redusere utslippene bør fylkeskommunen påvirke kommunene til å sentralisere sine industriområder innefor hvert enkelt arbeidsmarkedsområde. Innenfor de enkelte distrikt som har større infrastruktur bør man	

	<p>samløkalisere havn, jernbane, lufthavn og terminaler med industriområder. For å sikre stordrift og redusere utslipp bør vi regulere sjøfronten vår slik at havnevirksomhet blir forbeholdt de store havnene. Disse grepene vil kunne føre til redusert miljøbelastning gjennom</p> <p>Reduksjon i internttransport</p> <p>Reduksjon i mengden og lengden transport mellom hver enkelt instans i transportkjeden</p> <p>Reduksjon i kjørelengde mellom opplastingssteder</p> <p>Det bør også være incentivordninger til næringslivet for flytting til slike samlokaliserte soner</p>	
Kollektivtransport	<p>Mener det er store muligheter for reduserte utslipp i kollektivtransporten. Eks. steg andelen tomkjøring på buss med 40 % etter anbud ble innført, og fremdeles tomkjøres det mye. Her kan man benytte anbudsmodellen til å stille krav til oppdragstakerne om å redusere tomkjøringen, og på den måten bruke det private næringslivets omstillingsevne til å oppfylle mål som det offentlige setter seg.</p>	
Kollektivtransport	<p>Fylket er eier av garasjeanlegg og pausebrakker som benyttes av anbudsvinnere, samt holdeplasser med sanntidssystemer. Vi mener at å oppgradere disse anleggene til å bli selvforsynte er i det offentlige interesse for å nå klimamål. Solcellepaneler på garasjeanlegg, pausebrakker og holdeplasser med sanntidssystemer for buss vil bidra til å redusere utslipp og skape merverdi til det offentlig. Mereffekter kan innebære</p> <p>Merverdi til det offentlige ved salg av overskuddsstrøm</p> <p>Elektrisk oppvarming av busser vinterstid - reduksjon i bruk av dieselvarmere (Dette kan igjen gi reduksjon i behov for snømåking av busstak</p> <p>Eks: Grossistleverandøren ASKO har god erfaring med selvforsyning gjennom solceller</p>	
<b>LO Vestland / Landsorganisasjonen i Norge (2021-2254-32)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Medverkand Samarbeid	Innledningsvis ønsker vi å informere om at LO Vestland ønsker å bidra aktivt i arbeidet med plan for klima, spesielt på det som omhandler utslippsreduksjon og klimarettferdighet.	
Klimarettferd og folkehelse i klima	Under overskriften "2.4 Klimarettferd og folkehelse i klima" står det at "Vi skal forsøke å sikre at mål og tiltak i klimaplanen ikke skal forsterke sosial ulikskap i helse og økonomi". Dette må ikke bare forsøkes. LO forutsetter at det sørges for at en får en rettferdig omstilling.	Rettferdig omstilling er grunnen til at klimarettferd er inkludert i denne planen.
Utsleppsreduksjon	Overordnet innspill til planprogrammet er at kutt i klimagassutslipp må få effekt globalt, og en må særlig se på hvordan en kan kutte utslipp i ikke-kvotepliktig sektor.	



Berekraftig næringsutvikling	En må ellers vise i planen hvordan en vil legge til rette for grønn innovasjon og næringsutvikling, med fokus på arbeidsplasser. Det er viktig å bruke den eksisterende kompetansen og erfaringen fra industrien i arbeidet med omstilling og det grønne skiftet. Det er også viktig at forskning på grønn omstilling og grønn teknologiutvikling tar utgangspunkt i Vestlands komparative fortrinn.	Berekraftig næringsliv vert eit deltema i vedtaksutkastet, i tillegg til at dette teamet er godt dekke i plan for berekraftig verdiskaping .
CCS	Det er nå under oppføring et CCS i Øygarden. Det er viktig at det legges til rette for at flere industriprosjekter kan kobles på så fort som mulig, slik at det etableres nye verdikjeder og arbeidsplasser.	Karbonfangst vil bli inkludert i endeleg utkast.
Innkjøp	Vi er positiv til at fylkeskommunen bruker innkjøpsmakten for å bidra til bedre klima og miljø, og det er viktig for oss at det også bidrar til å skape og styrke arbeidsplasser i Vestland.	
Sirkulær økonomi	Det er viktig å ha fokus på, og bygge opp under, gode prosjekter innenfor sirkulær økonomi som gir mening og har effekt. Som et godt eksempel viser vi til BIRs arbeid med å etablere «mat til mat» av matavfall.	
Fornybar energi Produksjon og distribusjon	Avslutningsvis vil vi gjenta at det haster å få gjort noe med den manglende nettkapasiteten til Bergensområdet og kysten av Vestland. Det foreligger store planer som fører til økt forbruk av elektrisk kraft i området, som dagens linjer ikke har kapasitet for. Nok strøm og tilstrekkelig nettkapasitet er en forutsetning for å lykkes både med klimatiltak og det grønne skiftet forøvrig.	Regional plan for fornybar energi vil inkludere dette temaet.
<b>Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2021-2254-33 og 35, registrert i saksarkiv to gonger)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar planprogrammet for Regional plan for klima 2022-2035 slik det ligg føre, med følgjande innspel:	
Struktur på planprogrammet	<b>Struktur av planprogrammet</b> Planprogrammet inneheld svært mykje nyttig og relevant informasjon. Regionrådet meiner at dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i planprosessen. Vi har ingen merknad til innhaldet eller tema. Det er likevel eit svært tunglest planprogram, med mange inndelingar, tema og målsettingar. Planprogrammet bør forenklast og gjerast lettlese. Dette vil gjera det meir tilgjengeleg for alle gruppene ein ynskjer å nå, og involvera politikarar, offentlege og private aktørar.	

Nullutslepps-definisjon	<b>Nullutslepp i 2030.</b> Vestland fylke skal vera ein pådrivar for å nå nullutsleppsmålet i 2030. Det er i planprogrammet ikkje sagt noko om korleis ein definerer nullutslepp. Ein tydeleg definisjon av dette bør utarbeidast. Denne bør utformast slik at kommunane i Vestland fylke kan nytte same definisjon i sine klimaplanar.	Definisjon av nullutslepp vert gjort tydelegare i endeleg utkast.
Medverknad  Samarbeid	<b>Medverknad</b> Det bør i planprogrammet kome tydelegare fram kva medverknadsformer som faktisk er planlagd. No er det svært generelt, og det er ikkje så lett å kome med innspel. For Samarbeidsrådet for Sunnhordland er det viktig at det vert lagt til rette for at kommunane kan kome med innspel og at dei vert involvert i prosessen gjennom fleire rundar i prosessen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ynskjer at det vert lagt til rette for møter og arbeidsverkstad i regionen.	Kommunefokuset vert styrka, og dermed også involvering med kommunar
Medverknad	Lista over grupper som skal ha fokus i medverknadsprosessen er ganske lang, og ein kan vanskeleg finne grupper som er utelatt her. Samarbeidsrådet meiner at ulike grupper bør koplatt på dei ulike tema, og at dette kjem tydelegare fram i planprogrammet eller i eit eige program for medverknad.	
Naturmangfald	<b>Naturmangfald</b> Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner punkta som ein skal utgreie på naturfangfald ser lovande ut. Det er likevel viktig for Samarbeidsrådet for Sunnhordland at fylkeskommunen i eit slikt arbeid har best mogeleg kunnskapsgrunnlag i arbeidet, og at ein jobbar med å få på plass så god kartlegging som mogeleg over dei naturtypene som finnes i fylket. På den måten er det lettare å gjere vurderingar på kvar ein kan akseptere å bygge ned noko natur, og kvar ein ynskjer å verne natur eller eventuelt verne natur gjennom fornuftig bruk av arealet.	
Generelt	Avslutningsvis vil me rosa fylkeskommunen for eit godt grunnlag og ser fram til vidare samarbeid med dykk!	
<b>Naturvernforbundet Hordaland (2021-2254-34)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Planen inneholder mange gode elementer som til sammen peker mot det samme målet: Nullutslipp i Vestland fylke innen 2030. Tre hovedområder fokuseres i klimaplanen: <u>Utslippsreduksjon</u> , <u>klimatilpasning</u> og <u>naturmangfold</u> . Dette er en god struktur.	
Klimafotavtrykk	Spesielt er det positivt at «reducere klimafotavtrykket», dvs. avtrykk knyttet til indirekte utslipp fra produkter gjennom produksjon og transport utenfor fylkets og landets grenser, som lenge har vært holdt utenfor klimaregnskapene, nå tas med.	

Naturmangfold	At sikring av naturmangfold innlemmes i planarbeidet er også positivt på bakgrunn av at klimakrisen og naturkrisen er to sider av samme sak og må sees i sammenheng. Vi stiller oss også positiv til at klimatilpasning, inkludert klimarettferdighet og folkehelse, er tatt med i planen.	
Klimarettferd		
Verkeområde	<b>Det bør komme tydeligere fram at målene i planprogrammet gjelder hele fylket</b> , dvs. alle innbyggere, næringer og forvaltningsnivåer, ikke bare Vestland fylkeskommunes virksomhetsområder.	Tydeleggjort i endeleg utkast
Ambisjonsnivå	<b>Målet om nullutslipp innen 2030 kan synes urealistisk</b> , sett i lys av at de nasjonale målene for 2030 er på 50-55% reduksjon (sammenlignet med 1990-nivå). Vi spør oss hvilke ekstra virkemidler fylkeskommunen har til rådighet og ber om at det begrunnes særskilt hvordan fylket kan oppnå høyere mål enn de nasjonale. Brutte klimamål har dessverre så langt vært regelen heller enn unntaket. Det er svært viktig for klimaomstillingsarbeidet at målene er realistiske, hvis ikke vil det kunne ha negativ effekt for motivasjon og gjennomføring på alle plan.	Definisjon av nullutslepp vert gjort tydelegare i endeleg utkast.
Årlege utsleppsmål	Skal ambisjonene i klimaplanen oppfylles må målene ledsages av forpliktende årlige mål (fra og med 2022 og frem til 2030) for totalutslippene og innenfor hver av utslippssektorene, slik som transport, bygg- og energibruk, landbruk og næringsutvikling. Selv om det påpekes (på s. 11) at «Ein skal årleg vurdere behovet for revisjon av handlingsprogrammet» må denne forpliktelsen forsterkes og utvides i planprogrammet. <b>Planprogrammet bør derfor tydelig presisere at årlige utslippsmål og plan for korrigerende tiltak skal være inkludert i den endelige planen.</b>	Det vil utarbeidast handlingsprogram og klimabudsjett. Dette, kombinert med klimarekneskap, vil vere verktøy for å følgje utviklinga. Det vert bestilt ei utsleppsanalyse for å skildre tiltakspakkar for å nå målet i 2030.
Karbonoptak	Skal utslipp reduseres i hht mål i punkt 3 (over) bør det presiseres at <b>naturlige karbonlagre må ivaretas slik de er</b> og, kompenseres der inngrep ikke kan unngås	Lagring og opptak vert omtala i endeleg utkast.
Klimafotavtrykk	Som nevnt er det positivt at indirekte utslipp tas med i planprogrammet, men dette må gis <b>mer konkret mål enn kun å «redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet»</b> slik det står (s. 6) i programmet. For at indirekte utslipp skal reduseres må settes opp tilsvarende årvisse mål som for direkte utslipp, slik at klimafotavtrykket reelt sett reduseres.	
Ansvar for tiltak	Som en følge av dette bør det også tydelig fremkomme <b>ansvarliggjøring</b> av tiltakene. Som det står i planprogrammet (s. 6): «For å lukkast i arbeidet med utslippsreduksjon, må alle ta sitt ansvar». Dette momentet bør forsterkes i planprogrammet og konkretiseres i den endelige planen gjennom å vise hvilke sektorer som har ansvar for oppfølging og resultatoppnåelse, som f.eks. virksomheter, kommuner, fylke, stat og innbyggere. En slik konkretisering vil være avgjørende for måloppnåelsen.	Ansvarleggjering og samarbeid vil vere ein viktig del av oppfølging av mål og tiltak.
Ambisjonsnivå Reell påverknad	Selv om klimaplanen utarbeides separat fra andre fylkeskommunale planer innenfor for eksempel areal- og transport, næringsutvikling, fornybar energi og	

	<p>energiproduksjon/distribusjon er det viktig at disse sees i sammenheng og at den ene planen ikke slår den andre i hjel. Som det står i planprogrammet (s. 5): «..... må innhaldet i planen bli sett i samanheng med dei andre måla i Utviklingsplanen». <b>Klimaplanen bør være overordnet andre planer og ikke omvendt.</b> Altfor ofte ser vi at natur og naturmangfold blir nedprioritert i forhold til energiproduksjon og distribusjon, transport- og næringsinfrastruktur, og at økosystemtjenester, karbonlagre, og naturmangfold blir skadelidende på bekostning av utbyggingsplaner. I så fall blir klimaplanen raskt til fromme ønsker og ikke praktisk politikk. Vi ber derfor om at planprogrammet løfter klimaprogrammet opp i en større sammenheng og skisserer mulige uheldige klimakonsekvenser utløst av andre planer slik at klimamålene reelt sett kan oppfylles.</p>	
Energisparing	<p><b>Energisparing</b> bør få et eget punkt, i tillegg til energieffektivisering. For å redusere utslippene er det avgjørende at vi sparer på energi og at energibruken er optimal og prioriteres ut ifra livsløpsanalyse av klimagassutslipp, arealbehov og naturpåvirkning. «Den reneste energien er den som ikke brukes» er et slagord som er mer aktuelt enn noensinne. Ren energi er et knapphetsgode og må forvaltes deretter.</p>	<p>Tema <i>Energisparing og energieffektivisering</i> er blitt presisert i vedtaksutkast.</p>
Medverknad	<p>I listen over aktører som kan medvirke i prosessen bør <b>miljøorganisasjoner</b> nevnes spesifikt. Det samme bør <b>fagbevegelsen</b>. Medlemmene her er viktige stemmer i klimaomstillingen og vil kunne komme med viktige innspill i det videre arbeidet.</p>	<p>Dette er aktuelle medverknadsaktører, og er med i eksisterande liste</p>
<b>Vestland Bondelag (2021-2254-36)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Landbruk	<p>Klimaendringane er det største miljøproblemet i vår tid, og landbruket er ei næring som har fått kjenne på konsekvensane av meir ekstremvær. Bønder opplever styrtregn og hagl som hindrar innhausting, lengre periodar med tørke eller nedbør som hindrar ein god vekstsesong. Samstundes opplever vi matjord som forsvinn i ras og flaum. Landbruket skal gjere sin del for å redusere klimagassutslappa, men det må skje på ein måte som ikkje går ut over matproduksjonen.</p>	
Generelt	<p>Fylkeskommunen sitt arbeid med klimatilpassing og klimagasskutt er viktig for næringa vår. Det er positivt at klimaplanen også fokuserer på korleis vi kan tilpasse oss klimaendringane.</p>	
Utsleppsreduksjon	<p>Vi meiner at hovudområda og plantema er gode, og har innspel til nokre av tema: <b>Reduserte klimautslepp.</b> Vi føreset at Stortinget sitt overordna mål for norsk jordbruk vert lagt til grunn i planarbeidet. Landbruket har inngått ei klimaavtale med regjeringa som syner korleis klimagassutslappa skal reduserast og karbonopptaket i jord aukast fram mot 2030. Vi har utarbeida Landbrukets klimaplan, med åtte satsingsområde for kutt i klimagassar og auke av karbonopptaket i jord. Denne planen kan nyttast i arbeidet med plantema klimautslepp.</p>	<p>Utsleppsmål, inkl. landbruksmål vert presentert i saka og planprogrammet, då vedtaket i næringsplanen vil påverke ambisjonsnivået på dette temaet.</p>
Karbonopptak		

Klimafotavtrykk Landbruk	<b>Redusere klimafotavtrykket.</b> Vestland har mange lokale ressursar som kan nyttast for å redusere det totale klimafotavtrykket. Landbruket kan bidra med mellom anna lokalprodusert mat og grunnlag for verdiskaping i andre næringar. Utmarksbeite vil bidra til mindre førimport, og inovasjon innan alternative proteinkjelder som tang og tare og larver, kan vere med å auke norskandelen i kraftfôret. Å kutte klimautslepp ved å minske import og samtidig støtte lokalt næringsliv, er etter vår meining ei god tilnærming til dette plantemaet.	
Klimarisiko Klimatilpassing  Medverkand	<b>Trygt og robust Vestland.</b> Klimatilpassinga må vere retta mot forholda på Vestlandet. Landbruket risikerer store konsekvensar av til dømes ras, flaum og tørke, men kan også bidra i arbeidet med naturbaserte løysingar. Bøndene har kunnskap og erfaringar som er nyttige inn i eit tverrfagleg samarbeid om beredskap og klimatilpassing. Vi vil oppfordre fylkeskommunen til å involvere landbruksnæringa i beredskapsplanlegging og plan for klimatilpassing.	
Jordsmonn- kartlegging	<b>Utgreiingsbehov</b> Eit av dei viktigaste verktøya landbruket har for å drive og dokumentere klimasmart matproduksjon, er klimakalkulatoren. For at bøndene skal ha nytte av kalkulatoren, må parametraner som ligg i kalkulatoren vere så gode som mogeleg. I store deler av Vestland er det ikkje gjennomført jordsmonnkartlegging. Dette gjer at kalkulatoren vert unøyaktig og litt mindre motiverande å bruke. Det er difor viktig å få fortgang i kartlegginga i fylket vårt.	Dette blir tatt med vidare til temagruppe landbruk
Medverknad	<b>Medverknad.</b> Vestland Bondelag ønskjer gjerne å bli involvert i det vidare planarbeidet. Vi sett pris på at medverknadsprosessen vert prioritert, og at planprogrammet nemner landbruksorganisasjonane som ein viktig samarbeidspart. Landbruket skal produsere mat med mindre klimagassutslepp og samstundes tilpasse seg klimaendringane. Det er ikkje ein enkel prosess, og det er viktig at landbruket får delta i arbeidet som skal leggje premisane for både utsleppsreduksjon og tilpassing.	Vil bli invitert inn i temagruppa for landbruk
<b>Jernbanedirektoratet (2021-2254-37)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Jernbanedirektoratet meiner at fylkeskommunen med dette forslaget til planprogram har laga eit godt utgangspunkt for å utarbeide ein regional plan for klima. Jernbanedirektoratet stør opp om dei fem overordna plantema: redusere klimafotavtrykk, fjerne direkte utslepp, trygt og robust Vestland, klimarettferd og folkehelse, og sikre naturmangfald, som fylkeskommunen legg opp til og som skal dekke arbeidet med klimaomstilling og berekraft.	
RTP Transport	Jernbanedirektoratet vil poengtere kor sentralt og viktig det vil vere å setje søkelyset på transport i planen, med tiltak på området som bidrag til å redusere klimafotavtrykk og fjerne direkte utslepp. Transportsektoren er blant dei største kjeldene til klimagassutslepp i ikkje-kvotepiktig sektor. Vi rår difor til at Regional transportplan med tilhøyrande strategiar, vert tatt med som ein av dei regionale planane som klimaplanen har ei særleg kopling til (kap. 8.4.1).	RTP er lagt til lista over planar vi skal jobb tett saman med.
Transport	Både transport av personar så vel som godstransport vil verte viktige tema i klimaplanen. Når det gjeld	

Kunnskapsgrunnlag	persontransport står samordna areal- og transportløyisingar sentralt. Her kan det vere kunnskap å hente både frå Miljøløftets arbeid generelt, men også frå utgreiingar gjennomført i regi av Miljøløftet. Nemnes her kan rapporten «Sosioøkonomi, bystruktur og transportsystem i Bergen, i Trondheim og på Nord-Jæren» utarbeidd av Norce, der byen sine kjenneteikn og deira betydning for berekraftig transport vert vurdert. Vidare vil utreiinga «Nullvekst i utvida byområde» Byutredning for Bergen, trinn 2 (SVV, 2018) kunne gje relevant kunnskapsgrunnlag for klimaplanen. Byutredninga fokuserer på transport og arealbruk og er ein del av det faglege grunnlaget for bystrategiane i Nasjonalt transportplanarbeid.	
Transport	Toget si rolle i transportsystemet vil vere naturleg å ta opp i klimaplanen, både persontransport og godstransport. Utslepp frå togtransport er minimale. I Noreg har jernbanen tilnærma null klimagassutslepp frå i hovudsak ren elektrisitet og fornybar kraft. Å nytte eksisterande traséar er arealstrukturerande samtidig som det kan vere med på å redusere behov for å bygge ned areal til veg.	
Transport	Persontransport på jernbane spelar ei avgrensa rolle for persontrafikk for reisande i Bergensområdet. Men med betre kapasitet på strekningen Arna - Bergen når dobbeltsporet mellom Arna og Bergen er ferdig bygga (etter planen mot slutten av 2024), forventast det ein god passasjervekst på strekninga. Planlagd betre rutetilbod til Voss/Myrdal vil og kunne auke talet på togpassasjerar.	
Godstransport	Godstransport som tema høyrer og etter Jernbanedirektoratet si vurdering heime i klimaplanen. Bergensbanen er landets mest brukte godstransportstrekning. Det betyr at høge delar av godstrafikken/vareleveransar til Bergensområdet allereie blir frakta med tog. For kvar lastebil som blir erstatta med gods på tog, vil klimautsleppet bli redusert. Med den ombygginga som no går føre seg på Nygårdstangen godsterminal, vil terminalen kunne ta imot om lag 50 % meir gods ved ferdigstilling (2025). Omlasting på terminal er også energikrevjande. Her kan leggest til at Nygårdstangen godsterminal tar mål av seg til å bli landets «grøneste» terminal, med utslippsfri drift.	Godstransport er eige tema i RTP
Transport	Jernbanens fortrinn med omsyn til miljø- og klimaeffektar er mellom anna drøfta i rapporten «Jernbanens klimafortrinn og Norges klimarisiko», utarbeidd av Norconsult (2020) for Jernbanedirektoratet. Jernbanedirektoratet har og eigne pågåande prosjekt med siktemål om å tydeleggjere korleis jernbanesektoren oppnår forpliktingane innafor klima og miljø. Jernbanedirektoratet peiker på at det vil vere viktig å foreta ei grundig vurdering av kva som ligg føre av kunnskap om transport. Dette som utgangspunkt for å vurdere vidare utgreiingsbehov.	Godstransport er eige tema i RTP
Samarbeid	Vi ønskjer lykke til med arbeidet vidare og bidrar gjerne i Regional samarbeidsgruppe, på likefot med dei andre statsetatane.	
<b>Bømlo kommune (2021-2254-38)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>

Generelt	Bømlo kommune stiller seg i hovudsak bak innhaldet i framlegg til planprogram. Det er bra at ein har lagt opp til (digital) medverknad undervegs for kommunane.	
Naturmangfald Sosial ulikeskap	Det er positivt at naturmangfald og sosial ulikeskap blir eit plantema. Dette er viktige tema som tidlegare ikkje har vore særleg synlege i tidlegare regionale klimaplanar.	
Kunnskapsgrunnlag Kunnskaps- overføring	Me ser med spenning på at fylkeskommunen tek i bruk og ser på ulike nye styringsverktøy i klimaarbeidet. Dette kan ha stor overføringsverdi til kommunane, som omtala i punkt 3.1. Særleg for små- og mellomstore kommunar, med få faglege tilsette og kor kanskje ingen berre har klima som arbeidsfelt, kan dette vere svært verdifullt å vere med på å ta i bruk. Difor vil me spele inn at tema kunnskapsoverføring, utover medverknadsarbeidet i utformingsfasen, får ein plass i hovudplanen og handlingsdelane.	Reg. plan si rolle for kommunane vil bli spissa i endeleg utkast.
Framdriftsplan	Til del 5 Framdriftsplan vil me peike på at høyringsperioden for hovudplanen kan synast å vere kort, i alle fall om ein ønskjer politiske fråsegn frå kommunestyra. Med atterhald om endringar i eigen møtekalender så er vår møtestruktur slik at det er kommunestyremøte i juni 2022, men alle saksdokument må i praksis vere ferdige til utval og formannskap, seinast i midten av mai (i år var frist for ferdigstilling 19.05). Om høyringsframlegget til klimaplan kjem i mai 2022, som skissert, blir det svært kort tid å førebu saka administrativt saman med ei fagleg anbefaling. Anten håpar me at høyringsutkast kjem seinast april, eller at høyringsfristen blir etter september 2022, som i gjeldande møtekalender, er neste kommunestyremøte i kommunen vår.	Framdriftsplan vert tilpassa møtekalendar for 2022 (regionalt)
<b>Bergen kommune (2021-2254-39 og 48)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Klimaetaten viser til at Bergen kommune arbeider med rullering/oppdatering av Grønn Strategi 2016 til ny klimastrategi for kommunen. Kommunens klimastrategi vil kretse rundt mange av de samme overordnede temaene som Regional plan for klima.	
Kunnskapsgrunnlag	Dette arbeidet har en kortere tidshorisont enn fylkeskommunen sitt arbeid med ny regional klimaplan, men flere av utredningene som er gjort i den forbindelse kan trolig være til nytte for fylkeskommunen også. Det vises blant annet til rapporten «Sirkulære Bergen» - en mulighetsstudie av det sirkulære potensialet i Bergen. For klimaarbeidet i Bergen kommune vil det være svært nyttig med flere helhetlige analyser, kartlegginger og utredninger på tvers av kommunene i Vestland fylke.	
Utgreiingsbehov Naturmangfald	Klimaetaten framhever særleg: - En analyse av hvilke konsekvenser regionale vegprosjekt har på klima og naturmangfold. Ivaretagelse av klimahensyn og naturmangfold vil i flere tilfelle komme i konflikt med målet om at Vestland skal være det ledende verdiskapingsfylket og en nasjonal pådriver for et regionalisert og desentralisert Norge.	Aktuell problemstilling knytt til kunnskapsgrunnlag for naturmangfald.
Utgreiingsbehov Energiproduksjon Naturmangfald	- En utredning av hvilke konsekvenser ny kraftproduksjon (bl.a. vindkraft) og utbygging av mer kraftnett vil ha på naturmangfoldet i fylket. Det er vanskelig å se for seg at en grønn omstilling av næringslivet i fylket kan gjennomføres uten økt kraftproduksjon. Dette vil gå på bekostning av naturen og naturmangfoldet i Vestland fylke.	Relevant problemstilling knytt til regional plan for fornybar energi. Innspelet vert

		vidareformidla til prosjektleiinga.
Utgreiingsbehov Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> <li>- En grundig kartlegging av naturtyper og karbonlagringskapasitet i Vestland. Dette er kunnskap som er viktig for å synliggjøre verdiene i ulike naturtyper, både med hensyn til naturmangfold, men også karbonlagringskapasiteten som går tapt ved utbygging av veg, vindkraft m.m.</li> </ul>	Relevant for utgreiingar gjort rundt naturtypar. Prosessen vil avklare om dette vert gjennomført som del av klimaplanen, eller kommande regionale planar
Elektrifiseringstrategi	<ul style="list-style-type: none"> <li>- En regional elektrifiseringsstrategi for maritim sektor.</li> </ul>	
Kopling til kommunale planar	Planprogrammet omtaler koblingen mellom regional plan for klima og andre regionale planer. Klimaetaten etterlyser at planprogrammet også sier noe om koblingen mellom kommunale planer og strategier for klima og regional klimaplan. En oversikt over kommunale planer kan f.eks. tas inn i som et underkapittel i kapittel 8. Det er viktig at innbyggerne i Vestland opplever at de ulike forvaltningsnivåene har en mest mulig helhetlig og tydelig klimapolitikk. Det vil være uheldig om bergenserne opplever at kommunen sier en ting, og fylkeskommunen noe annet.	
Medverknad	Med hensyn til medvirkning, påpeker Klimaetaten at det er viktig at kapittelet om medvirkning legger vekt på krysskulturell forståelse og mangfold i medvirkningsprosessen. Å sørge for et bredt spekter av perspektiv vil kunne bidra til en mer rettferdig og inkluderende plan, samt bidra til å unngå fallgruver relatert til sårbarhet og at tiltak rammer ulikt.	
Ambisjonsnivå	Bymiljøetaten viser til at det er samlede klimainnsatsen fra ulike aktører som fører fram mot målet. I den forbindelse framheves viktigheten av at kommunens og fylkets mål og ambisjoner er samordnet. Bergen kommunes klimastrategi forventes å foreligge før fylkets klimaplan, noe som tilsier at klimastrategien vil måtte ha stor innflytelse på ambisjonsnivået i fylkets klimaplan.	Prosjektleiinga deltek i referansegruppe for klimastrategien til kommunen.
RTP	I det regionale planarbeidet må det være en oppgave å undersøke på hvilken måte klimaarbeid i omegnskommunene til Bergen kan bidra til å oppfylle klimamål i Bergen og vice versa. Det gjelder særlig problemsstillinger innenfor transportsektoren, og koblingen mot <i>Regional transportplan med tilhørende strategier</i> synes åpenbar.	Kopling mellom klimaplan og RTP er relevant, og vil vere pågåande gjennom heile planprosessen
Blågrønnestrukturar	Med hensyn til utvalgte plantema, etterspør Bymiljøetaten hvilken plass temaet <i>blågrønne strukturer</i> gis i planarbeidet. Temaet vurderes som svært viktig, ikke minst i en urban kontekst. Bymiljøetaten arbeider med en kommunal « <i>Strategi for blågrønne strukturer</i> » som nettopp har startet opp. Blågrønne strukturer og «hverdagsnaturen» må gis plass i planen. Planen bør gjøre greie for slike naturkvaliteter, med direkte effekt på utslippsreduksjon, samt den betydning naturkvalitetene har sett i sammenheng med flomberedskap og klimatilpasninger.	Blågrønne strukturar vert ein sentral del av tilnærminga knytt til trygt og robust Vestland, samt naturbaserte løysingar.
Arealrekneskap	Bymiljøetaten vil sterkt anbefale at utredning av arealrekneskap gis plass i planarbeidet. Det fører til et bedre kunnskapsgrunnlag når det gjelder hva arealer nyttes til og hvilke	Arealrekneskap vil vere tema i kommande



	arealressurser som iver tid går tapt. Et arealregnskap vil kunne tydeliggjøre utviklingstrender i denne sammenheng. For forvaltningen vil dette være et viktig redskap, ikke minst i arbeidet med å sikre naturmangfoldet.	arealplan i neste periode
Medverknad	Bymiljøetaten vurderer det som positivt at planprogrammet vektlegger betydningen av god og bred medvirkning i det videre planarbeidet. Gode samarbeidsformer er viktige for å oppnå et godt resultat og sikre at planen forankres godt hos aktuelle beslutningstakere og andre.	
Generelt	Bergen kommune mener at fylkeskommunen har laget et godt rammeverk for den videre prosessen med å utarbeide en regional plan for klima.	
Generelt Samarbeid	Bergen har en målsetning om å være Norges grønneste storby, men er avhengig av nabokommunene, fylket, næringsliv og innbyggerne for å komme i mål. Helhetlige analyser, kartlegginger og utredninger på tvers av kommunene i Vestland fylke er viktige verktøy for arbeidet med en regional klimaplan. Kommunens egen klimastrategi vil i så måte kunne tjene som grunnlag for det videre arbeidet.	
Medverkand Samarbeid	Bergen kommune vurderer medvirkningsprosessen planprogrammet legger opp til som positiv, og ønsker å være en stor bidragsyter i denne prosessen. Bergen kommune imøteser den videre prosessen.	
	Bergen kommune har følgende innspill til hvilke utredninger og kunnskapsgrunnlag som bør ligge til grunn for regional klimaplan: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Regionale vegprosjekters konsekvenser for klima og naturmangfold bør undergis en helhetlig analyse. Tilsvarende for ny kraftproduksjon og utbygging av mer kraftnett</li> <li>- En grundig kartlegging av naturtyper og karbonlagringskapasitet i Vestland.</li> <li>- En regional elektrifiseringsstrategi for maritim sektor</li> <li>- Arealregnskap og utviklingstrender i bruk av arealressurser</li> <li>- Mer fokus på blågrønne strukturer og «hverdagsnaturen»</li> </ul>	
<b>Sogn og Fjordane Landsbruksselskap (2021-2254-40) På vegne av prosjektet «Redusert klimautslepp i Vestlandsjordbruket»</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Plantema	Prosjektet er nøgd med dei plantema som er valt.	
Utsleppsreduksjon Landbruk Samarbeid	Reduserte klimautslepp: Landbruket har signert ei avtale med Staten om reduksjon av klimautslepp og auka karbonbinding frå næringa og det er viktig at Fylkeskommunen tar utgangspunkt i denne når dei ser på tiltak og verkemiddel retta mot landbruket. Prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket» er ein samla landbruk i Vestland sitt svar på korleis klimaavtalen skal fyllast utan at det går ut over arealbruk, produksjon, dyrevelferd og dyrehelse.	Utsleppsmål, inkl. landbruksmål vert presentert i saka og planprogrammet, då vedtaket i næringsplanen vil påverke ambisjonsnivået på dette temaet.

Utgreiingar	Eit viktig verkemiddel som landbruket sjølv har for å fylgje opp avtalen med Staten er Landbrukets Klimakalkulator. Ein utfordring for at klimakalkulatoren skal kunne vere eit godt verktøy for bønder på Vestlandet er at det er store manglar innan jordsmonn kartlegging i fylket. Dette er det stor trong for. Det er NIBIO som gjer dette arbeidet og det vil vere avgjerande med meir jordsmonn kartlegging for at vestlandslandbruket skal kunne drive klimavennleg i framtida.	
Jordsmonn-kartlegging		
Trygt og robust Vestland	Når det gjeld klimatilpassing er avgjerande å hugse på at klimatilpassing er noko anna på Vestlandet enn t.d. på Austlandet. Bratt terreng, meir nedbør og andre jordtypar gjer at ein må treffe andre tiltak her enn andre steder i landet.	
Redusere klimafotavtrykk	Matsvinn er ein del av Landbrukets Klimaavtale, men da i hovudsak som ein del av Staten sitt ansvarsområde. Når Fylkeskommunen skal sjå på berekraft og klimagrep i deira innkjøpsavtaler ynskjer prosjektet å lansere slagordet: «Ét sesong, ét lokalt og ét opp!» I dette ligg t.d. tanken om at når det vert servert frukt i møtelokale, så vel ein norsk frukt og grønsaker som gulrøter, blomkål, eple og plommer, framfor ananas og druer eller anna frukt som ikkje vert produsert i Noreg.	Relevant med tanke på berekraftig ressursbruk
Matsvinn		
Medverknad	Prosjektet takkar for moglegheita til å gje uttale. Det er ynskjeleg at prosjektet vert involvert i planprosessen vidare.	Vi vil invitere til vidare samarbeid i planprosessen gjennom temagruppe for landbruk
<b>MEF Maskinentreprenørenes forbund (2021-22564-41 og 42, to like frå avd.Rogaland og Hordaland, og avd. Sogn og Fjordane)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Medverknad	Skal fylkeskommunen lukkast med planen fordrar det at fylkeskommunen involverer næringslivet i ulike prosessar i dette arbeidet utover dei som er definert i dei ulike gruppene som er skildra i høyringsutkastet	
Medverknad	Maskinentreprenørenes Forbund har innspel til plantema pkt. 2.1 utsleppsreduksjon - redusere klimafotavtrykket og direkte utslepp: Skal klima og miljø omstillinga lykkast best må det vere basert på ein felles forståing for utfordringane og korleis dei kan løysast - i fellesskap og ikkje kvar for seg (stat-fylkeskommune-kommunar-næringsliv-leverandørmarknaden).	
Indirekte utslepp Bygg og anlegg	MEF oppfordrar fylkeskommunen til å fokusere meir på karbonavtrykket knytt til anleggsprosjekta, ikkje kun klimagassutsleppa. Dette inneber å vere bevisst kva for produkt som inngår i leveransen. Vi meiner klimaarbeidet mister legitimitet i bransjen dersom, i eit tenkt tilfelle, fossilfrie prosjekter blir gjennomført basert på import av stein eller andre varer f.eks. frå land som ikkje har fossilfri kraftproduksjon.	Bygg, anlegg og drift er inkludert mellom anna under utsleppsreduksjon, og klimafotavtrykk til slike

		prosjekt vert tema i prosessen vidare.
Massetransport	Det er av stor betydning for klima at ein klarer å få ein vesentleg reduksjon av massetransport, noko som krev at det blir innført tydelege krav i dei statlege planretningslinjene kor kommunane i sitt planarbeid etablerer gode løysingar for etablering av massedeponi (både midlertidige og varige deponi) for å redusere unødvendig massetransport som gjev reduserte utslipp	
Generelt Samarbeid	Vonar at våre innspel er nyttige i det vidare arbeidet med planprogram regional plan for klima 2022-2035, og ser fram til vidare deltaking i ulike prosessar framover.	
<b>Mathew Stiller-Reeve (2021-2254-43)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Medverknad Barn og unge	Men det er også barn og ungdom i dag som kan best si noe om utfordringene som barn og ungdom kommer til å oppleve i fremtiden om ingenting gjøres med situasjonen. De er det nærmeste vi kommer til dagens eksperter som kan si noe om utfordringene/ manglene som fremtidens unge generasjoner kommer til å oppleve (med særlig tanke på fokusområdene i klimaplanen). Jeg synes at dette aspektet kan flagges. Jeg synes at en klimaplan skal ikke bare fokusere på "voksenliv" i fremtiden (som er selvsagt ekstremt viktig!) men også hvordan ungdomslivet i fremtiden muligens kan være.	Born og unge vil bli løfta fram enno tydelegare i endeleg utkast.
<b>BRAK (2021-2254-44)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Brak ser mange positive tiltak i fylkeskommuna sitt planprogram som er ute på høyring. Vi brukar likevel høvet til å framheve og kommentere nokre punkt som vi meiner er viktig for å oppnå det overordna målet - klimaomstilling og nullutslipp innan 2030.	Relevant aktivitet for oppfølging av klimaambisjonane i Vestland. Innspelet vert også vidareformidla til ansvarleg for ny regional plan for kultur, idrett og inkludering. Innspela frå BRAK er særst relevant for deira arbeid også.
Grønt veikart for kultur	Musikkbransjen har lenge hatt vilje til endre framferd, men det er utfordrande å sortere i kva tiltak som gir mening å gjennomføre. Det er også noko motvilje på å endre framferd der det går ut over t.d. lange tradisjonar eller inngroddede bransjestandardar. Det har nyleg blitt utarbeida eit <a href="#">grønt veikart</a> for kultur som også gjeld for musikkbransje.	

	I dette veikartet ligg det ti strakstiltak for verksemder, fem strakstiltak for kunstnarar og kulturarbeidarar og også fem strakstiltak for styresmaktene.	
Tilskot	Bransjen ynskjer at styresmaktene hjelper oss med til dømes å sette opp søkbare midlar til omstilling, til tiltak og til grøn innovasjon.	
Krav til festivaler og kulturarrangement	Brak meiner også at styresmaktene kan bli flinkare til å pålegge eller forby aktivitetar. Vi ynskjer faste rammer for kva som er lov og ikkje. Vi ynskjer forbud mot eingongsplast og krav om klimanøytralitet. For dersom alle må gjere tiltak, vil det ikkje gi konkurransefortrinn for dei som lar vere. Nokre initiativ kjem frå bransjen sjølv, men vi treng dykkar hjelp for å få alle med på laget.	
Miljømerking av arrangement	Brak har t.d. utvikla eit <a href="#">grønt miljømerke for festivalar</a> med ein visjon om å endre standarden for heile festivalbransjen i Norge. Brak oppfordrar Vestland fylkeskommune om å bruke tiltak som dette - og krevjer at dei som mottar støtte må ha til dømes eit miljømerke eller i det minste ein miljøstrategi. Vi må bruke dei verkemidla vi har til å styre dei vi kan over i klimavennlig drift. Det må bli ein fordel å drive grønt.	
Utsleppsreduksjon	Det er like viktig å kutte indirekte utslepp som direkte utslepp. Sjølv sagt er det enklare å kutte direkte utslepp viss ein t.d. kan flytte produksjon til utlandet. Innsatsen bør heller vere å flytte produksjon til Vestland og kutte utslepp her heime. For musikkbransjen vil det bety å turnere meir i heimlandet, kjøpe norske produkt (med lågt utslepp) til salg, turnéverksemd og festivalavvikling. Det må bli enklare og billigare å reise kollektivt. Det må bli enklare å leige over å kjøpe og det må bli enklare å reparere. Det bør kun selgast utstyr som kan reparerast og oppgraderast utan at ein må bytte heile riggen. Musikkbransjen brukar store mengder teknisk utstyr og instrument i produksjon av musikk og ved framføring av musikk.	
Tilskot	Musikkbransjen er ein bransje som jevnt over produserer på marginane. Det trengs derfor ei innsprøytning med midlar til organisasjonar og verksemder for å kunne omstille drift. Brak ynskjer også at det skal finnast tilgjengelige midlar for utvikling og innovasjon av nye grønne initiativ og av teknologiske løysingar. Vi treng mellom anna ein klimakalkulator for bransjen som viser kor mykje utslepp vi har i dag og som viser kor det gir mest meining å kutte utslepp. Får vi dette kan det bli enklare å sette opp rammer for grøn rider, grøn produksjon osv.	
Innkjøp Krav	Som nevnt ynskjer bransjen påbud og forbud på ulike aktivitetar. Det bør ikkje vere mogleg å velje løysingar og produkt som ikkje er klimavennlige. Der dette ikkje er mogleg bør styresmaktene hjelpe oss å vri forbruk mot klimavennlige løysingar gjennom skattar. Skattar frå klimaverstingane bør subsidiere klimavennlige løysingar. I musikkbransjen kan dette mellom anna gjelde reglar for innkjøp av merchandise (t.d. festivalt-skjorter), eingongsartiklar, flyreiser vs. togreiser osv.	
Avfallshandtering	For oss som jobbar med festivalar i heile Vestland fylke er det uforståeleg at renovasjonsbransjen opererer så forskjellig i forskjellige område. Brak meiner at ein	

	<p>nasjonal plan for renovasjon vil gjere det enklare både for dei som leverer avfall, for dei som kastar avfall og for dei som skal hente ut ressursar frå avfallet.</p> <p>Folket har blitt flinkare til å kjeldesortere i heimen, men med ein gong vi går ut av døra er det som regel kun mogleg å kaste søppel i restavfall. Dersom vi har eitt system for heile Norge og driv godt opplysningsarbeid vil vi kunne klare å sortere ut meir av ressursane. Vi klarar dette for eksempel gjennom panten og Brak meiner vi kan klare det med fleire typar avfall. Avfallet må få ein verdi. På denne måten blir avfallet ein ressurs.</p>	
Naturmangfald	<p>Det finnst festivalar i kvar ei vik og på kvar ein holme. Det bør setjast krav til festivalane om å gi tilbake dersom ein nyttar eit sårbart område. Ein kan gjerne også verne fleire område frå aktivitet av denne typen. Frie naturområder i Norge krympar kvart einaste år. Festivalane vil ikkje vere ein del av nedbygginga av naturmangfaldet, men dersom ein ikkje veit om ein har festival i eit sårbart område, så vil aktiviteten fortsette utan endring. Verdien av naturmangfald må inn budsjettet. På samme måte som ein kalkulerer inn verdien av liv i visse budsjett, må vi no også ha med oss kost-/nytteanalyser på naturmangfald. Og prisen må setjast høgt. Dette er ikkje tida for å prioritere å bygge ned natur.</p>	
Medverknad	<p>Musikkbransjen er generelt opptatt av klimasaken, men har somme tider vanskar for å rydde i eigen bakgård. Det å inkludere flest mogleg i planarbeidet og klimadiskusjonar vil opne augo til fleire. Dette gjeld sjølvsagt ikkje berre i musikkbransjen. Brak håpar også at våre kollegaer i andre kompetansesenter som Proscen, Vestnorsk jazzsenter, Vestnorsk filmsenter og VISP også får moglegheit til å komme med innspel.</p>	
Generelt	<p>Musikkbransjen er klare for å ta vår del av ansvaret for å nå målet om klimaomstilling og nullutslepp innan 2030, men med hjelp frå styresmakter for å finansiere skiftet og sette rammer. Brak stiller gjerne opp i vidare planarbeid med ytterlegare innspel frå bransjen. Det er på tide å ta upopulære val.</p>	
<b>Bergen og Hordaland Turlag (2021-2254-45)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Naturmangfald	<p>Bergen og Hordaland Turlag opplever til liks med mange andre foreiningar og kommunar eit stort press på naturen. Mange stader er mykje natur allereie nedbygd, industrialisert og nytta til vasskraft, vindkraft og kraftlinjer. Reiselivsattraksjonar og hyttefelt legg óg beslag på viktige naturområde. Dei siste tredivte åra har 5,9 % villmarksprega natur gått tapt på landsbasis, og vi har att berre 11,5 % natur som ligg meir enn 5 km frå tyngre, tekniske inngrep i landet.</p>	
Naturmangfald	<p>Vi ser at klimaomstilling i form av nye grønne næringar og produksjon av fornybar energi påverkar forvaltninga av naturmiljøet og viktige areal for natur og friluftsliv. DNT er opptatt av å redusere klimagassutslepp, men vi må gjere dette på ein måte som sikrar intakt natur og velfungerande økosystem - verdier som tilhøyrar ålmenta, no og i framtida.</p>	
Regional planlegging Naturmangfald	<p>Det er svært uheldig om vi bygger ned meir verdifull natur som ledd i klimatiltak. BHT er uroa for at ikkje naturverdiane blir vekta nok når dei settast opp i mot andre samfunns- og ikkje minst</p>	Vi inkluderer naturmangfald som eit

	næringsinteresser. Eit godt verktøy for å hindre bit-for-bit nedbygging eller uhensiktsmessig utbygging av fornybar energi er dei regionale planane og føringane, men BHT ser at gode hensikter på mange område ofte kan vere motstridande. Vi vil derfor oppfordre til at omsynet til inntakt natur og naturmangfald blir heilskapleg ivaretatt og grundig vektlagt i alle regionale planer framover.	av hovudområda for klimaomstilling i Vestland. Temaet tangerer også opp mot andre regionale planar, og det vert viktig å sikre ein heilskapleg politikk på området.
Fokus FN sine berekraftsmål	Vi er svært positive til at FNs berekraftsmål blir lagt til grunn for måloppnåinga planen ser føre seg, særleg mål nr 15 - livet på land, som er eit av dei grunnleggande måla for å oppnå fleire av dei øvrige måla. Vi er også svært glade for å sjå at planprogrammet anerkjenner viktigeita av velfungerande økosystem og eit rikt naturmangfald på linje med, og som premiss for å bremse klimaendringane. Dette er særleg viktig å ha med seg når utviklingsplanen og regional plan for innovasjon og næringsutvikling har eit sterkt fokus på arbeidsplassar og verdiskaping.	
Plantema	BHT støttar val av plantema. Desse tre tilnærmingane er vesentlege for eit tryggare og meir berekraftig Vestland og dei utfyller kvarande bra.	
Naturmangfald	Under kap. 2.3 <i>Sikre naturmangfald</i> vil vi gjerne spele inn nokre fleire punkt som vi meiner det er viktig at klimaplanen løfter i tillegg til dei opplista gjeremåla: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planen bør ha som målsetting å bidra til å ivareta viktige natur- og friluftslivsområder i Vestland. Herunder store samanhengande naturområde, men óg nærmiljønatur som 100-metersskogen og lokale grøntareal.</li> <li>- Planen må også bidra til å avklare arealavvegingar av ulike regionale interesser, som til dømes energiproduksjon og energiframføring, versus ivaretaking av landskap og naturmangfald.</li> <li>- I høve behov for nye utgreiingar så vil vi melde inn trong for meir handfast kunnskapsgrunnlag om viktigeita av urørt natur/store samanhengande naturområde med urørt preg. Betydinga av slike naturområde må utgreiast med tanke på reiselivet, friluftslivet, folkehelsa, naturmangfald og økosystemtenester. Slike utgreiingar vil tene fleire føremål og planar, som til dømes kultur, idrett og friluftslivsplanen, nærings og innovasjonsplanen, samt bidra til meir treffsikre tiltak for klimaomstillinga.</li> </ul>	Relevant innspel som vi vurderer i det vidare arbeidet med fylkeskommunale utgreiingar
<b>Bjørnafjorden kommune (2021-2254-55)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Bjørnafjorden kommune er positiv til val av plantema.	
Kopling regional og kommunal plan og arbeid	Det er særleg viktig for Bjørnafjorden kommune at ein regional klimaplan tydeleggjer korleis fylkeskommunen tenker å vere med å klimaomstille heile Vestland, slik at ein slik regional plan kan legge til rette for kommunane og deira arbeid med klimaomstilling	
Strategiar og verkemiddel	«Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og	

	vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.» (s. 4 i planprogrammet). Bjørnafjorden kommune meiner dette er bra, og meiner at slike strategiar og verkemiddel kan vere avgjerande for kommunane sitt arbeid, og resultatet av dette	
Hjelpemiddel til kommunal planlegging	Det er avgjerande for det regionale klimaarbeidet at fylkeskommunen bidreg med gode strategiar og tiltak, oppdaterte kunnskapsgrunnlag og til slutt, men kanskje viktigast, målretta verkemiddel for å hjelpe kommunane. Dette kan bidra til at den regionale planen for klima faktisk blir eit hjelpemiddel i kommunane si klimaplanlegging	Korleis den regionale planprosessen kan støtte kommunane sitt arbeid og prosess vert løfta i endeleg utkast.
Nullutslepps-definisjon	Vestland fylkeskommune har sett seg mål om å «reduere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030.» Det framgår ikkje av planprogrammet kva som faktisk ligg i omgrepet «nullutslepp», og heller ikkje kva dette betyr for ulike aktørar og sektorar. Bjørnafjorden kommune ser at dette er noko som står på lista over kva som skal gjerast i planen, og vil understreke at dette er særst viktig - og for kommunane. Skal kommunane vurdere å gå inn for dette målet, må det vere tydeleg kva dette inneber og kva som ligg i det.	Definisjonen vil bli presisert i planprogrammet basert på definisjon gjort i reg. plan for berekraftig næringsutvikling
Trygt og robust Vestland	Bjørnafjorden kommune meiner det er positivt at fylkeskommunen i regional plan for klima har ei brei tilnærming til klimatilpassing, og at planen vil identifisere og prioritere innsatsområde for å redusere klimarisiko for innbyggjarane i Vestland. Kommunane spelar ei sentral rolle i dette arbeidet, og det er derfor viktig at dette skjer i tett samarbeid med kommunane. Bjørnafjorden kommune stiller seg bak vurderinga av å særleg ha fokus på naturbaserte løysingar for klimatilpassing, og det vil vere til god hjelp for kommunane at det blir utforma felles retningsliner for korleis ein arbeider med klimatilpassing. Det er imidlertid viktig at dei lokale forholda i den enkelte kommune her vert tatt omsyn til.	Presisere at lokale forhold er viktig i klimatilpassingsarbeidet
Naturmangfald	Det er viktig for kommunane å ha oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i den enkelte kommune, og tilskot til å få utført slike kartleggingar vil vere viktig for kommunane. Det er positivt at planen vil identifisere tiltak for å redusere tap av naturmangfald som har direkte effekt på utsleppsreduksjon og klimatilpassing. Også her vil det vere viktig for kommunane at det blir etablert tilskotsordningar.	Per juni 2021 har vi ei kommunal tilskotsordning som kan nyttast til arbeid kring naturmangfald.
Klimarettferd og folkehelse	Det er ein klar samanheng mellom klima og folkehelse, og Bjørnafjorden kommune er glad for at «Mål og tiltak i klimaplanen må difor ha merksemd på sosial ulikskap i helse, og ha mål om å verken redusere levekår, eller livskvaliteten til innbyggjarane». Under «Kva skal vi gjere» står det imidlertid «Vi skal forsøke å sikre at mål og tiltak i klimaplanen ikkje skal forsterke sosial ulikskap i helse og økonomi.» Bjørnafjorden kommune meiner at dette er noko ein skal sikre i ein slik plan, og vil derfor be om at «...forsøke å...» vert fjerna frå dette punktet. Bjørnafjorden kommune meiner det er veldig bra at fylkeskommunen vil bidra med kartlegging av «...tilgjengeleg kunnskap om klimaendringar i Vestland og helsekonsekvensar av dette, og vurdere om sosiale skilnader påverkar utfallet». Vi vonar dette kan brytast ned på kommunenivå, og då gi kommunane verdifull kunnskap som kan nyttast lokalt.	Rettferdig omstilling er grunnen til at klimarettferd vert inkludert i denne planen.  Informasjon på kommunenivå kan vere aktuelt som del av kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlag	Bjørnafjorden kommune meiner det vil vere ei styrke for det lokale klimaarbeidet at kunnskapsgrunnlaget for den regionale planen vil bli oppdatert løpande, og at det kan brytast ned på kommunenivå der det lar seg gjere.	
Medverknad	Fylkeskommunen legg opp til ei brei og omfattande medverknadsprosess i arbeidet med planen, og har allereie henta innspel frå kommunane når det gjelde plantema. I det vidare arbeidet er det viktig å lytte til kommunane, sidan dei (som de peikar på i medverknadskapitlet) «...har mykje av ansvaret med å bidra i klimaomstillinga». Det er og positivt at fylkeskommunen vil nytte Klimapartner-nettverket i planprosessen. Det er etablert ei eiga nettside for arbeidet med planen, dette gjer det enkelt for kommunane å følge med i arbeidet. Bjørnafjorden kommune har meldt seg på det digitale høyringsmøtet som er invitert til 25. mai, og ser fram til å få kome med innspel i det vidare arbeidet. Fylkeskommunen har etablert eit nettverk for kommunar som skal lage eigne klimaplanar, og vi vonar at dette nettverket og vil få medverke i prosessen kring regional plan for klima. Dette nettverket er viktig for kommunane i Vestland - for å skape dialog og for å forankre felles løysingar på utfordringar som er for store for den enkelte kommune.	Nettverket med kommunar som lagar eigne klima og miljøplanar vil vere ein nyttig ressurs i planprosessen. Spesielt for å treffe på behova til kommunane i arbeidet deira.
Oppfølging av planen	Det er veldig bra at fylkeskommunen ser for seg å utarbeide indikatorar for måla i den nasjonale klimaplanen, dette kan vere til stor hjelp for kommunane i sitt arbeid. Det same gjeld på arealrekneskap. Det er også positivt at fylkeskommunen vil framskrive klimagassutslepp, og vonaleg vil dette kunne brytast ned på kommunenivå.	Framskrivningar på kommunenivå er allereie utarbeida og formidla til kommunane.
Generelt for å lukkast	Bjørnafjorden kommune meiner planprogrammet som no er på høyring lovar ein god regional plan for klima som vil vere ei rettesnor og til god hjelp for kommunane i sitt lokale klimaarbeid. Kommunen ynskjer å understreke at det er avgjerande for det regionale klimaarbeidet at fylkeskommunen bidreg med gode strategiar og tiltak, oppdaterte kunnskapsgrunnlag og til slutt, men kanskje viktigast, målretta verkemiddel for å hjelpe kommunane. Dette kan bidra til at den regionale planen for klima faktisk blir eit hjelpemiddel i kommunane si klimaplanlegging.	Auka fokus på å støtte kommunane gjennom denne planprosessen
<b>Vestland Natur og Ungdom (2021-2254-46)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Mål Nullutslppsdefinisjon	<b>Tallfeste mål for utslippsreduksjon</b> Dvs. lage nøyaktige og konkrete mål for hvordan vi skal redusere utslippene våre som fylke, og hvor mye de skal reduseres med.	Tydelegare definisjon av mål vi bli inkludert i endeleg utkast
Medverknad Barn og unge	<b>Enklere for unge å påvirke politiske prosesser</b> Det skal være mye lettere å inkludere oss unge, Bergen kommune har blitt bedre på det der de inkluderer Ungdomsrådet i Bergen (URB) en del, men det må bli bedre i hele fylket. Vi bør tross alt få ha en mening om det som påvirker oss, både nå og i fremtiden. Tiltak:	Vi har så langt i prosessen nytta oss av fylkeskommunale råd, inkludert Vestland ungdomsutval. Ungdom får eit prioritert fokus i medverknadsprosessen



Arealrekneskap	<b>Naturbudsjett med mål om å alltid gå i pluss</b> Fylket skal sette opp et ordentlig og utbredt naturbudsjett med mål om å gå i pluss. Vi er rett og slett nødt til å innse at vi ikke kan bygge ut alt til alle tider og plante litt trær for å gjøre det godt igjen. Med et velfungerende naturbudsjett vil ikke det være et like stort problem lengre ettersom at vi vil ha mer oversikt over hvor vi kan bygge (om vi absolutt må).	Arealrekneskap kopla til naturmangfold inngår som forarbeid til ny arealplan i fylket i neste periode.
Næringsutvikling Miljøstandard	<b>Miljøstandarder for industrien - også fiskeindustrien</b> Industrien og fiskeindustrien må bli bedre på å tenke miljø. Oppdrett på land, utslippsfrie anlegg og kortreist fisk. I stedet for å bruke masse diesel på å sende fisk fra Norge til Kina og tilbake igjen er det mye mer bærekraftig å ha lokale fiskebåter som bidrar til lokalsamfunnet. Slike løsninger kan ikke lengre være i horisonten men må begynne å brukes.	Berekraftig matproduksjon inngår i klimaplanarbeidet.
Årlege mål og tiltak	<b>Årlige mål</b> Årlige mål er et utrolig smart tiltak. Dvs. at i stedet for å lage mål som går over 5, 10 eller 20 år må vi tenke mindre og ta det steg for steg. Dette er fordi det blir alt for lett for politikere å fraskrive seg ansvar når det er så lenge siden planer er blitt vedtatt, og fordi det vil bli mye lettere å regulere målene og sikre at vi kommer oss i mål til 2030. I de årlige målene skal det både være planer for hva som skal kuttes men og hvordan man skal fikse det hvis man ikke når årets plan.	Handlingsprogram vil vere med å definere prioritert aktivitet, kombinert med klimabudsjett per år
Oljenæringa	<b>Omstille offshore-industrien vekk fra olja</b> Offshore industrien skal ikke lengre drive med olje i vårt fylke. Tiden har kommet for lenge siden at vi alle vet at vi ikke kan fortsette med fossil energi.	Dette er tema i regional plan for berekraftig verdiskaping, samt aktuelt tema i regionalpolitiske prosessar med fylkesutvalet
Sjødeponi	<b>Droppe flere sjødeponier</b> Vi må slutte å dumpe avfall av alle sorter i vann på under 100 meters dyp. Det finnes mange andre måter å håndtere avfall fra f.eks. gruvedrift enn å ødelegge økosystemer og rasere norske fjorder.	
Vegbygging	<b>Stanse utbygging av store motorveier</b> Vi som fylke må ta ansvar for den rike naturen vi har her på vestlandet. Store motorvei prosjekter som ferjefri E39 hører ikke hjemme i 2021 eller noen annen gang i fremtiden. Vi kan ikke fortsette å trosse nullvekstmålet, ødelegge urørt natur, myr og nordisk regnskog. I tillegg påvirker slike veiprosjekter dyrelivet i skogrike områder drastisk.	Sikre naturmangfold er eit eige tema i planprogrammet.

<b>Sunnfjord kommune (2021-2254-50)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Jordbruk Vegtrafikk	Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis Vestlandet kan lukkast med nullutslepp i jordbruket og vegtrafikken innan 2030.	Både landbruk og trafikk er tema i planprogrammet
Skogbruk Energiforsyning Arealbruk	Planen må og omtale viktige dilemma innanfor energiforsyning vs. naturverdi, og verdien av berekraftig skogbruk og klimapositiv arealbruk.	
Landbruk	Sunnfjord kommune er oppteken av å oppretthalde og auke jordbruksproduksjonen basert på lokale ressursar. Det er såleis viktig at tiltak for å redusere utslepp frå jordbruket ikkje skal skje gjennom redusert produksjon, men gjennom betre utnytting av innmarks- og utmarksressursane, betre produksjonsmetodar og eventuelt omlegging til andre jordbruksvekstar.	
Generelt	Hovudområda og plantema i planprogrammet er i stor grad dei same som Sunnfjord kommune har i sin klimaomstillingsplan 2019-2030. Både klimatilpassing, naturmangfald, direkte og indirekte utslepp er viktige satsingsområde i vår kommune. Spanande at fylkeskommunen i tillegg set fokus på klimarettferd og folkehelse.	
Landbruk	Jordbruket står for ein liten del av dei direkte utsleppa i Vestland, men ein stor del av utsleppa i Sunnfjord kommune. Eit mål om nullutslepp i 2030 vil vere ei svært stor utfordring. I 2019 inngjekk regjeringa, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ein intensjonsavtale om å redusere klimagassutslepp og auke opptak av karbon frå jordbruket. Avtalen peikar på åtte hovudsatsingsområde som samla skal bidra å redusere utsleppa med 4-6 millionar tonn CO <sub>2</sub> -ekvivalentar i perioden 2021-2030. Klimaavtalen legg føringar for kor mykje kommunane kan forvente av kutt i jordbruket. Dei totale norske klimagassutsleppa frå jordbruket var rundt 4,5 millionar tonn CO <sub>2</sub> -ekvivalentar i 2018. Og i følgje Klimakur 2030 vil dette halde seg relativt stabilt dei neste åra. Landbruket sin klimaavtale vil utgjere rundt 10 % utsleppskutt i perioden fram til 2030, dersom ein lukkast med alle tiltaka. Dette vil vere eit relativt lite bidrag til dei samla utsleppskutta. Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis det vil vere realistisk med null utslepp i jordbruket i 2030. Det vil vere til stor nytte for landbrukskommunane på Vestlandet.	Mål om netto nullutslepp er lagt til i planprogrammet. I definisjonen vert det gjort unntak for naturlege utslepp frå landbruk. Det vert i vedtaksutkastet fokusert på å stimulere til å nå måla i klimaavtalen mellom landbruksnæringa og regjeringa.
Transport	Fylkeskommunen sin rolle som vegeigar og leverandør av kollektivtransport har stor innverknad på kva kommunen kan lukkast med av tiltak. Den regionale klimaplanen må synleggjere korleis også kommunane utanfor Bergensregionen kan lukkast med kollektivtilbod og satsing på reduserte utslepp frå vegtrafikken.	Transport er eige tema i planprogrammet, samstundes som det er inkludert i Regional transportplan.
Energiforsyning Dilemma	Sunnfjord kommune skal utarbeide ein kommuneplan som tek omsyn til måla i klimaomstillingsplanen, som tek vare på verdifull natur og samtidig sikrar ei positiv utvikling av kommunen. Dette kan by på nokre dilemma med regionale perspektiv: · Vindkraft og fornybar energi vs. verdifulle fjellområde	Dette er relevante dilemma i skjeringspunktet mellom ulike regionale

	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Verna vassdrag vs. utbygging av fornybar energi frå vatn og vind</li> <li>· Verna vassdrag vs. klimatilpassing og flaumdempende tiltak</li> </ul> <p>Det blir svært viktig at den regionale klimaplanen har ei sterk kopling med den regionale planen for fornybar energi som skal utarbeidast, og at slike dilemma blir drøfta. Den regionale vassforvaltningsplanen bør og samordnast med klimaplanen.</p>	planar og mål, og vil vere tema i den vidare prosessen.
Skogbruk Karbonbinding	Skogbruket og annan arealbruk bør få stor plass i den regionale klimaplanen. Både produksjonsareal i skogbruket og andre utmarksareal har eit stort potensial for karbonbinding. Samtidig er mykje av utmarka verdifull for naturmangfaldet. Fylkeskommunen kan bidra til ein regional klima- og arealpolitikk som både bygger opp under berekraftig skogbruk og klimapositiv arealbruk.	Karbonbinding er blitt inkludert i vedtaksutkastet.
<b>Statens Vegvesen (2021-2254-48)</b>		
<b>Tema</b>	<b>Innspel</b>	<b>Merknad/Oppfølging</b>
Generelt	Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og 2 andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivareteke i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem»	
Generelt Transport	Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.	
Generelt Samarbeid	Planprogrammet er godt gjennomarbeidd og gir gode føringar for det vidare arbeidet. Statens vegvesen stettar val av plantema og ser at vi kan bidra inn i arbeidet med fleire av desse. Vi ynskjer å delta i den vidare prosessen gjennom regional samarbeidsgruppe.	
NTP	I nyleg vedtatt Nasjonal Transportplan for 2022-2033 er eit av hovudmåla å utvikle ein transportsektor som hjelper oss å nå Noregs klima- og miljømål. Målet er at utsleppa av klimagass frå transportsektoren skal halverast innan 2030.	
Generelt Ambisjonsnivå	I tildelingsbrev til Statens vegvesen for 2021 får vi våre styringssignalar frå Samferdsledepartementet. Vi skal redusere klimagassutsleppa i tråd med ein omstilling mot eit lavutsleppssamfunn.	
Samarbeid	Statens vegvesen vil bidra i det vidare arbeidet og deltek gjerne i regional samarbeidsgruppe	

# Ettersendt høyringsinnspel

Lærdal kommune har ettersendt ein høyringsuttale etter saksutkast blei produsert ferdig, dette grunna teknisk feil ved digital utsending i kommunen. Høyringsuttalen vert tatt til orientering, men medfører inga endring i vedtaksutkast eller saksframlegg. Uttalen vert presentert som eige vedlegg då alle innkomne høyringsuttalar er relevant for det vidare arbeidet.

Innstilling frå fylkeskommunedirektøren er fargemarkert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

Ikkje tatt til følgje (Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring i planprogrammet.)	Tatt til orientering (Innspel inneheld relevant informasjon, men medfører ingen endring i planprogrammet.)	Tatt til følgje. (Endring er av mindre karakter i planprogrammet, og ikkje presentert i saksframstilling.)	Tatt til følgje. (Endring eller informasjon av betydning, som presentert i høyringsrapport og saksframstilling.)
--	---	---	---

Lærdal kommune (2021/2254-56)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Lærdal kommune er svært nøgd med at fylkeskommunen utarbeider ein sams klimaplan for heile fylket, med ambisiøse mål for dei viktigaste områda me alle må arbeida med i åra framover. Me er særst nøgde med at klimarettferd og folkehelse, samt naturmangfald er med som plantema, slik at me får ein heilskapleg plan, og at klimarisiko i brei forstand er teke med som utviklingsområde og grunnlag for det vidare arbeidet.	
Næringsutvikling	<b>Klima-, energi og miljøvennlege arbeidsplassar:</b> Dette innsatsområdet omhandlar behovet for systemutvikling som ein treng for å sikra at me reduserer klimafotavtrykka våre i både offentlig og privat verksemd, fjernar direkte utslepp og tilpassar verksemda til dei nye vilkåra i omgjevnadane som me ser vert gjeldande. Dessutan klimarettferd og folkehelse. Dette er i tråd med innspel som Vestland ungdomsutval har gjeve til dette planprogrammet, om berekraftige skular og arbeidsplassar. Det kan hende at noko av innsatsen med å systematisera dette arbeidet kan vera sams:	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inkludera alle elementa av klimarisiko (utover fysisk klimarisiko) i analyse og vurdering av framtidig aktivitet i offentlege og private verksemdar.</li> <li>• Sertifisering av verksemdar gjennom Miljøfyrtårn, ISO eller EMAS. Dessutan å utvikla praksis ut i frå resultatet som kjem av EU sitt nye lovforslag om rammeverk for berekraftig bedriftsstyring (miljø, klima, sosiale rettar og menneskerettar).</li> <li>• Fremja sirkulær tankegang i planlegging i kommunane og fylkeskommunen sjølve og i ulike typer verksemdar.</li> <li>• Klimakalkulator i landbruket.</li> <li>• Bruk av klimarekneskap og klimabudsjett i alle typer verksemd.</li> <li>• Utvikla forventningar til klima-, energi- og miljøprestasjonar i kommunane og fylkeskommunen sine eigarstrategiar for selskap dei eig eller er medeigar i.</li> </ul>	
Næringsutvikling	<p><b>Klima-, energi- og miljøvennleg kultur- og næringsverksemd:</b></p> <p>Dette innsatsområdet inneheld emner innanfor alle dei fem plantema som Vestland fylkeskommune har presentert i sitt forslag til planprogram. Emner som omhandlar systemutvikling er nemnd i kapittelet ovafor.</p>	
Kultur	<p>Kultur:</p> <p>Kulturfeltet er i ferd med å utvikla sitt eige <i>Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren</i>, og tek tak sjølve. Det er ein del klimagassutslepp knytt både transport og forbruk i kultursektoren. Det kan henda at gjennomføringa av vegkartet vil kunne medføra sams aktivitet over heile fylket.</p>	
Energi	<p>Kraftverk og nettselskap:</p> <p>Omlagging av energiforbruk og behov for styrka nettkapasitet vil verta tema mange stader. Kan hende er det behov for å sjå nærare på dette på eit overordna nivå ut i frå framtidige samfunns-omsyn.</p>	
Transport	<p>Logistikk og transport:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fossilfri kollektivtransport, der fylkeskommunen sjølv er aktør.</li> <li>2. Tilrettelegging for fossilfri tungtransport (hydrogen) og anna tilrettelegging for tungtransporten på Håbakken ved Lærdalstunellen. Dette må henga saman med nasjonale og regionale planar.</li> <li>3. Generell tilrettelegging for ulike typer fossilfri transport for framtida.</li> </ol> <p>I Lærdal kommune er over halvparten av klimagassutsleppa knytt til vegtransport. Lærdal kommune ynskjer å vera eit mest mogleg fossilfritt transportknutepunkt i Vestland, og vil gjerne ha bistand og frå Vestland fylkeskommune for å få til dette.</p>	

	<p>Det kan vera:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fossilfri kollektivtransport, der fylkeskommunen sjølv er aktør.</li> <li>• Tilrettelegging for fossilfri tungtransport (hydrogen) og anna tilrettelegging for tungtransporten på Håbakken ved Lærdalstunellen. Dette må henga saman med nasjonale og regionale planar.</li> <li>• Generell tilrettelegging for ulike typer fossilfri transport for framtida.</li> </ul>	
Reiseliv Transport	<p>Reiseliv:</p> <p>Lærdal var ein av dei fyste reiselivsdestinasjonane som vart sertifisert som berekraftig, der fleire verksemdar vart Miljøfyrtårnsertifisert. Lindstrøm hotel vart nyleg resertifisert for 3. gong. Reiselivsverksemd bidreg med transportutslepp. Me har- og held på å få fleire ladepunkt for el-bilar. Fossilfri busstransport er det me ynskjer, i samband med at me planlegg ein bussoppstillingsplass i sentrum. Tilbod om lading for ein kombinasjon av bil og båt vil og kunne vera relevant og framtidsretta. I samband med tilrettelegging for kollektivtransporten, bør det vera grunnlag for å så fossilfritt for buss i samanheng.</p>	
Landbruk	<p>Landbruk:</p> <p>Lærdal har ein del klimagassutslepp frå landbruk. Dette er ei næring der det kan vera vanskelig å nå mål om klimagassreduksjon. Det må likevel, i tilknytning til ein 0-utsleppsvisjon, og vera med. Næringa sjølv har ein klimaplan. Det vil vera nyttig om ein kunne ha eit Vestlandsfokus på slike ting som tilrettelegging for utprøving av fossilfrie landbrukskjørey og -maskiner.</p>	
Areal- og transportplanlegging	<p><b>Klima- og miljøvenleg arealbruk, bumiljø og bygg</b></p> <p>Areal- og transportplanlegging vert stadig viktigare, både for reduksjon av klimagassutslepp, bevare naturmangfald og utvikla trygge samfunn. Lærdal er med i eit prosjekt hjå SINTEF som skal utvikla enkle indikatorar for klimatilpassing. Resultata frå dette arbeidet, samt arealrekneskap og liknande kunnskap, kan gjeva sams verkty for å sjå på utviklinga på eit overordna nivå.</p>	
Naturmangfald	<p>Lærdal kommune vil utarbeida ein plan for naturmangfald og utvikla systema me har for å synleggjera verdiar av ulike naturtypar. Til dette arbeidet er det enno få system som ivaretek behovet for å sjå klimaendringar og natur i samanheng. Det finst overordna kunnskap, men få forsøk på å etablera regionale og lokale referansebanar for endringar i naturmangfald over tid, om ein ikkje gjer noko. Det er etablera profilar for å registrera endringar som faktisk skjer i ulike typar landskap.</p>	

	Tilrettelegging av overordna kunnskap om arealbruk og endringar, vil kunne vera til nytte.	
Kunnskap	<p><b>Kompetanseutvikling omkring klima, energi og miljø</b></p> <p>I planprogrammet er det skissera fleire område der fylkeskommunen vil søke å få fram meir kunnskap til arbeidet vidare. Lærdal kommune har eitt mål om å vera <i>Grøn universitetskommune</i> som tyder at me deltek som partner, pilot eller medverkar i ulike former for forskings- og utviklingsprosjekt som er relevante for oss. Me er partner i SINTEF sitt prosjekt som skal utvikla enkle indikatorar på klimatilpassing og er partner i SINTEF sin søknad til Forskningsrådet om forskings-midlar til å undersøkje samfunnsøkonomisk verdi av flaumdemping frå vasskraftregulering. Me har nokre tema som kunne vera av sams interesse vidare.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Me har registrera at tal på skadar meldt inn til forsikringsselskap og storleik på erstatningar er høgast for vindskadar hjå oss, gjennom åra. Me har registrera at det er eit forskingsinitiativ ved UIB om dette, og å knytta vinddata med erstatningsdata og opplysningar om bygg, for å kunne synleggjere kva som er følgjer på bakken av kva for vindtilhøve. Det er behov for å legge til rette meir data for kommunane på dette området. Prosjekt med praksisutvikling med tanke på vindskadar, i plassering av bygg, rehabilitering av bygg, med meir, er det behov for.</li> <li>• Forvaltningsmessig tilrettelegging av kunnskap av samangengen mellom klima og naturmangfald har me nemnd tidlegare.</li> <li>• Den breie inngangen av klimarisiko, ville vera bra å synleggjere i eit forskingsarbeid, der ein ser på korleis innbyggjarar (etter aldersgrupper, mm), organisasjonar og næringsaktørar ser på kva for klimarisiko dei ser for seg i sine liv og verksemd framover. Dessutan noko om kva dei sjølve tenkjer dei kan eller vil gera med det.</li> </ul>	
Samfunn og innbyggjar	<p><b>Klima-, energi-og miljømedvetne Lærdøler</b></p> <p>Det tilretteleggja samfunnet for at innbyggjarane lettare kan gjer klima-, energi og miljøvennlege val, vil vera ei stor oppgåve framover. I Lærdal er dette, mellom anna, knytt til fossilfri transport, nemnd ovafor, og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk. Dette er tema som er nemnd i planprogrammet, og som me reknar med at me kan samarbeida om i framtida.</p>	

Klimarisiko	<p><b>Lærdal, eit klimarobust og sikkert samfunn i eit endra klima</b></p> <p>Klimatilpassing er allereie og vert eit stadig viktigare tema i åra framover. Kommunen har mykje arbeid i gang innan flaum og skredsikring. Slik me har nemnd ovafor, ville det vore bra om me kunne vera sams om å få fram meir praktisk retta kunnskap om vindskadar og korleis planleggja eller tilretteleggja i forvaltningen i kommunane. Vidare er det, som i fyste kapitlet, viktig å setta heile omgrepet klimarisiko på dagsorden.</p>	
Generelt	<p>Lærdal kommune ser fram til konstruktivt samarbeid over år, for å nå måla for Vestland. Me er allereie klare og delvis i gang med å ta tak i utfordringane og oppgåvene.</p>	



---

Saksnr: 2021/39151-1  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	165/21	24.08.2021

**Tilskot til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen**

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 25 000 frå tilleggsløyvingsskontoen til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen.

Samandrag

Fylkeskommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr 25 000 til arbeidet med å få reist eit minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har fått førespurnad om å gje eit tilskot til å reise eit minnesmerke som takk til alle som segla i handelsflåten i krigsåra frå 1939 til 1945. Kostnadsramma er kr 800 000.

Minnesmerket skal ha teksten: «En takk til de som seilte i handelsflåten - symbolisert med navn på de 19 som fikk krigskorset.»

Minnesmerket skal ha en modell av MS Lindvard på toppen av sokkelen. Det skal plasserast hos GC Rieber, som vil opparbeide ein liten park.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet disponerer midlar på tilleggslyvingskontoen.

### Vurderingar og verknader

Grappa som arbeider med å få reist minnesmerket vert leia av Egil Jørgen Eikanger. Eikanger har vore med å reist fleire minnesmerke, m.a. over Shetlandsgjengen. Han ser det som svært viktig at vi ikkje må gløyme dei som kjempa for eit fritt Norge.

Grappa har fått tilsegn om bidrag frå shipping-miljøet, sjøforsikring og frå forsvaret, og har no i tillegg sendt førespurnader til Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

### Økonomi:

Bagatellmessig beløp for fylkeskommunen

### Klima:

Ikkje relevant

### Folkehelse:

Ikkje relevant

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren gjer framlegg om å løyve kr 25 000 frå tilleggslyvingskontoen til prosjektet.

---

Saksnr: 2021/22543-3  
Saksbehandlar: Audun Erik Gisle Sunde

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	166/21	24.08.2021

## Fråsegn til program for konsekvensutgreiing for utbygging og drift av Dugongfunnet

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune har høg merksemd på verdiskaping i fylket.
2. Dugongfunnet ligg som Gjøafeltet i nordleg Nordsjø, som er eit kjerneområde for Neptune Energy. Utbygging og drift av Gjøafeltet har vore heilt sentral for utviklinga til selskapet på norsk sokkel. Ut frå dette viser vi til handsaminga av utbyggingsplanane i 2007, der det ligg klare forventningar om forsyningsbase, helikopterbase, lager, verkstad samt organisasjonsbygging i Florø. Dette er strukturar som utbygging og drift av Dugongfunnet bør dra nytte av.
3. Vestland fylkeskommune viser til aktuelle formuleringar for KU-program i «Veiledning for plan for utbygging og drift av en petroleumsforekomst (PUD) og plan for anlegg og drift av innretninger for utnyttelse av petroleum (PAD)» frå 2018. Der står det at skal leggest til rette for positive lokale og regionale ringverknader og at planlagde drifts- og basetenester skal omtalast. Framlegg til KU-program for Dugong er vagt på dette punktet. Vi ber difor om at det blir gjort tydeleg greie for planar for forsyningsbase, helikopterbase, lager og verkstad, samt korleis selskapet sin eigen organisasjon i Florø er tenkt nytta. Vi ber om at planane skildrar både utbyggings- og driftsfasen.

## Samandrag

Dugong er eit oljefunn med assosiert gass. Funnet vart gjort av Neptune Energy Norge AS med partnerar ved boring av funnbrønn 34/4-15 S og sidesteg 34/4-15 A i utvinningsløyve (PL) 882 sommaren 2020. Dugong er lokalisert i Tampen-området, like nordvest for Snorrefeltet. Aktuelle utbyggingsløyvingar er anten undervass utbygging til eksisterande plattform, eller gjenbruk av produksjons- og lagerskipet Knarr. Program for konsekvensutgreiing er sendt på høyring. Teksten er vart i høve regionale ringverknader. Frist for fråsegn er 26. august.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør


Bård Sandal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Program for konsekvensutgreiing for utbygging og drift av Dugongfunnet er sendt på høyring til Vestland fylkeskommune (samt til ei rekkje andre instansar). Gitt at utbygginga vert godkjent og realisert, inneber dette aktivitet som det vil vere ønskjeleg å få lagt til Vestland. Funnet ligg nord-vest for Snorre (jf utsnitt av kart frå Oljedirektoratet som følgjer).



### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse etter Reglement for folkevalde organ og delegering punkt 7 på side 16.

### Om feltutbyggingsplanane

Konsekvensutgreiinga utgjer ein del av PUD (plan for utbygging og drift). Første steg i prosessen er å utarbeide forslag til program for konsekvensutgreiing. Forslaget er utarbeidd i tråd med rettleiinga frå Olje- og energidepartementet og har følgjande hovudinnhald (fulltekst ligg på

[https://www.neptuneenergy.com/sites/neptuneenergy-corp/files/operations/norway/Dugong%20programforslag\\_h%C3%B8ring.pdf](https://www.neptuneenergy.com/sites/neptuneenergy-corp/files/operations/norway/Dugong%20programforslag_h%C3%B8ring.pdf)):

- Omtale av konsekvensutgreiingsprosessen.
- Omtale av planar for utbygging og drift, deriblant alternative utbyggingsløyser og vertsfelt som er under vurdering.
- Oversikt over reservar og førebels produksjonsprofil.
- Omtale av natur- og miljøforhold i området, samt anna relevant næringsaktivitet.
- Førebels omtale av type og omfang av verknader av prosjektet i ulike fasar, med fokus på tema for vidare utgreiing og tiltak for å redusere utslepp og miljøverknader.
- Oppsummering av studiar og tema for utgreiing samt innholdsliste for konsekvensutgreiinga.

Dugong er eit oljefunn med assosiert gass. Funnet vart gjort sommaren 2020. Dugong er lokalisert i Tampenområdet, like nordvest for Snorrefeltet. Funnet er nyleg avgrensa og ein ytterlegare leitebrønn blir bora i området i andre halvdel av 2021. Feltet blir vurdert utbygd med undervassinnretningar knytte til vertsfelt i området (Snorre B eller Statfjord C). Vidare vert gjenbruk av Knarr FPSO (flytande produksjons- og lagerskip) greidd ut. Dette skipet produserer i dag på Knarrfeltet, med Shell som operatør, omlag 122 km vest for Florø. Endeleg konseptval er venta i fjerde kvartal i år.

Begge løysingar inneber éi vassinjeksjons- (med to brønningar) og éi produksjonsbrønnramme (med tre brønningar).

Plan for utbygging og drift (PUD) av funnet er planlagt levert norske myndigheiter i løpet av 2022. Neptune Energy Norge AS er operatør (og eig 45 %), mens Petrolia NOCO AS, Idemitsu Petroleum Norge AS og Concedo AS er lisenspartnarar.

Anslag på ressursar som kan vinnast ut ligg mellom 6,4 og 17,2 millionar standardkubikkmeter oljeekvivalentar. Dette svarer til omlag 40 – 108 millionar fat.

Elektrifisering er eit obligatorisk utgreiingspunkt ved nye utbyggingar, og er primært aktuelt ved frittstående løysing (her i tilfelle ein FPSO). Ved tilknytning til andre installasjonar vil ein vere avhengig av kva løysinga som finnest der. Vurdering av tiltakskostnader og tekniske utfordringar tyder så langt på at korkje heil- eller delelektrifisering frå land vil verte tilrådd. Førebelse vurderingar går i retning av lokal energiforsyning med gassturbinar (Knarr FPSO har i dag gassturbiner med lav-NOX teknologi), men delelektrifisering med offshore vindturbinar (som Hywind Tampen) vil bli utgreidd.

Særleg viktig med omsyn til aktivitet i Vestland?

I «Veiledning for plan for utbygging og drift av en petroleumforekomst (PUD) og plan for anlegg og drift av innretninger for utnyttelse av petroleum (PAD)» frå 2018 står det at myndigheitene har mål om størst mogleg verdiar for samfunnet, og at det er ønskeleg at det ved planlegginga av ei ny utbygging skal leggst til rette for positive lokale og regionale ringverknader. Når det gjeld konsekvensutgreiingsprogram, står det mellom anna at planlagde drifts- og basetenester skal omtalast.

Neptune Energy har eigarinteresser i sju produserande felt på norsk sokkel. Neptune har vore operatør på Gjøafeltet sidan oljeproduksjonen starta i 2010. Neptune Energy er også operatør for Gjøa P1 (i produksjon), samt Duva og Fenja (under utbygging). Gjøa P1 og Duva er undervassinstallasjonar knytte til Gjøaplattformar, mens Fenja er undervassinstallasjonar knytte til Njordplattformene der Equinor er operatør. Som einaste overflateinstallasjon, utgjør Gjøaplattformar ein svært viktig del av driftsgrunnlaget til Neptune Energy på norsk sokkel. Levetida på feltet er forlenga til 2040 (frå 2026 ut frå opphavlege planar).

Planane for utbygging av Gjøa, Vega og Vega sør vart inngåande drøfta i Stortinget. I St.prp. nr. 64 (2006-2007) står det at «Driftsansvaret for Gjøa vil bli lagt til GdF sin driftsorganisasjon i Stavanger. GdF sin logistikkorganisasjon vil bli lagt til Florø, med ein forsyningsbase og helikopterbase som skal fungere som basar for forsyningar, driftsinnkjøp, transport av personell og lager/verkstad i både utbyggings- og driftsfasen.» I Innst. S. nr. 278 (2006-2007) står det at «Komiteen mener at det er gode grunner til at både logistikk og teknisk del av driftsorganisasjonen bør ligge i Florø og ber operatørselskapet legge til rette for dette så langt det er mulig. På sikt bør operatøren vurdere mulighetene for at større deler av driftsorganisasjonen for Gjøafeltet kan legges til Florø.» GdF er ei forkorting for Gaz de France. Selskapet vart seinare ein del av Engie. Engie si olje- og gassverksemd er sidan seld til Neptune Energy.

I kapittel 7 i framlegg til KU-program skriv operatøren følgjande:

«I anleggsperioden, med boring og installasjon, og for en selvstendig utbygging i driftsfasen, vil det være behov for logistikktenester og avtale med en forsyningsbase vil bli inngått. Neptune Energy har etablert avtale med logistikkbase i Florø, som synes aktuell også for Dugong. For en eventuell havbunnsutbygging, vil basetenester i driftsfasen være dekket gjennom vertsfeltets avtaler.

For en selvstendig utbygging av Dugong vil driftsorganisasjonen primært søkes samordnet med Neptune Energy sin øvrige driftsvirksomhet for Gjøa, lokalisert i Stavanger-området. For en havbunnsutbygging vil produksjonen bli styrt fra vertsfeltet og tilhørende organisasjon hos vertsfeltoperatør. Daglig oppfølging og støtte i drift vil ivaretas av Neptune Energy sin driftsorganisasjon i Stavanger-området.»

Framlegg til prioritering av fråsegn

Konsekvensutgreiingar, og -program som her, omhandlar i særleg grad miljøforhold. Dette er i stor grad definert i rettleiinga for slike dokument. Høyringsinstansane er mange, og organisasjonar og faginstansar med spesifikk fagkunnskap er blant desse (jf <https://www.regjeringen.no/no/tema/energi/olje-og-gass/horingsinstanser-ved-konsekvensutredning/id683370/>). Difor verkar det forsvarleg å konsentrere fråsegna rundt samfunnsmessige verknader ut frå eit perspektiv om at dersom det blir aktivitet, så bør denne aktiviteten i størst grad kome Vestland til gode.

Gjøafeltet utgjør fundamentet for verksemda til Neptune Energy i Noreg. Deira organisasjon ligg i all hovudsak i Stavanger, men den politiske godkjenninga av Gjøaplanane la til grunn viktige funksjonar i Florø. I KU-programmet kjem det i liten grad fram om, og i tilfelle korleis, selskapet vil dra vekslar på dette i samband med utbygging og drift av Dugongfunnet. Framlegg til fråsegn utfordrar difor spesifikt dette punktet.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Tiltaket påverkar ikkje økonomien til fylkeskommunen.

**Klima:**

Saka gjeld utbygging av eit nytt oljefunn. Utslepp vil nødvendigvis følgje av utbygging og produksjon, samt av bruk av produkta. Utbygginga vil ligge nær eksisterande felt, og inneber ikkje utbygging av ny infrastruktur i nye petroleumsprovinsar.

**Folkehelse:**

På den eine sida kan ein hevde at utslepp frå ny produksjon kan verke negativt. På den andre sida vil tilgang på arbeidsplassar og skatteinntekter verke positivt.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Det er eit mål i utviklingsplanen å få ned utslepp og å gjere seg mindre avhengig av petroleumsnæringa. Men det blir også poengtert at kompetanse frå olje- og gassindustrien er eit fortrinn for skape ny grøn industri og arbeidsplassar.

Konklusjon

Dugong er eit funn i vårt kjerneområde som høgst truleg vert bygd ut i nær framtid. Vestland fylkeskommune bør i tilfelle bidra til at utbygginga medfører verdiskaping i fylket.